

**Noreg og dei polskjødiske flyktningane, 1968-1970**

**Svein-Erik Larsen**



**Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og  
religionsvitenskap – Det humanistiske fakultet**

**UNIVERSITETET I BERGEN**

**Mai 2020**

© Svein-Erik Larsen

2020

Noreg og dei polskjødiske flyktningane, 1968-1970

Svein-Erik Larsen

<http://bora.uib.no/>

## Innhald

Abstract: Norway and the Polish-Jewish Refugees, 1968-1970 .....	I
Forord .....	II
Forkortinger og beskrivingar .....	V
Kapittel: 1 Innleiing.....	1
1.1 Tema og problemstilling.....	1
1.2 Kjelder.....	4
1.3 Metodisk tilnærming og teoretisk rammeverk .....	8
1.4 Migrasjonsteori .....	9
1.5 Problematikk rundt omgrepene jøde.....	10
1.6 Antisemittisme og antisionisme .....	12
1.7 Oppbygging av oppgåva .....	13
Kapittel 2: Eit nytt innvandringsland – Utviklinga i Noreg fram mot 1970 .....	14
2.1 Norsk innvandringspolitikk og innvandring til landet 1945-1970 .....	15
2.2 Jødisk liv i Noreg 1945-1970.....	21
2.2.1 Bakgrunn.....	21
2.2.2 Jødisk innvandring .....	22
2.3 Noreg 1968-1970: Økonomi, politikk, og viktige ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar.....	26
2.3.1 Rikets tilstand .....	26
2.3.2 Politiske aktørar.....	27
2.3.3 Ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar.....	28
2.4 Oppsummering.....	29
Kapittel 3: Den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande jødiske emigrasjonen .....	30
3.1. Den polske staten og jødane etter 1945 .....	31
3.2. Den internasjonale konteksten – Sovjetunionens tilnærming til jødar og Israel 1945-1968....	35
3.3. Den antisemittiske kampanjen i Polen 1968.....	38
3.3.1 Forspelet: Polske myndigheter sine reaksjonar på sekshundreårskrigen.....	38
3.3.2 Studentprotestar og motreaksjonar.....	38
3.4. Den jødiske emigrasjonen frå Polen 1968-1970 .....	42
3.4.1. Tiltak mot jødar .....	42
3.4.2. Press på jødane til å emigrere .....	44
3.4.3. Oversikt over omfang og mål av jødisk emigrasjon .....	45
3.5 Oppsummering av årsakene til emigrasjonen frå Polen .....	49
Kapittel 4: Frå brev til brygge - Danmarks mottak av polskjødiske.....	50
flyktningar 1968-1970 .....	50
4.1. Forholdet til Polen .....	51

4.2 Dansk flyktingpolitikk .....	52
4.3 Hovudaktørane i mottakinga av polskjødiske flyktninger i Danmark .....	53
4.3.1 Initiativtakar .....	53
4.3.2 Danske myndigheter.....	54
4.3.3 Media.....	55
4.3.4 Hjelpeorganisasjonar.....	56
4.3.5 Det Jødiske miljøet i Danmark.....	57
4.3.6 Dei polskjødiske flyktingane.....	58
4.4 Mottakinga av polskjødiske flyktninger i Danmark, 1968-1970: hendingsforløp .....	58
4.4.1 Halvorsen sitt brev .....	58
4.4.2 Det blei bestemt å ta imot polske jødar .....	60
4.5. Polskjødiske flyktninger i Danmark: Tal og integrasjon.....	61
4.6 Oppsummering: Kvifor kom så mange polskjødiske flyktninger til Danmark? .....	65
Kapittel 5: Noregs reaksjonar på den polskjødiske flyktningsituasjonen 1968-1970 .....	68
5.1 Hovudaktørar .....	68
5.1.1 Regjeringa og Stortinget.....	68
5.1.2 Utanrikstenesta og ambassaden i Warszawa.....	70
5.1.3 Media.....	70
5.1.4 Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og det jødiske miljøet i Noreg.....	74
5.1.5 Ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar.....	78
5.1.6 Dei polskjødiske flyktingane .....	80
5.2 Hendingsforløp .....	82
5.2.1 Norske reaksjonar på hendingane i Polen.....	82
5.2.2 Halvorsen sitt brev .....	84
5.2.3 Det Norske Flyktningeråd engasjerer seg i saka.....	87
5.2.4 Reaksjonar på det polske varselet om utreisestans .....	89
5.2.5 Eit flyktingmottak blir planlagd .....	92
5.2.6 Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og planen om eit organisert kvotemottak.....	95
5.2.7 Eit mindre tal polskjødiske flyktninger frå leirar kjem til Noreg.....	98
5.3 Oppsummering.....	100
Kapittel 6: Avslutning .....	100
6.1 Norske reaksjonar på den antisemittiske forfølginga i Polen og følgjande jødiske emigrasjonen 1968-1970 .....	101
6.2 Forklaringer på kvifor det kom relativt få polskjødiske flyktninger til Noreg samanlikna med Danmark .....	102
6.3 Forskinsrefleksjonar .....	107

KJELDER .....	- 109 -
UTRYKTE KJELDER.....	- 109 -
TRYKTE KJELDER .....	- 111 -
LITTERATURLISTE.....	- 115 -
Biografisk informasjon.....	- 115 -
Oppslagsverk, omgrepssforklaring og statistikk .....	- 117 -
FORSKNINGSLITTERATUR.....	- 119 -
Tidsskrift.....	- 119 -
Bøker og artiklar .....	- 119 -

## **Abstract: Norway and the Polish-Jewish Refugees, 1968-1970**

In 1968, the Polish government launched an «anti-Zionist» campaign against Polish Jews that caused the emigration of about 13.000 Jews. While most emigrants went to Israel, others settled in the US and Europe. Both Sweden and Denmark received about 2500 Polish-Jewish refugees each, while only about 25 came to Norway.

This thesis explores the question of how the Norwegian government and public reacted to the antisemitic campaign in Poland 1968-1970. I argue that official Norwegian reactions to the antisemitic campaign were split between condemning antisemitism on the one hand, while trying not to hurt the diplomatic relations with Poland on the other. Since appealing to Polish authorities had no effect, Norway shifted focus towards helping the affected Jews, first in Poland, then in refugee camps in Europe.

More specifically, the thesis has examined the reasons for the fact that only a few Polish-Jewish refugees came to Norway compared to Denmark. The main reason I have found for this was that Danish authorities and their NGO-partners at decisive stages in the process were earlier than their Norwegian counterparts in their active efforts to get Polish Jews to come. I have found that Norwegian government officials in foreign affairs monitored the possibilities of a Scandinavian mutual joint response in the autumn of 1968. When in June 1969, however, Polish authorities announced that Jews would lose their opportunity to get exit visas by 1 September. Norwegian officials observed Denmark change to a policy of granting automatic visas for all Polish Jews at the embassy in Warsaw, but decided not to do the same because of the small number of applicants. They decided to give all applicants an answer before 1. September, but were not able to do so. This reaction sent a signal to Polish Jews of «open doors» to Denmark, but not to Norway. As a consequence, there emerged a big flow of Polish Jewish refugees, to Denmark in the autumn of 1969, which was increased by chain migration.

When later a Norwegian process for potentially picking out Polish-Jewish refugees from refugee camps in Italy and Austria started in December 1969, most of the Jewish Poles who fled had already found new permanent countries of settlement. Oral sources indicate that Norwegian authorities contacted The Jewish Community in Oslo (Det Mosaiske Trossamfund i Oslo) and asked whether they were positive to Norway taking Polish-Jewish quota refugees. DMT answered in the negative, and when in the spring of 1970 a certain quota of refugees from Eastern Europe came to Norway, there were only very few Polish Jews among them.

## Forord

Då eg starta dette masterprosjektet var eg svært usikker på kva eg skulle skrive om. Det viste seg å vere ein opning for å utforske eit fram til nå lite utforska tema som trefte fleire av mine interessefelt. Dette temaet var polskjødisk emigrasjon og norske reaksjonar mellom 1968 og 1970. Ein NRK-journalist, Zofia Paszkiewicz, starta omtrent samtidig som meg med eit journalistisk arbeid med cirka det same temaet som blir publisert omtrent same tid som mi masteroppgåve, men med ein litt annan innfallsvinkel og journalistiske rammer. Valet av akkurat dette spesifikke temaet blei gjort i samråd med vegleiar Professor Christhard Hoffmann som er blant dei fremste ekspertane på jødisk historie i Noreg.

Som historikarar møter me på ein del utfordringar i arbeidet vårt. Den første utfordringa er vår eigen tidsramme, eit år for dette masteroppgåveprosjektet. I tillegg kjem andre rammebetingingar som ressursar, geografi og tillate omfang på oppgåva. I denne oppgåva hadde det vore ideelt å hatt base i Oslo i staden for Bergen med tanke på kjeldeinnsamling. Som historikarar må me også forholda oss til strengare reglar enn eksempelvis journalistar til blant anna personvern og tidkrevjande søknadar relatert til det. Me har også fordelar, som eksempelvis lettare tilgang til innsyn i materiale, men også her må me tidvis gjennom tidkrevjande søknadsprosessar. Me jobbar med fortidige fenomen som gjer at kjelder kan ha forsvunne, sentrale personar vere døde og språk ha forandra seg. Kor langt tilbake i tid me arbeider spelar inn på kva i kor stor grad me møter desse utfordringane. Det er mykje tilgjengeleg arkivmateriale, men her gir klausulering grunna privatarkiv og utvida sperrefristar nokre utfordringar med behandlingstida på innsynsøknadar. Ein uføresett utfordring som var særeigen for meg og alle andre i Noreg, historikarar så vel som resten, var alle avgrensingane våren 2020 relatert til Covid 19-utbrotet. Dette førte til at eg ikkje kunne reise fleire gonger, først og fremst til Oslo, for å innhente meir kjeldemateriale. Minst ein Oslo-tur til, med besøk av Det Mosaiske Trossamfund i Oslo var planlagd. Eg føler likevel eg grunna tidleg innsamling og elektroniske moglegheiter har fått samla inn tilstrekkeleg til å ha belegg for vurderingane i oppgåva.

Trass alle desse utfordringane og avgrensingane har eg hatt kontroll på oppgåva og mange moglegheiter. Det var mitt val å spisse inn oppgåva til ei samanlikning mellom Noreg og Danmark. Eg har aktivt vald ut forskingslitteratur og tilgjengeleg kjelder for å kunne gi ein omfattande og nyansert, men samtidig klar og tydeleg analyse.

I mitt arbeid med denne oppgåva er det mange å takke. Eg vil begynne med slutten og takke min norsklærar frå vidaregåande skule, Jon Olav Tesdal, for korrekturlesing dei siste dagane før innlevering. Det Mosaiske Trossamfund i Oslos styreleiar Dr. Rolf Golombek hjelpte meg komme i kontakt med fleire personar. Ein av dei blei intervjuet. Golombek tok seg også tid til å leite etter relevant kjeldemateriale i synagogebygget kor han fann ei bok frå meinigheitsstyret frå tidsperioden i oppgåva. Då Covid 19-situasjonen sørja for at det ikkje blei mogleg for meg å besøke meinigheita tok Golombek seg tid til å ta kopiar frå boka, stifte kopiane saman i rett rekkefølge, og sende meg dei i posten. Vidare må ein takk rettast til Dag Kopperud ved Jødisk Museum i Oslo. Kopperud klargjorde to permars til meg då eg besøkte museet og leita på mine vegne etter anna materiale i museets arkiv. Fleire ikkje namngidde tilsette ved Riks- og Statsarkivet i Oslo skal ha ein stor del av æra for at kjeldesamlinga mi gjekk såpass kjapt som den gjorde. Då eg kom til arkivet for første gong fekk ein kjapp opplæring på lesesalen som gjorde at eg kom meg effektivt og raskt gjennom arkivmateriale. På sjølve arkivbygget er systematiseringa, profesjonaliteten og effektiviteten på eit nivå som er til etterfølging for alle institusjonar i Noreg, frå garderoben via kantina og arkivoppentinga til lesesalen. I tillegg til norske arkiv fortener seniorarkivar ved JDCs digitale arkiv Misha Mitsel ein stor takk for raskt svar med fleire interessante dokument, der av eit blei brukt i den endeleg utgåva av oppgåva.

Ein stor takk må rettast til dei to intervjuobjekta som utan nokon form for eigen vinning stilte opp i denne oppgåva og svara på kvart einaste spørsmål. Av personvernomsyn er dei anonymiserte. I tillegg må eg takka Halina Thee og Bent Melchior som eg har hatt lause samtalar med som ikkje er inkludert i oppgåva. Dei har gjort beskrivingar i andre intervju, samt i Melchiors tilfelle ein sjølvbiografi, som er med i oppgåva, noko dei var positive til. Ein annan samtalepartnar som må takkast er NRK-journalisten Zofia Paszkiewicz. Paszkiewicz var svært hjelpsam og gjorde meg blant anna merksam på kor lett det er å nå fram til det materiale du ønsker gjennom JDC-arkiv. Saman med Leif Arne Mendelsohn, som også fortener ein takk for sin hjelp, gjennomgjekk Paszkiewicz Mendelsohns far Oskars privatarkiv utan å finne noko. Med å informere meg om dette sparte dei begge meg mykje tid.

Paszkiewicz gjorde meg også merksam på eit potensielt intervjuobjekt som eg gjekk fleire rundar i vurderinga av om eg skulle tilnærma meg for intervju eller ikkje. Denne personen hadde ein posisjon og ei rolle som gjorde det svært relevant å intervju personen, men kombinasjonen alder og helsesituasjon gjorde totalbilete usikkert. Eg var først bestemt på å kontakte personen, men usikkerheitsmomenta gjorde meg etter kvart tvilande. Eit

telefonintervju var grunna usikkerheitsmomenta uaktuelt, og då Covid 19-situasjonen oppstod blei ideen om eit potensielt intervju skrinlagt. Leif Arne Mendelsohn bidrog også med å finne eit gamalt avisbidrag av faren som (mykje grunna at det blei publisert først på 1980-talet) ikkje blei teke med i den endelige oppgåva.

Eg har også hatt stort utbytte av både munnlege og skriftlege tilbakemeldingar frå medstudentar på materseminaret på tvers av grenser. Eg håper medstudentane har hatt tilsvarende nytte av mine (som hovudregel skriftlege) tilbakemeldingar. Trass alle desse verdifulle bidraga er personen som fortener den desidert største takken Professor Christhard Hoffmann. Som vegleiar har Hoffmann hjelpt meg tett gjennom heile prosessen frå eg var usikker på kva eg skulle skrive om til sluttfasen der det handla om å finpusse oppgåva. Hoffmann har hjelpt meg med å komme i kontakt med det eine intervjuobjektet, finne mykje av forskingslitteraturen, spisse ned kva arkivmateriale eg skulle sjå etter, samt spissing og retting av teksten min. Hoffmann har vore ekstraordinært hjelpsam med å svare på mine spørsmål, frå det altomfattande til små detaljar, med enorm hyppigheit, hovudsakleg på e-post.

*Etne, 12. mai 2020*

*Svein-Erik Larsen*

## Forkortinger og beskrivingar

**AP:** Arbeidarpartiet.

**BNP:** Bruttonasjonalprodukt

**CKŻP:** Centralny Komitet Żydów Polskich: Sentralkomiteen for polske jødar, forgjengar til TSKŻ

**DMT:** Det Mosaiske Trossamfund i Oslo

**FN:** Forente Nasjoner

**H:** Høgre

**HAIS:** Hebrew Immigrant Aid Society

**ICEM:** Intergovernmental Committee for European Migration

**IOM:** International Organization for Migration

**JDC:** American Jewish Joint Distribution Committee

**JDC-arkiv:** American Jewish Joint Distribution Committees digitale arkiv

**JMO:** Jødisk Museum i Oslo

**KRF:** Kristeleg Folkeparti

**NTB:** Norsk Telegrambyrå

**MSW:** Ministerstwo Spraw Wewnętrznych: Den polske sikkerheitstenesta

**NATO:** North Atlantic Treaty Organization

**NGO:** Non Government Organization

**NRK:** Norsk Riksringkasting

**NTB:** Norsk Telegrambyrå

**OBA:** Oslo byarkiv

**OECD:** Organization for Economic Co-operation and Development

**OEEC:** Organization for European Economic Co-operation

**ORT:** The Organization for Rehabilitation through Training

**PAP:** Polska Agencja Prasowa: Polsk nyheitsbyrå

**PPR:** Polska Partia Robotnicza: Del av den polske kommunistiske blokka ved parlamentsvalet i 1947, fusjonerte til det polske kommunistpartiet i 1948.

**PPS:** Polska Partia Socjalistyczna: Del av den polske kommunistiske blokka ved parlamentsvalet i 1947, fusjonerte til det polske kommunistpartiet i 1948.

**PSL:** Polskie Stronnictwo Ludowe: Ikkje-kommunistisk polsk parti

**PZPR:** Polska Zjednoczona Partia Robotnicza: Stifta i 1948, for enkelheits skyld kalla det polske kommunistpartiet i oppgåva

**RA:** Riksarkivet i Oslo

**SF:** Sosialistisk Folkeparti

**SP:** Senterpartiet

**TSKŻ:** Towarzystwo Społeczno-Kulturalne Żydów w Polsce: Den hovudoverlevande jødiske organisasjonen i Polen Sosial og Kulturell Assosiasjon for Jødar i Polen

**UNESCO:** United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization

**UD:** Utanriksdepartementet

**V:** Venstre

## Noreg og dei polskjødiske flyktningane, 1968-1970

### Kapittel: 1 Innleiing

#### 1.1 Tema og problemstilling

I 1968 oppstod det ein statleg kampanje mot «zionisme og «zionistane» i Polen som førte til at cirka 13 000 personar med jødisk bakgrunn emigrerte frå Polen. Kampanjen var i praksis antisemittisk sidan den var retta mot jødar. Oppblussinga av antisemittisme under fana av «antisionisme» i Polen starta allereie etter seksdagarskrigen i juni 1967. Det var likevel først etter at studentprotsetar i Warszawa blei slått ned i mars 1968 emigrasjonsbølga starta. Ein firedel av denne gruppa flytta til Israel. Resten spreidde seg utover Vest-Europa og Nord-Amerika, og busette seg der dei hadde familie eller venner. Eit par tusen valde skandinaviske land som tok imot jødiske flyktningar i 1969.<sup>1</sup> Dei skandinaviske landa det kom eit større tal polskjødiske flyktningar til var Danmark og Sverige. Utflukta som skjedde dytta organisert jødisk liv i Polen på randen av å forsvinne.<sup>2</sup> I denne oppgåva skal eg undersøke dei norske reaksjonane på den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande polskjødiske emigrasjonen. For å kunne sette desse reaksjonane i perspektiv skal eg samanlikna Noreg med andre land. Av praktiske omsyn har eg vald å samanlikna dei norske reaksjonane med eit anna skandinavisk land.

Av dei som kom til Sverige fekk 2411 visum på ambassaden i Warszawa ifølgje Det jødiske samfunnet i Sverige.<sup>3</sup> Sverige har som eit skandinavisk land mange fellestrekks med Noreg og kunne fungert godt til ei samanlikning. Eg har likevel vald vakk Sverige til fordel for Danmark. Dette blant anna grunna liknande befolkningsstorleik i 1970 (3,9 millionar i Noreg og 4,9 millionar i Danmark).<sup>4</sup> Frå 1969 til 1973 kom det ifølgje Rikke Smedegaard Pedersen minst 2 600 polskjødiske flyktningar til Danmark.<sup>5</sup> Denne polskjødiske migrasjonen til Danmark skal vere eit samanlikningsgrunnlag for dei norske reaksjonane til kampanjen og den jødiske emigrasjon som skal vere hovudfokus i oppgåva. Oskar Mendelsohn beskrev at berre mellom 15 og 20 polske jødar kom til Noreg trass at Statens Utlendingskontor inntok ei liberal haldning til søknadar frå polske jødar. I den første gruppa som kom til landet i mai

---

<sup>1</sup> Stola 2017, 180.

<sup>2</sup> Stola 2017, 179.

<sup>3</sup> Gorniok 2016, 125.

<sup>4</sup> Populationpyramid 2020.

<sup>5</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 4.

1970 var det ifølgje Mendelsohn berre henved 10 jødar.<sup>6</sup> Arkivmateriale, annan forskingslitteratur, og eit intervju eg har gjennomført viser at nokre jødar kom til Noreg frå Polen allereie i 1968 og 1969. Det kom altså nokre polske jødar til Noreg som følgje av den jødiske eksodusen etter den antisemittiske kampanjen i Polen, men ikkje eit tal av betydning samanlikna med Danmark og Sverige. Kvifor det blei slik, skal undersøkast i denne oppgåva.

Det er gjort meir forsking på det danske mottaket av jødiske flyktningar frå Polen enn på årsakene til kvifor relativt få polskjødiske flyktningar kom til Noreg. Blant dei som har omtala det danske mottaket er Rikke Smedgaard Pedersen i hennar masteroppgåve i 2005 «*Jøders flukt fra ufred i Polen til fristed i Danmark - en undersøgelse af de polsk-jødiske flygtninge 1969-73*». Garbi Schmidt tok også for seg ein del av dansk innvandringshistorie med eit lokalt fokus, blant anna mottaket av jødiske flyktningar etter eksodusen frå Polen frå 1968 i «*Nørrebros Indvandringshistorie 1885-2010*» frå 2015. Som professor i kultur- og språkmøtestudiar har Schmidt spesialisert sin forsking på innvandrarar til Vesten, særleg muslimske minoritetar.<sup>7</sup> Denne danske forskingslitteraturen gir meg eit samanlikningsgrunnlag til å analysere den manglande polskjødiske migrasjon til Noreg opp mot.

Dette temaet er eit kryssingspunkt mellom mi interesse for jødisk historie, vestleg historie i perioden frå andre verdskrigs slutt til oljekrisa i 1973, og migrasjon. Desse interessene har eg opparbeida meg i tida som student både i samanliknande politikk og historie, samt som ein generelt politisk interessert person. Temaet i denne oppgåva er interessant og relevant fordi det fyller inn ei til nå manglande brikje i norsk innvandringshistorie og jødisk historie i Noreg. Utover det historiefaglege perspektivet er temaet også relevant fordi innvandring og innvandringspolitikk spelar ei viktig politisk rolle i vår samtid. Dette gjeld både i Noreg og internasjonalt, slik det har gjort det meste av tida sidan opprettinga av moderne statar.

I mi oppgåve står forskingslitteratur som beskriv tre forskjellelege temakompleks sentralt: norsk innvandringshistorie frå andre verdskrig til 1968, hendingane i Polen frå 1968 til 1970, samt polsk jødisk emigrasjon til Danmark i same periode. Ein av dei viktigaste historieforskarane på hendingane i Polen i 1968 er polske Dariusz Stola. Stolas verk handlar om den politiske- og sosiale historia til Polen i det tjuande hundreåret, polsk-jødiske relasjonar og Holocaust, internasjonal migrasjon og kommunistregimet.<sup>8</sup> I denne oppgåva har Stolas forskingslitteratur

---

<sup>6</sup> Mendelsohn 1986, 383.

<sup>7</sup> Videnskap DK 2019.

<sup>8</sup> Academica 2019.

både gjennom eigne artiklar og bidrag i bøker spelt ei viktig rolle for å forklare kva som skjedde i Polen i samband med den store jødiske eksodusen frå 1968.

Kva gjeld jødisk historie i Noreg er Oskar Mendelsohn (1912-1993) blant dei viktigaste bidragsytarane. Mendelsohn var ein norsk skulemann, forfattar og historikar. Han blir særleg huska for sin innsats for å dokumentere jødane si historie i Noreg.<sup>9</sup> Mendelsohns tobindsverk «*Jødenes historie i Norge gjennom 300 år*», er det mest omfattande verket om norsk jødisk historie. Bind 1 om 1660-1940 kom ut i 1969, mens bind 2 som har blitt brukt i denne oppgåva kom ut i 1986 og omhandlar 1940–1985. Ein samla nyutgåve blei utgitt i 2019. Mendelsohn nemner oppgåva sitt tema, men går ikkje i djupna på kva som forklare at det ikkje kom fleire polske jødar til Noreg. Mendelsohn er ikkje den einaste som har skrive faglitteratur om norsk jødisk historie. Synne Corell tok for seg den gangen i etterkrigstida Noreg faktisk gjennomførte eit organisert større mottak av jødiske flyktningar, nemleg ifrå «Displaced Persons-leiarane» i Tyskland og Polen mellom 1946 og 1950. Det gjorde ho i 2000 i si historiemasteroppgåve «*Vårt lille plaster på krigens sår. Norges mottak av jødiske «displaced persons» og arbeidere mellom 1946 og 1950*». Dette er viktig for oppgåva mi fordi erfaringane med dette mottaket var ein viktig del av bevisstheita for norske myndigheter og det jødiske miljøet i Noreg. Kva gjeld jødisk liv i Noreg, norsk sionisme, og norske jødar sitt forhold til Israel har Vibeke Kieding Banik levert viktige bidrag. Hennar masteroppgåve «*Neste år i Jerusalem? Sionisme bland de jødene i mellomkrigstiden*» frå 2007 og doktoravhandling «*Solidaritet og tilhørighet – Norske jøders forhold til Israel 1945-1975*» frå 2009 er brukt i denne oppgåva.

Trass at dette er ei historisk oppgåve blir det også relevant å sjå på faglitteratur frå andre fagfelt. Migrasjon har i tillegg til historikarar blitt via stor interesse frå både statsvitarar og sosiologar. Derfor er det ikkje uvanleg at ein ser historikarar og sosiologar samarbeidde om migrasjonslitteratur slik historikaren Knut Kjeldstadli og sosiologen Grete Brochmann gjorde om «*Innvandringen til Norge 900-2010*». Dette verket er ein kortversjon av den omfattande «*Norsk innvandringshistorie*» i tre bind og dekker dei første tiåra etter andre verdskrig breitt. Når me skal drøfte migrasjon er det ikkje nok å berre gi att historiske befolkningsbevegelsar. Me må også ha eit teoretisk grunnlag for å kunne forstå korleis og kvifor migrasjon oppstår. Sosiolog og politisk økonom Stephen Castles, sosiologiprofessor Hein De Haas og professor i statsvitenskap og internasjonale relasjoner Mark J. Miller gir oss eit grunnleggande innblikk i

---

<sup>9</sup> Forlaget Press 2019.

migrasjonsteori i boka «*The Age of Migration: International Population Movements in the Modern World.*» fra 2014.

Forskningslitteraturen skal hjelpe meg å belyse oppgåva sitt tema. Dette temaet leiar meg til hovudproblemstillinga:

«Korleis reagerte Noreg på den antisemittiske forfølginga i Polen og den følgjande polskjødiske emigrasjonen i åra 1968-1970?» Med Noreg meinast her statleg politikk, sivilsamfunnet og offentlegheita.

I tillegg skal eg svare på underproblemstillinga: «Kva kan forklare at det kom relativt få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark?»

Problemstillingane til denne oppgåva gjelder eit spørsmål som har blitt etterspurt lenge, eksempelvis av Einhart Lorenz i ei anmelding av Norsk Innvandringshistorie (bind 3) i Historisk Tidsskrift. Lorenz skreiv:

«Hvorfor Norge, i motsetning til Sverige og Danmark, ikke tok imot polsk-jødiske flyktninger etter de antisemittiske bølgene i 1956 og 1968, forblir ubesvart. For meg hadde vært interessant å vite om dette skyldtes mer enn den geografiske avstanden.»<sup>10</sup>

Denne oppgåva handlar følgeleg om å utforske eit tema og forklare eit hendingsforløp som ikkje tidlegare har vore grundig undersøkt. Kva ein spør etter i ei problemstilling har ein avgjerande betydning for kva svar ein får. Ein mogleg innfallsvinkel til dette temaet kunne ha vore å berre spurt kvifor det ikkje kom fleire polskjødisk flyktningar til Noreg. Denne innfallsvinkelen føler eg ville blitt for snever og gitt for mykje vekt til enkeltfaktorar på individnivå som at nokre polske jødar som fekk innreisevisum til Noreg reiste til andre land. Å samanlikne systematisk med eit anna land gjer at eg kan løfte fokuset og gjere det eg oppfattar som meir interessante vurderingar. Desse vurderingane handlar om innvandringspolitikk i den større samanhengen mellom ulike land. Min interesse for makronivået gjer at eg har desse preferansane, mens ein historikar som er meir interessert i mikronivå truleg ville vald ein annan innfallsvinkel.

## 1.2 Kjelder

Sidan dette temaet ikkje er utforska tidlegare, er det nødvendig å rekonstruere hendingsforløpet nøyne. Eg har leita etter kjelder i forskjellelege arkiv. Kjelder skal i hovudsak

---

<sup>10</sup> Lorenz i Historisk Tidsskrift 2006,134. Bokmelding om Knut Kjeldstadli, Hallvard Tjelmeland og Grete Brochmanns bok "Norsk innvandringshistorie. Bd. 3 I globaliseringens tid 1940-2000" frå 2003.

bli brukt om det som skjedde i Noreg og på den norske ambassaden i Warszawa mellom 1968 og 1970. I denne oppgåva skal eg bruke ulike kjelder som avisartiklar, statlege dokument, arkivmateriale og intervju med tidsvitne.

Skildringar frå tidsvitne får ein viktig plass i denne oppgåva. To av dei av oppgåva sine tidsvitne har eg samla inn skildringar frå gjennom intervju. Eit av intervjuobjekta er ein person som var blant dei få som kom til Noreg som polskjødisk flyktning i 1969. Dette intervjuobjektet vil bli omtala som «Informant 1» i teksten. Den andre eg har intervju er ein person som var aktiv i det jødiske miljøet i Noreg i oppgåva sitt aktuelle tidsrom. Denne personen deltok og var leiar i fleire jødiske ungdomsklubbar, ein av dei veldig profilert, og vil bli omtala som «Informant 2». I tillegg til mine eigne intervju har eg også beskrivingar frå opplevinga til den kjente fredsforskaren Marek Thee og hans familie som kom til Noreg i 1968. Korleis han enda i Noreg er beskrive av Marta Bivand Erdal i eit portrettet frå 2019. Dette portrettet består blant anna av eit svært detaljert intervju med hans dotter Halina Thee som er eit samtidsvitne.

Eg har hatt ein samtale med Halina Thee sjølv, men innhaldet i den blir ikkje teke med i oppgåva. Dette skyldast at mine intervjugravingar frå UIBs personvernombod berre tillèt anonymisert bruk av intervjuobjekta, uavhengig av om intervjuobjekt samtykker til bruk av opent namn. Av omsyn til tidsbruken søkte eg berre om avgrensa tillatingar som gjorde at eg slepte å gå gjennom ein NSD-prosess. Slik var eg sikker på å få intervjugravingar på plass innan tida eg har for å ferdigstille masteroppgåva. Den avkorta prosedyren eg valde inneberer at eg ikkje kan namngi tidsvitna eg har intervjuia, og bruker derfor «Informant 1» og «-2» i omtalen av dei. Thee kan ikkje både omtala med namn frå den opne teksten og anonymt frå eit intervju i same tekst. Ho og farens relevans i form av kven dei er gjer det best å bruke den opne omtalen. Anonymitettskravet skapar også visse utfordringar for bruken av intervjuet med Informant 2. Informant 2 var leiar for ein spesifikk jødisk ungdomsorganisasjon blant fleire, men for at personen skal kunne gis meiningsfull anonymitet kan ikkje organisasjonen namngiast. Posisjonen til informant 2 i det jødiske miljøet i Noreg gjer personens skildringar som tidsvitne svært sentrale og relevante.

Blant min mest sentrale kjeldeinnsamling i denne oppgåva har vore dei to intervjuia som har gitt meg viktige munnlege kjelder. Intervju fører med seg både utfordringar og moglegheiter. Uavhengig av intervjuform må ein vurdere dei munnlege kjeldene utifrå same kriterium som skriftlege kjelder. Når det gjeld minnemateriale kjem det inn nokre tillegg til den alminnelege kjeldekritikken. I boka «*Å gripe fortida – Innføring i historisk forståing og metode*» lista Astrid

Andresen, Sissel Rosland, Teemu Ryymin og Svein Atle Skålevåg opp tre slike tillegg; minnet kan vere skrøpeleg, munnlege kjelder er ikkje berre retrospektive, kan strekkje seg over eit heilt liv, og uavhengig av om intervjuet er styrt eller fritt føresett det det kommunikasjon mellom ein som spør, og ein som svarar (ikkje legg orda i munnen på intervjuobjektet).<sup>11</sup> I mine intervju starta eg med å gi informasjonsskriv til intervjuobjekta og få dei til å signere samtykke. Eg laga ein intervjuguide som blei følgd med unntak av oppfølgingsspørsmål. Manglande tillating til å bruke bandopptakar skapte utfordringar i form av å gjere framgangen i intervjuet treigare. At hendingane ligg over 50 år i fortida gjer det ekstra viktig at eg har ein kritisk tilnærming og vurderer intervjuopplysningane opp mot forskingslitteratur og anna kjeldemateriale.

Dei fleste toppolitikarar frå regjering og Storting mellom 1968 og 1970 er døydde i dag, så arkivmateriale frå statlege institusjonar blir det mest sentrale frå- og om dei og deira handlingar. Det same gjeld dei meir ukjende byråkratane i UD og på ambassaden i Warszawa. UDs arkivmateriale har vore mykje bruk i denne oppgåva. Fleire av UDs arkivmapper har hatt hol, som at nemnde vedlegg og brev som har mangla.

Frå det jødiske miljøet i Danmark har eg brukt overrabbinar Bent Melchiors sjølvbiografi «*Så vælg da livet*» frå 1997 der han blant anna beskriv møte med flyktningane i Danmark. Eg har også brukt eit VG-intervju han gjorde på eit Oslo-besøk i 1970 der han beskrev jødisk liv i Noreg og skandinavisk jødisk samarbeid. Eg har i prosessen utveksla nokre e-postar med Melchior. Sidan dei ikkje var ein del av ein formell intervuprosess, og ikkje gav grunnlag for å starte ein, blir ikkje innhaldet teke med i denne oppgåva. Av praktiske (geografi, og ressursar) og faglege (det finst dekkande forskingslitteratur) har eg ikkje drive kjeldeinnsamling i Danmark, men prioritert den norske kjeldeinnsamlinga. Derfor er omtalen av den polskjødiske emigrasjonen til Danmark i hovudsak basert på litteratur, først og fremst frå Smedegaard Pedersen. Grunna nær skandinavisk kommunikasjon var det likevel interessante funn relatert til emigrasjon til Danmark i norske arkiv.

Eg har omfattande arkivmateriale frå Det Mosaiske Trossamfund i Oslo, blant anna gjennom meinigheita sine korrespondansebrev i den aktuelle perioden som er oppbevart på Jødisk Museum i Oslo. Kjeldematerialet mitt burde inneheldt meinigheita sine styreprotokollar frå 1968, 1969 og 1970, men desse fanst ikkje ved Jødisk Museum i Oslo, som berre har styreprotokollar fram til 1964 (samt nokre frå 1980-talet). Ved hjelp av to personar i

---

<sup>11</sup> Andresen m.fl. 2015, 85.

meinigheita fekk eg tilgang til ei slags protokollbok frå meinigheita sitt styre med møteoversikter og handskrivne referat, som tillèt å rekonstruere meinigheitsstyret sitt vedtak. Grunna Covid 19-situasjonen fekk eg ikkje sett sjølve boka sjølv. Eg fekk likevel tilgang til relevant materiale i den grunn tilsende kopiar frå desse tre åra av meinigheita sin nåverande styreleiar, samfunnsøkonomen Dr. Rolf Golombek, som gjennomgjekk boka. Tala på sakslistene i kopiane tyder på at alt frå desse delane av boka er intakt.

I dette prosjektet har eg ein stor fordel kontra tidlegare historikarar, nemleg internett. Andresen og medforfattarane meiner internett på kort tid har endra forholdet til historisk materiale. Nesten på same måte som me kan snakke om samlingar i riksarkiv, statsarkiv og bibliotek, kan me nå også snakke om virtuelle samlingar. Mange av dei er tilrettelagde og publiserte av vanlege arkivinstitusjonar, eksempelvis Riksarkivet, som gjerne vil gjere materialet sitt betre kjent og lettare tilgjengeleg. Elektroniske samlingar gir enkel tilgang til arkivregister og kjelder i fjerntliggende arkiv, og tilgang til materiale som vanlegvis ikkje blir utlevert fordi det er både sjeldan og skrøpeleg. Nokre samlingar har ytterlegare ein fordel i at dei er elektronisk søkbare. Andresen og medforfattarane poengterer at eit viktig problem med internettpublikasjonar er at det ikkje alltid er klart kva kriterium som er nytta for å legge ut akkurat *dette* materialet, og at den *samanhengen* som kjeldene står ikkje nødvendigvis er gjort greie for. Denne problematikken er ikkje så stor i dei digitale arkiva eg har brukt i denne oppgåva (Stortinget og Nasjonalbiblioteket) fordi eg har gått etter veldig spesifikke tema og, i den store samanhengen, korte tidsrom. Stortinget har ei heimeside som inneheld svært mykje materiale, både aktuelt og historisk. Det same har regjeringa. Der kan me blant anna finne stortingsproposisjonar og offentlege utgreiingar.<sup>12</sup>

Frå Nasjonalbiblioteket sitt digitale arkiv har eg enkelt fått tak i ei viktig kjeldegruppe, nemleg avisar. Aviser gir eit bilet på kor mykje informasjon offentlegheita samt sentrale aktørar fekk om eit emne, kva informasjon dei fekk, når dei fekk den, og kor sentral del den var av innformasjonsinntaket (hovudsak eller overskygga andre saker. Søkjemotoren til Nasjonalbiblioteket sitt digitale arkiv gjer at ein kan gjere kvantitative vurderingar med å søkje på eit nøkkelord og justere rammer som tidspunkt og avisar. Slik kan ein sjå blant anna kor mykje som blei skrive om eit emne og om det var nokre skilnadar mellom ulike avisar. Arkivet gir også moglegheita til kvalitative tilnærmingar der ein leser ein del av avisene og slik får eit innsyn i den konkrete dekninga av emnet. I denne oppgåva har eg berre i eit avsnitt

---

<sup>12</sup> Andresen m.fl. 2015, 57-58.

brukt den kvantitative tilnærminga og i hovudsak fokuser kvalitativt for å sjå kva den norske offentlegheita visste om hendingane i Polen på gitte tidspunkt.

### 1.3 Metodisk tilnærming og teoretisk rammeverk

I denne oppgåva skal eg samanlikne Noreg og Danmark og derfor bruke komparativ metode. Andresen og medfattarane trakk fram John Stuart Mills (1836-1873) omgrep «method of difference» (forskjellsmetoden) og «methods of similarities» (samsvars metoden) som eksempel på korleis ei systematisk samanlikning ofte blir bygd opp. Sidan eg i denne oppgåva skal forklara forskjellar (mange polskjødiske flyktningar til Danmark og få til Noreg) er det forskjells metoden som blir aktuell. Eg skal jakte på likskapar og forskjellar for å sjå om eg kan finne ein avgjerande forskjell, eller eventuelt eit sett av forskjellar som kan forklare dei ulike utfalla.<sup>13</sup>

Sidan problemstillinga mi etterspør forklaringar må eg sjå nærmare på kva ulike historiske forklaringar er og kva som skil dei. Andresen og medfattarane omtala at det er sentralt for historikarar å forklare, det vil sei gjere greie for *kvifor*.<sup>14</sup> Dei delte inn i tre ulike forklaringstypar, nemleg årsaksforklaringar, intensjonale forklaringar, og funksjonelle forklaringar. Eg gir her igjen eit utdrag av deira beskrivingar av desse typane for å ha eit slikt teoretisk rammeverk å forholda meg til i oppgåva.

Årsaksforklaringar går ut på å forklara fenomen historisk med å søkje å identifisere årsaka til fenomenet. Det logiske forholdet mellom ei årsak (A) og ein verknad kan enkelt presenterast slik: 1) Dersom A skjer, så følgjer (alltid eller som regel) B. 2) A skjer. 3) Derfor følgjer B. A er årsaka til B.<sup>15</sup> Årsaksforklaringar er det mest sentrale i oppgåva mi sidan underproblemstillinga mi søker årsaker til at det ikkje kom eit større tal polskjødiske flyktningar til Noreg etter den jødiske eksodusen frå Polen frå 1968, i motsetnad til Danmark. Formuleringa «kva kan forklare» i underproblemstillinga fører til dette. Intensjonale- og funksjonelle forklaringar er i denne oppgåva først og fremst hjelpe middel til å forstå årsakene som står i sentrum her. Likevel er det også nødvendig å sjå på desse forklaringstypane for å få ei auka forståing av kva som skjedde, og *kvifor*.

Intensjonale forklaringar søker å gjere menneskelege handlingar forståelege ved å vise til dei motiva ein aktør har for å handle på bestemte måtar. Forma på intensjonale forklaringar kan enkelt bli presentert slik: 1) Dersom intensjon A så handling B. 2) Intensjon A var til stades.

---

<sup>13</sup> Andresen m.fl 2015, 137.

<sup>14</sup> Andresen m.fl 2015, 137.

<sup>15</sup> Andresen m.fl 2015, 142-143.

3) Derfor handling B.<sup>16</sup> Det må presiserast at dette avheng av kva handlingsrom aktørane har. Intensjonale forklaringar bør derfor som hovudregel alltid kontekstualisera. Det skal ikkje gjerast nokre moralske vurderingar av aktørane sine val og handlingar i denne oppgåva, noko som reduserer viktigeita av intensjonale forklaringar. Dei er likevel nødvendige når eg skal forstå kva som skjer og kvifor. Funksjonelle forklaringa blir ofte brukt for å forstå varige handlingsmønster, det vil sei handlingar som stadig blir gjentaka over tid. Slike forklaringar går ut på å gjere eit fenomen forståeleg ved å sette det i samanheng med eit større system eller ein struktur. Dei baserer seg på ein grunnleggande hypotese om at noko hender eller eksisterer fordi eit system eller ein struktur har behov for at det hender. I historiefaget er funksjonelle forklaringar helst knytt til forsøk på å forklare eksistensen av historiske fenomen gjennom å vise kva for gunstig konsekvens eller verknad fenomenet har i relasjon til eit system; på satt og vis er denne gunstige funksjonen som framkallar og forklarar fenomenet.<sup>17</sup> Funksjonelle forklaringar er i denne oppgåva først og fremst viktig for forståing av kontekstar. Kvifor eksempelvis strukturane var som dei var skal ikkje gåast i djupna på.

#### 1.4 Migrasjonsteori

For å kunne sei noko om den jødiske emigrasjonen frå Polen frå 1968 må me ha ein teoretisk basisforståing av migrasjon. Begrepet migrant kan ifølgje UNESCO forståast som: «kvar person som bur midlertidig eller permanent i eit land som han eller ho ikkje vart fødd i, og har tileigna seg sosiale band til dette landet».<sup>18</sup> UNESCO anerkjenner at deira definisjon kan bli for snever sidan nokon statar sin politikk kan definere ein person som migrant sjølv om han er fødd i landet.<sup>19</sup> Ein migrant vil vere ein immigrant (innvandrar) i det landet han flyttar til, og ein emigrant (utvandrar) i det landet han flyttar frå. Dei finst ulike typar migrasjon. Den aktuelle migrantkategorien i denne oppgåva er flyktning. Ein flyktning blei definert av Genèvekonvensjonen i 1951 som:

«someone who is unable or unwilling to return to their country of origin owing to a well-founded fear of being persecuted for reasons of race, religion, nationality, membership of a particular social group, or political opinion.»<sup>20</sup>

Det er gjort ulike teoretiske forsøk på å forklare migrasjon, deriblant dei funksjonalistiske push-pull modellane som går ut på at migranten forlét heimlandet på grunna negative (push)

---

<sup>16</sup> Andresen m.fl 2015, 145.

<sup>17</sup> Andresen m.fl 2015, 148.

<sup>18</sup> UNESCO 2019.

<sup>19</sup> UNESCO 2019.

<sup>20</sup> UNHCR 2020.

faktorar der og migrerer til sin migrasjonsdestinasjon på grunna positive (pull) faktorar der. Stephen Castles, Hein De Haas og Mark J. Miller tok for seg desse modellane i 2014 i boka «*The Age of Migration: International Population Movements in the Modern World.*». Push-pull modellar framhevar økonomiske, miljømessige og demografiske faktorar som antekne å dytte folk ut av deira opprinnelige heimstad, og trekke dei til migrasjonsdestinasjonen.<sup>21</sup> Dei relevante push-faktorane i denne oppgåva er faktorane som fekk polske jødar til å forlate Polen. Dei aktuelle pull-faktorane vil vere dei faktorane som fekk dei til å velje destinasjonsland, eksempelvis Danmark. Ein sentral del av oppgåva vil vere utforske om det fanst pull-faktorar som eksisterte i Danmark, men ikkje i Noreg. Faktorane kan vere på forskjellige nivå. Castles og medforfattarane forklarte at kvar migrasjonsbevegelse kan bli sett på som eit resultat av samhandlande makro- og mikrostrukturar. Makrostrukturar er storskala institusjonelle faktorar som den politiske økonomien til verdsmarknaden, forhold mellom statar, og statlege forsøk frå sendande- og mottakande land til å kontrollere migrasjon. Mikrostrukturar omfamar praksisane, familiebanda, og migrantanes eigen tru (individnivå). Desse to nivå er linka saman av fleire mellomliggende mekanismar kalla mesostrukturar. Mesostrukturar er eksempelvis migrasjonsnettverk, innvandrarfellesskap, og bedriftsselskap som driv tilrettelegging for migrantar og «migrasjonsindustrien».<sup>22</sup>

### 1.5 Problematikk rundt omgrepet jøde

Når ein snakkar om den jødiske eksodusen frå Polen frå 1968 kjem ein over problematikken rundt kva som skal til for å bli definert som ein jøde. «Jøde» og «jødisk» er ifølgje Synne Corell ikkje sjølvforklarande eller uproblematiske omgrep. Ho beskrev at så lenge jødane levde i eit lukka sosialt og religiøst fellesskap var avgrensinga enkel. Den såkalla emansipasjonsprosessen frå og med slutten av 1700-talet førte dei vesteuropeiske jødane ut av gettoane og etter kvart blei rettsleg sidestilt med andre samfunnsgrupper. Corell beskrev vidare at den moderne antisemittismen frå siste halvdel av 1800-talet gjorde at sekulariserte og konverterte jødar blei konfrontert med sitt jødiske opphav. Den tradisjonell jødiske definisjonen er at ein er jøde dersom ein er fødd av jødisk mor eller har konvertert til jødedomen, eksempelvis i samband med ekteskap. Corell fremja eit tilleggsspørsmål om ein må praktisere den jødiske religionen som jøde, og om ein skal skilje mellom truande jødar og jødar som har konvertert til andre trusretningar. Ein vidare ikkje-religiøs definisjon Corell trakk fram vil sei at det kan finast ein eigen jødisk etnisitet – basert på blant anna tradisjonar,

---

<sup>21</sup> Castles mfl. 2016, 28.

<sup>22</sup> Castles mfl. 2016, 28.

identifikasjon med andre, språklege særtrekk, religion – som ein person kan dele utan å rekna seg som truande. Corell meinte etnisk tilhøyring som oftast er basert på både faktiske og fiktive forhold, og dei forholda som tilleggas meinings – enten innan ei gruppe eller av omverda – vil vere avgjerande for gruppa si avgrensing.<sup>23</sup> I denne oppgåva er ikkje alle dei generelle beskrivingane like viktige. Dette fordi det relevante her er at det var dei som blei sett på som jødar av det polske leiarskapet som blei utsette for kampanjen.

Omgrepet jøde kan forenklast ein del når det gjeld dei polske jødane som forlét Polen etter hendingane i 1968. Jakob Hurrel delte dei polskjødiske flyktingane frå 1968 i to grupper. Den første gruppa beskrev Hurrel som den «jødisk-jødiske»-gruppa. Denne gruppa hadde prøvd å byggje opp eit jødisk miljø i Polen som det før andre verdskrig. I nokre polske byar hadde dei etablert jødiske skular med Yiddish som undervisningsspråk. Den andre gruppa kalla Hurrel den «assimilerte gruppa». Denne gruppa bestod av menneske frå assimilerte kommunistiske-, eller i det minste politisk venstreorienterte familiær som ofte var knytt til kommunistparti- eller statsapparatet. Barna til desse familiene vaks opp utan særleg kjennskap til deira jødiske opphav. Hurrel beskrev at kommunistiske jødar var motvillige til å identifisere seg sjølv som jødar og oppfordra barna sine til å bli patriotiske polske kommunistar.<sup>24</sup>

Marcin Starnawski omtala dei polske jødane si identitet og sin artikkel «*Historically conscious cosmopolitans: Jewish identity and the '68 generation of polish Jews in exile*» frå 2002. Frå perspektivet av individua jødiske identitet var antisemittismen i 1968 av stor betydning: for mange av den yngre generasjonen gjekk oppdaginga av antisemittisme føre seg samtidig med oppdaginga av jødisk identitet. For dei som blei beskrive som «arvingar» av sionistiske-nasjonalistiske ideologiar påverka dette stigmaet ikkje berre dei oppfatning av politisk og sosial verkelegheit. Det fekk også mange av dei til å tenka over deira plass i det polske samfunnet og deira kopling til jødiskheit på ny. Våren 1968 blei forskjellar i etnisk opphav som tidlegare var uviktig meiningsfullt. Under press oppdaga folk deira jødiske slektskap eller avlsøyrd kva dei hit til hadde haldt hemeleg. «Ein jøde» blei konstruert av både politisk propaganda og samfunnets kjensle av kven som var meint til å vere ein jøde.<sup>25</sup>

I 1968 bleiorda «sionisme» og «sionist» ifølgje Stola ikkje brukt til å referere til ein spesifikk variant av jødisk nasjonalisme eller formkjemperar for dette, men blei brukt som substitutt for

---

<sup>23</sup> Corell 2000, 6.

<sup>24</sup> Hurrel 2019, 2-3.

<sup>25</sup> Starnawski 2002, 5-6.

«jødar» og «jødiske». Dette inkluderte tilfelle der personen som blei referert til som sionist ikkje var jødisk i det heile teke. Dette meinte Stola var ein del av det særeigne språket til det polske kommunistregimet.<sup>26</sup>

I denne oppgåva skal eg hovudsakleg halde meg til dei som grunna eit jødisk opphav blei utsette for antisonistkampanjen i min bruk av orda «jøde» og «jødisk» uavhengig av deira religiøsitet. Dette gjer at eg i denne samanhengen lett antisemittar styre min definisjon sidan dette i praksis var ein antisemittisk kampanje. Eg anerkjenner at dette er høgst problematisk sidan definisjonane her ikkje blir leia av dei aktuelle personane sin sjølvidentifikasjon, men av dei som trakkerte dei. Dette er ikkje definisjonar eg ville brukt i daglegtale eller andre samanhengar, der eg tvert om berre ville basert min definisjon på personar sin sjølvdefinisjon. Det er oppgåva sitt tema som gjer at kjennest mest naturleg å bruke ein slik definisjon i denne oppgåva sidan den omhandlar dei som blei utsette for kampanjen og derfor emigrerte. Dette er nødvendig for forståing i denne oppgåva der jødane er aktuelle som offer for antisemittisme.

### 1.6 Antisemittisme og antisionisme

Spørsmålet om definisjon av jøde skapar visse kontroversar, men langt meir blir skapt om temaet antisemittisme. I dag er omgrepet antisemittisme i daglegtale brukt laust om alle slags formar for hat mot jødar. Hat mot jødedomen og jødar har eksistert nesten like lenge som jødedomen og spreidde seg over heile verda. Dette hatet har mange manifestert seg i valdelege angrep, blant desse er nazistane sitt drap av seks millionar jødar under Holocaust det mest allment kjente. Historikaren Kjetil Braut Simonsen som er forskar på Jødisk Museum i Oslo beskrev at ordet «antisemittisme» vanlegvis brukast som beteikning på fiendtlege haldningar og handlingar retta mot jødar fordi dei er jødar. Innanfor forskinga blir omgrepene i dag brukt på litt ulike måtar. Enkelte forskrarar brukar det inkluderande, altså om alle formar for fiendskap mot jødar frå antikken til vår samtid. Andre brukar omgrepene meir spesifikt om den moderne, raseideologiske fiendskapen mot jødar som vaks fram på 1800-talet.<sup>27</sup> James Wald beskrev at antisemittisme historisk har tendert til å fokusere på den mest prominente manifestasjonen av jødedom i ein gitt æra: originalt, religion; i moderne tider, rase; og i dag, jødisk nasjonalitet i form av sionisme og Israel. Som resultat har i aukande grad relasjonen mellom anti-Israel diskurs og antisemittisme blitt omstridd. Sentralt for den saka er debatten om ikkje berre definisjonen, men sjølv eksistensen av den såkalla nyantisemittismen.

Antropologar uttrykkjer at slike overgangsrite områder – i dette tilfellet mellom grensene for

<sup>26</sup> Stola i Blobaum 2005, 284-285.

<sup>27</sup> Braut Simonsen 2019.

legitim og illegitim kritikk, akademisk og populær debatt, og uskyldig og lumsk bruk av bilete – er farleg territorium.<sup>28</sup>

I dag sjølvidentifiserer så og sei ingen som ønsker å bli teke seriøst i det offentlege ordskiftet som antisemittar. Jeffrey Herf beskrev at etter Holocaust starta antisemittisme ein gradvis nedgang og tap av respektabelheit i Vest-Europa og USA. Kommunistregjeringar i (hovudsakleg Aust-)Europa hevda å gjennomgå liknande skifter. Herf meinte likevel «anitkosmopolittane»- og antisionistiske kampanjar i perioden frå 1950-talet til slutten på den kalde krigen i desse landa gav nytt liv til antisemittiske stereotypar.<sup>29</sup> Blant desse antisionistiske kampanjane var oppgåva si aktuelle i kampanje i Polen. Det bringer oss til spørsmålet om kva antisionisme er. Sionisme så vel som antisemittisme eksisterte før staten Israel blei oppretta i 1948, men i denne oppgåva skal eg fokusere på antisionismen etter dette. Herf definerte antisionisme som avvisinga av legitimiteten til den jødiske staten i seg sjølv.<sup>30</sup> Shulamit Volkov presiserte at det også finnes mange jødiske antisionistar.<sup>31</sup> Historikaren Åsmund Borgen Gjerde beskrev at den enkleste definisjonen av antisionisme er at det beteiknar motstand mot sionisme, ideen om at jødar er eller bør bli ein eigen nasjon. Omgrepets bruk er komplisert og kjem i fleire formar. Blant desse framheva Borgen den sovjetiske og austblokk-kommunistiske antisionisme. Denne antisionismens hovudinnhald var skyldingar om at spesifikke jødiske individ deltok i sionistiske konspirasjonar mot Sovjetunionen og kommunismen, slik jødar vart under den polske kampanjen. Borgen Gjerde omtala forskingskonsensus rundt at denne forma for antisionisme er antisemittisk.<sup>32</sup>

### 1.7 Oppbygging av oppgåva

For å kunne svara på oppgåva si problemstilling trengs det ein god strukturering av oppgåva. Eg har derfor vald å belyse den norske bakgrunnen først. I kapittel 2 vil eg følgeleg ta for meg innvandringspolitikken og innvandringa til Noreg frå 1945 til 1970, jødisk liv og innvandring i Noreg same tid, og situasjonen i Noreg i då den polske kampanjen inntreffi. Eg vil særleg rette fokus mot mottaket av jødiske «displaced-persons» på slutten av 1940-talet. Situasjonsomtalen vil inkludere Noregs generelle tilstand, viktige politiske aktørar i perioden, og hjelpeorganisasjonar som arbeida for flyktningar. Slik vil eg gi eit bilet av kva for nokre føresetnadar Noreg møtte den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande jødiske

<sup>28</sup> Wald i Rosenfeld 2019, 3.

<sup>29</sup> Herf 2007, x.

<sup>30</sup> Herf 2007, x.

<sup>31</sup> Volkov i Herf 2007, 41.

<sup>32</sup> Borgen Gjerde 2018.

emigrasjonen med. Etter dette vil eg i kapittel 3 ta for meg den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande jødiske emigrasjonen mellom 1968 og 1970. Eg vil belyse kva føresetnadar som låg til grunn for kampanjen, kva som utløyste den, korleis den blei gjennomført, og kva den førte til for polske jødar. Med dette ønsker å skape eit bilet av korleis kampanjen blei opplevd av dei råka jødane og eksterne som observerte, blant anna norske og danske aktørar.

I kapittel 4 skal eg ta for meg det danske mottaket av polskjødiske flyktningar. Her skal det skapast eit bilet for samanlikningsgrunnlag med Noreg. Eg skal utvikle eit analyseskjema med nøkkelaktørar og hendingsforløp for å gjere denne samanlikninga mogleg. Eg skal utforske kven som var dei viktige aktørane som bidrog til at det kom eit stort tal polskjødiske flyktningar til Danmark. Vidare skal eg presentere det relevante hendingsforløpet frå første initiativ til dei polske jødane landa i Danmark. Dette kapittelet skal gi meg eit grunnlag for å analysere tilsvarande aktørar og reaksjonar på nøkkeltidspunkt i Noreg opp mot dei danske i Kapittel 5 som skal vere oppgåva sitt største og viktigaste. Her skal eg med hjelp av samanlikningsgrunnlaget frå Danmark og kjeldefunn belyse dei norske reaksjonane på kampanjen i Polen og særleg overfor dei polskjødiske flyktningane. Kapittelet skal følgje same struktur som kapittel 4, men vere meir omfattande. Kapittel 6 skal vere ein konklusjonsdel der eg returnerer til problemstillingane og formulerer samlande svar.

## Kapittel 2: Eit nytt innvandringsland – Utviklinga i Noreg fram mot 1970

Når me skal studere den norske mottakinga av polskjødiske flyktningar mellom 1968 og 1970, etter den antisemittiske kampanjen frå 1968 treng me bakgrunnsinformasjon. Historisk kontekst er viktig for å skjønne føresetnadane aktørane opererte med. Den mest sentrale bakrunnen me må kjenne til, er åra frå andre verdskrigs slutt i 1945 til oppgåva sin tidsperiode på relevante område. Blant dei relevante områda eg skal ta for meg i dette kapittelet er norsk innvandring og innvandringspolitikk. Vidare skal eg ta for meg jødisk liv i Noreg, særleg jødisk innvandring og etablerte jødar sine reaksjonar på den. Før oppsummeringa skal eg sjå på den generelle situasjonen i Noreg då den antisemittiske polske kampanjen inntreff. Kva gjeld norsk innvandring etter 1945 er Brochmann og Kjeldstads bok eit sentral verk som eg skal ta utgangspunkt i her. For det jødiske livet i Noreg etter 1945 skal eg framheve Mendelsohn forsking, mens Corells masteroppgåve skal hjelpe meg å framheva mottaket av jødiske «displaced persons» slutten av 1940-talet. Delen om situasjonen

i Noreg då den antisemittiske kampanjen inntreff, vil innehalde både diverse statistikk og forskingslitteratur.

## 2.1 Norsk innvandringspolitikk og innvandring til landet 1945-1970

Det var ein ekstraordinær internasjonal flyktningsituasjon etter andre verdskrig. Dette gjaldt også i Noreg. Då krigen var slutt opphaldt det seg 43 000 norske flyktningar i Sverige.<sup>33</sup> Dette gav norske myndigheiter store utfordringar då krigen var slutt, og flyktningane returnerte til eit land råka av store øydeleggingar. Andre krigsråka land møtte liknande utfordringar.

Flyktningsituasjonen var blant dei første utfordingane FN måtte tak i etter grunnlegginga hausten 1945. Dette var ein viktig del av verkelegheita verda gjekk inn i etterkrigstida med. Norsk innvandringspolitikk dei første tiåra etter krigen eksisterte i ein internasjonal kontekst. Denne var prega av den kalde krigen, der Noreg var på den vestlege sida leia av USA. Den militære delen av dette samarbeidet blei gjort formelt då Noreg blei eit av medlemslanda under grunnlegginga av NATO i 1949. Dette prega norsk etterkrigsinnvandringspolitikk. Noregs flyktningpolitikk var ein del av denne meir omfattande innvandringspolitikken.

Brochmann og Kjeldstadli forklarte korleis USA ønskte å få i gang verdshandelen etter andre verdskrig. USAs viktigaste verktøy for å gjere dette var Marshallplanen (1948-1951), administrert gjennom organisasjonen OEEC (Organisasjonen for europeisk samarbeid), seinare OECD (Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling). Eit vilkår for å få den økonomiske bistanden Marshallplanen tilbode var at mottakarlanda opna sine grenser for varer og arbeidskraft. Ingen samarbeidsland skulle kunne stenge ute arbeidskraft frå andre OECD-land, dersom denne ikkje kunne skaffast innanlands. Vedtaket var også bindande for Noreg.<sup>34</sup>

Det nye økonomiske systemet bidrog til sterk vekst (den vestlege økonomien hadde fem prosent gjennomsnittleg årleg vekstrate mellom 1950 og 1973). Denne veksten skapte ein kontinuerleg etterspørsel etter arbeidskraft.<sup>35</sup> Denne veksten også gjaldt andre land, eksempelvis Danmark, som tok same tilnærming til NATO og Marshallplanen som Noreg.

Noreg gjekk inn i etterkrigstida med det eksisterande lovverket frå før andre verdskrig. Dette lovverket blei kjapt utdatert i den nye verkelegheita som oppstod. Isolasjon skulle erstattast med internasjonalt samarbeid, med utveksling av menneske og varer. Brochmann og Kjeldstadli beskrev denne utvikling gjennom tiåra etter krigen. Den restriktive Framandlova

---

<sup>33</sup> Grimnes 2019.

<sup>34</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 200.

<sup>35</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 201.

av 1927 som stadig gjaldt etter krigen, blei vedteke under vidt forskjellege økonomiske og politiske forhold enn dei etter frigjeringa. Ein ekspanderande økonomi innan meir internasjonaliserte rammer kravde ei liberalisering av lova for å kunne imøtekommme etterspørsla etter arbeidskraft og fremme internasjonalt samarbeid. Dette blei særleg framtredande med utvidinga av det nordiske samarbeidet frå starten av 1950-talet. I 1950 blei nye statsborgarskapslovar vedteke i dei tre skandinaviske landa, kvar med ein privilegert status for statsborgarar frå dei øvre landa. Denne reforma bidrog også til å bygge ned grensene innan Skandinavia. Visumplikta blei avskaffa hausten 1945, med unntak for Finland som fjerna den i 1950. Frå 1952 trond ein ikkje pass for å krysse grenser mellom dei nordiske landa, og i 1954 blei Finland, Sverige, Danmark og Noreg einige om å etablere ein felles arbeidsmarknad.<sup>36</sup> Desse endringane reiv ned betydninga av grensene mellom dei nordiske landa.

Liberaliseringa av innvandringspolitikken innan Norden retta seg etter kvart utover. Brochmann og Kjeldstadli beskrev at dette gjorde Framandlova av 1927 moden for revisjon. Dette blei spesielt tydeleg ved at dei andre nordiske landa allereie hadde omarbeidd si framandlovsgiving, men også fordi OECD kravde fri mobilitet av arbeidskraft. Den norske framandlova blei følgeleg revidert i 1956 – tilpassa ei meir open tidsand, skjønt balansert mot omsynet om at den ikkje skulle bli «for liberal», slik at landet kunne bli «lagt opent for innvandring av uønskte individ ved ei nasjonal krise», som det heitte i forarbeidet til lova. Løysninga på desse – historisk sett ikkje uvanlege – motstridande omsyna, var å styrke lovas karakter av fullmaktslov, kva betydde at mykje blei overlate til regjeringa sitt skjønn på eit fleksibelt ad hoc grunnlag. Ein viktig forandring når det gjaldt arbeidsinnvandringa, var moglegheita til å reise inn i landet utan forutgåande avtale, for å søkje jobb. I praksis opna dette for fri innvandring til Noreg. Nytt i denne lova var også ein seksjon om politisk asyl (paragraf 2).<sup>37</sup> Med dette tok norsk innvandringspolitikk ei kraftig liberal dreining som framleis var i kraft i 1968. Kva gjaldt flyktningar meinte Brochmann og Kjeldstadli spørsmålet om kven som er legitime flyktningar formelt kom på agendaen gjennom godkjenninga av Genève-konvensjonen i 1951. Dette trass at det politiske koldkrigsclimatet på 1950- og 1960-talet ikkje innebar den same finsikta vurderinga av folks legitime krav på å bli beskytta.<sup>38</sup>

---

<sup>36</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 210.

<sup>37</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 211.

<sup>38</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 204-205.

Men kva førte liberaliseringa av den norske innvandringslovgivinga til i praksis? Som Europa som heilheit, hadde Noreg fram til andre verdskrigs slutt over lengre tid vore prega av emigrasjon til andre kontinent. Europearane emigrerte særleg til Nord-Amerika, med USA i fremste rekke. Noreg blei ikkje eit land med nettoinnvandring før 1967.<sup>39</sup> Når me samanliknar dei generelle innvandringstala til Noreg med visse andre europeisk land, er det viktig påpeike landet ikkje dreiv eit organisert gjestearbeidarprogram. Slike program var ein viktig grunn til at land som Vest-Tyskland og Frankrike hadde eit ekstra høgt innvandringstal. Noreg forblei dermed enkelt sagt eit land med låg innvandring dei første tiåra etter krigen. I denne oppgåva er innvandrargruppa som skal vere i fokus flyktningar, og empirien eg skal gi eit bruke skal derfor handle om dei.

Som mykje av internasjonal politikk blei også flyktningsituasjonen prega av den kalde krigen. Brochmann og Kjeldstadli beskrev korleis det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia i 1948 gav opphav til ein ny type flyktning, typisk for den kalde krigen: Menneske som flykta frå kommunismen grunna sovjetisk ekspansjonisme. Sovjetunionen og Austblokka intervenerte også i Tsjekkoslovakia i august 1968, for å felle det liberale Dubcek-regimet som var i emning. Dette førte til at fleire tusen forlét landet. Mellom 1948 og den kalde krigens slutt forlét i alt ein halv million tsjekkarar og slovakar heimlandet til fordel for Vesten. Ein halv prosent av alle flyktningane frå Tsjekkoslovakia velde Noreg som sitt bestemmingsland. Av desse drog halvparten vidare til andre land som USA, Canada og Australia. Dei 600 flyktningane som kom i løpet av dei to tiåra etter 1948 utgjorde likevel ein firedel av alle flyktningar som kom til Noreg fram til seint på 1960-talet.<sup>40</sup>

Tsjekkoslovakia var ikkje det einaste austeuropeiske landet som skapte ei emigrasjonsbølgje som også påverka Noreg. Hausten 1956 blei eit opprør i Ungarn slått ned av sovjetiske militære styrkar. Dette førte til at cirka 200 000 ungarar flykta i løpet av eit halvt år, der av 180 000 til Austerrike og 20 000 til Jugoslavia.<sup>41</sup> 1500 av desse kom etter kvart til Noreg.<sup>42</sup> Fritt Ord-prisvinnar (2016) Heidi Cecilie Vekony Olsen meinte at då norske myndigheiter 6. desember 1956 vedtok mottak av ungarske flyktningar, kunne dette hevdast å skyldast fleire forhold. For det første var flyktningstraumen blitt så stor at Austerrike umogleg kunne handtere flyktningane aleine. For det andre melde myndighetene sine utsendingar etter kvart om at flyktningane ønskte å komme til land lenger vekk, trass at ingen uttrykte eit spesifikt

<sup>39</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 202.

<sup>40</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 202-203.

<sup>41</sup> Vekony Olsen 2016, 1.

<sup>42</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 202-203.

ønske om å komme til Noreg. Ein tredje faktor var at både Danmark og Sverige hadde vedteke mottak av flyktningar. Til slutt meinte ho at press frå heimleg presse, og eit generelt press i Stortinget om å gjere meir enn berre innsatsen i nærområda, måtte ha hatt betydning.<sup>43</sup> Desse faktorane gir ein peikepinn på korleis norske myndigheter opptrødde då det blei aktuelt å gjere organiserte flyktningmottak.

Noregs inntak av flyktningar var ikkje unikt. Brochmann og Kjeldstadli omtala dei norske flyktningtala dei første etterkrigstiåra som låge samanlikna med tal på flyktningar som på same tid kom som flyktningar til andre europeiske land. Dei meinte flyktningspørsmålet likevel blei oppfatta som eit nytt og spennande fenomen, som måtte behandlast med fornuft og nennsemrd. Dei fann det merknadsverdig at reaksjonsmåten til myndighetene allereie på dette veldig tidlege stadiet av den moderne asylepoka – og i ein situasjon der flyktningar framleis var politiske heltar – likevel var til forveksling lik den som skulle bli rådane seinare: «Varsemd» og «absorberingsevne» var nøkkelord. Myndighetene si bekymring for offentlege budsjett, og deira oppfatning av Noreg som eit lite og sårbart land, lurte under overflaten sjølv om flyktningane sin legitimitet var høg. Denne bekymringa viste seg ugrunna for kalkrigsflyktningane. Dette forklarte Brochmann og Kjeldstadli med blant anna ein skreddeskydd offentleg politikk: Flyktningen blei utvald med det mål for auge å få friske unge menn som var enkle å busette, og lette å integrere i arbeidsmarknaden. I nokre tilfelle var det til og med ein føresetnad at flyktningane var sikra arbeid og eit sted å bu før dei forlét leirane. På dette tidlege stadiet av utvandring/flukt frå Austblokka var følgeleg ni av ti flyktningar menn med god helse, som regel ugifte og i tjueåra, utvald for å bli så saumlaust som mogleg inn i økonomien, med så små budsjettkostnadar som mogleg. Gruppa blei teiknande nok kalla «arbeidsflyktningar» av nokre tenestemenn.<sup>44</sup> Desse flyktningane blei dermed eit «fortenesteprosjekt» for Noreg.

Noregs flyktningpolitikk overfor tsjekkoslovakar og ungarar dei første tiåra etter andre verdskrig, fungerte som me ser både som humanitær innsats og import av arbeidskraft. Ein hjelpte menneske som måtte flykte, samtidig som ein bidrog til økonomisk vekst. Det var likevel ikkje berre skreddeskydde arbeidarar som kom til Noreg. Brochmann og Kjeldstadli beskriv korleis det etter kvart også blei gitt åtgang for andre kategoriar innvandrarar enn «arbeidsflyktningar». Dette illustrerer dei med 70 blinde personar som blei teke imot i 1949, og ein del (mindre enn 100 totalt) handikappa og tuberkuløse som kom på 1950- og 1960-

<sup>43</sup> Vekony Olsen 2016, 116.

<sup>44</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 203-204.

talet. Desse gruppene blei gitt opphald utelukande på humanitært grunnlag. Dei blei kalla «minusflykningar» av dei påhaldne norske myndighetene.<sup>45</sup> Dette viser at Noreg ikkje utelukande tok nasjonale interesser med i berekninga når flyktingar blei velde ut, men også ved enkelte tilfelle berre vektla flyktingane sine humanitære behov. Sjølv om den språklege omtalen av handikappa flyktingar ikkje nødvendigvis ville kvalifisert som «humanitært» i ein 2020-kontekst, må ein forstå aktørane utifrå sin tidskontekst, og ikkje så tvil om deira medmenneskelege karakter. Det me derimot kan med oss frå dette, er kor viktig arbeid var som ein definierande faktor, i myndigheитетenes auge.

Ein del av flyktingane som kom til Noreg valde å reise vidare til andre land, mens andre til og med reiste heim. Brochmann og Kjeldstadli delte inn tre grupper som kom til Noreg i etterkrigsåra, i tillegg til jødane som kom umiddelbart etter krigen. Dei var få talmesigg, samt at mange reiste frå Noreg. Dette gjaldt begge omgangane med dei tsjekkiske og slovakiske flyktingane, og også dei ungarske. Halvparten av den første gruppa flyktingar frå Tsjekkoslovakia drog vidare til tredjeland, mens ein like stor del av den andre gruppa drog tilbake til heimlandet. Av ungararane returnerte ein tidel heim, mens eit ukjent tal drog vidare.<sup>46</sup>

Så kva var det som gjorde at så mange flyktingar valde å reise frå Noreg? Brochmann og Kjeldstadli beskriv at det første møtet med det nye flyktingregimet etter krigen, neppe kunne ha vore nokon stor utfordring for det norske samfunnet og dei norske myndighetene. Dette grunna dei med at flyktingane var få, kulturelt sett ikkje så annleis, og som regel fann seg arbeid i den ekspanderande økonomien raskt. Frå flyktingane si side, beskriv dei derimot møtet med det norske samfunnet og med nordmenn som ein utvilsam utfordring for dei som kom her, om enn i ulik grad. Dei fleste innvandrarane følte seg framandgjorde, var sannsynlegvis einsame, og blei stilt overfor ei rekke praktiske utfordringar, slik det nesten alltid er for nykomne. Dei faktiske politiske og sosiale samanhengane dei ulike gruppene blei stilt overfor, farga like fullt gruppespesifikke opplevelingar, og prega individuelle livsbanar.<sup>47</sup>

Måten norske myndigheter organiserte mottak flyktingar på, prega også flyktingane sine opplevelingar i Noreg. Brochmann og Kjeldstadli beskrev korleis desentralisert busetting blei ein dominerande politikk på 1900-talet. Hovudårsaka til denne politikken var den vedvarande mangelen på bustadar. For flyktingane, der av dei fleste kom frå urbane områder i sine

<sup>45</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 204.

<sup>46</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 204.

<sup>47</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 207.

heimland, var plasseringa «i villmarka» isolerande, stigmatiseringa og einsforming. Likevel har nokre av flyktingane i ettertid sett positivt på det å måtte bu i fjernare strøk fortid dei blei «tvungne» til å lære seg norsk og forhindra frå å danne sine eigne einkalvar i det norske samfunnet.<sup>48</sup> Det er naturleg å tru at einsemd og framandgjering er faktorar som kan ha bidrige til at enkelte har ønskja å dra frå landet.

I eit intervju med Arbeiderbladet 21. mai 1970 gav formannen i Det Norske Flyktningeråd Sigurd Halvorsen eit innblikk i flyktingstraumane til Noreg frå krigen fram til då. Halvorsen uttala at Flyktningrådet rekna med at var komme 6000 flyktingar til Noreg sidan 1947. Han meinte talet ikkje var så høgt, men at Noreg hadde gått framfor med kva gjaldt såkalla «minusflyktingar», blinde, tuberkulose, uføre og gamle. Flyktingane som hadde komme til Noreg hadde klart seg over all forventning bra, etter Halvorsen sine betraktnigar. Han utdjeta at i startfasen fekk flyktingane isolasjonsproblem fordi dei blei spreidde for mykje, men at denne politikken var moderert i 1970. Då plasserte ein gjerne to-tre familiar på same stad slik at dei hadde omgang med likesinna utan at dei danna noko eige flyktningssamfunn. Av dei 6000 flyktingane som var komme betala 90 prosent skatt, mens ti prosent var sjuke.<sup>49</sup> Dette intervjet viser igjen den økonomiske oppsida for Noreg med sin kaldkrigs flyktningpolitikk, men problematiserte også rundt flyktingane si trivsel i landet.

Å gje politisk asyl til utsette personar som kom til landet var ikkje Noregs einaste tiltak for å hjelpe flyktingar. Brochmann og Kjeldstadli presenterte eit anna flyktningspolitiske element som blei introdusert i denne tidlege fasen, nemleg det som seinare blei kalla «beskytting i nærområdet». Me kjenner variantar av dette uttrykket frå innvandringsdebattar i vår samtid. I starten føretrekte norske myndigheter å hjelpe dei ungarske flyktingane i nærleiken av konflikten (hovudsakleg Austerrike og Jugoslavia), i staden for å ta dei til Noreg. Rasjonale for denne politikken var delvis basert på effektivitetsomsyn, og delvis eit ønske om å tilpassa seg flyktingane sine eigne preferansar. I tillegg til desse eksterne faktorane, spelte også oppfatninga om at Noreg ikkje hadde kapasitet til å ta imot fleire flyktingar ei rolle. Tilpassingsvanskar blant dei som allereie hadde komme hadde tidvis blitt rapportert i media.<sup>50</sup> Hjelpa som blei gitt i nærområdet til dei ungarske flyktingane, var først og fremst økonomisk

<sup>48</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 208.

<sup>49</sup> Arbeiderbladet 21.05.1970, 9.

<sup>50</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 205.

og blei kanalisert gjennom Sosialdepartementet som skulle ha ansvar for fordelinga av midlane.<sup>51</sup>

## 2.2 Jødisk liv i Noreg 1945-1970

### 2.2.1 Bakgrunn

Det jødiske miljøet i Noreg hadde i 1968 ei lang historie. Det Mosaiske Trossamfund blei stifta i Oslo i 5. juni 1892.<sup>52</sup> Dette trussamfunnet utgjer i dag, som i 1968, saman med det mindre trussamfunnet Det Jødiske Samfunn i Trondheim (Det Mosaiske Trossamfund i Trondheim fram til 2017), dei to einaste jødiske trussamfunna i Noreg. Trussamfunnet hadde derfor ei viktig rolle i representasjonen av jødar og det jødiske miljøet i Noreg i 1968. Vegen fram mot 1968 hadde vore tøff for Noregs jødar. Noreg hadde drive ein restriktiv politikk overfor tyskspråklege jødiske flyktningar på 1930-talet. Corell beskrev at tyskspråklege jødar berre kunne reknast som reelle flyktningar dersom dei hadde engasjert seg politisk og drive anti-nazistisk verksemd.<sup>53</sup> Enda verre skulle det bli. Miljøet blei brutalt råka av krigen. Alle jødar som var i Noreg ved den tyske invasjonen 9. april blei enten deportert eller flykta, hovudsakleg til Sverige. 766 norske jødar blei drepne som følgje av nazistanes utrydningspolitikk. Den største gruppa av norske jødar, 532 personar, blei deportert frå Oslo 26. november 1942. 346 av dei blei drepne i gasskammer ved åtkomst Auschwitz. Berre ni av dei overlevde krigen.<sup>54</sup>

Då freden kom til Noreg 8. mai 1945 var det ingen jødar i Noreg. Dei returnerande jødane måtte derfor bygge opp det norske jødiske samfunnet på nytt. Nokre av dei norske jødane som hadde flykta til Sverige under krigen, blei igjen der, og nokre emigrerte relativt umidelbart frå Noreg etter tilbakekomsten. Det blei aldri noko norsk rettsoppgjer med fokus på massemordet på jødane, trass i at dette var den hardast ramma gruppa under krigen. Historikaren Vibeke Kieding Banik beskrev at jødane også leid urettferdigheit under det økonomiske oppgjetet, og at det ikkje blei teke omsyn til dei ekstra vanskane jødane hadde når dei skulle etablere seg på nytt. Dette gjaldt både arbeidsplassar, bustad og gjenetablering av eit jødisk miljø.<sup>55</sup> Ved folketeljinga i 1946 oppgidde 559 personar at dei var mosaiske truvedkjennarar, der av 156 i bygder og 403 i byar.<sup>56</sup> Dette var det vanskelege utgangspunktet norske jødar bygde på.

---

<sup>51</sup> Vekony Olsen 2016, 115.

<sup>52</sup> Det Mosaiske Trossamfund i Oslo 2020.

<sup>53</sup> Corell 2000, 36.

<sup>54</sup> Rømming 2018.

<sup>55</sup> Kieding Banik 2009, 126-127.

<sup>56</sup> Mendelsohn 1986, 423.

## 2.2.2 Jødisk innvandring

Innan 1968 hadde Noreg ein viss erfaring med innvandring av jødiske flyktningar etter andre verdskrig. Mendelsohn omtala ei tilvekst til den jødiske befolningsgruppa som skyldast innvandring frå 1947. Denne tilveksten skyldast i fremste rekje overlevande frå leirane i Tyskland i etterkrigsåra, og etter dei politiske tildragingar i Aust-Europa, ikkje minst i Ungarn i 1956.<sup>57</sup>

Synne Corell gjekk i djupna på den politiske prosessen, og gjennomføringa av det organiserte mottaket som førte til tilveksten etter krigen. I 1946 vedtok den norske regjeringa at det skulle gis innreiseløyve til 600 jødar. Jødane skulle hentast frå Polen, og leiarar for «displaced persons» i det okkuperte Tyskland.<sup>58</sup> Ein «displaced person» blei definert av dei allierte som ein person som grunna krigshandlingane – med eller utan tvang – var fordrive frå sin heim.<sup>59</sup> Corell viste korleis prosjekta utvikla seg forskjelleg. Det polske uttaket blei langt vanskelegare å gjennomføre enn det tyske. Kvoten for uttak av jødar frå «Displaced Persons-leirane» i Tyskland enda på 400 under mottaksprosjektet i 1947.<sup>60</sup> Corell omtalte at det kom eit ukjent tal jødar, minst 40, til Noreg frå Polen i løpet av 1947 og 1948.<sup>61</sup> Brochman og Kjeldstadli beskrev at dei fleste jødiske flyktningane raskt kom i arbeid, men då gjerne i jobbar dei var overkvalifisert for. 50 prosent av alle jødiske menn forblei i posisjonar utan moglegheit for å avansere i det norske arbeidslivet. Dei beskrev yrkessituasjonen for jødiske (og ungarske) kvinner annleis. Dei to første tiåra etter krigen var husmoras storheitstid, og myndighetene gjorde lite for å finne arbeid til kvinnene. Mange av desse kvinnene opplevde det dei beskrev som ei påtvinga «husmorisering».<sup>62</sup>

Dei første jødane som søkte seg til Noreg etter krigen støytte på etterhengande antisemittisk stereotypi frå førkrigstidas Noreg. Corell beskrev at mellomkrigstidas motvilje mot å la jødar som dreiv med handel få opphold og arbeid i landet, hadde vore til stades både blant handelsorganisasjonane og embetsmenn i justisdepartementet. Ho meinte det er grunn til å tru at denne uviljen haldt seg også etter andre verdskrig. Under høyringsrunden våren 1946 uttalte Noregs Håndverksforbund at eit av forbundets forbehold var at jødar som kom til Noreg med mottaket ikkje burde få anledning til å «drive sjølvstendig». Ein tysk jødisk statsborgar, kjøpmann av yrke, som søkte om innreiseløyve til Noreg for seg og si kone

<sup>57</sup> Mendelsohn 1986, 425-426.

<sup>58</sup> Corell 2000, 1.

<sup>59</sup> Corell 2000, 4.

<sup>60</sup> Corell 2000, 122.

<sup>61</sup> Corell 2000, 140-141.

<sup>62</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 208.

hausten 1946, fekk avslag trass i at han opplyste at dei var «anerkjente ofre for fasismen». Justis- og Politidepartementet antok at søkeren kunne gis avslag, sjølv om arbeidet med å fastslå kva yrkeskategoriar som var aktuelle for mottaket ennå ikkje var ferdige. Departementets Sentralpasskontor utdjupa grunninga: «Man vil dog hvad realiteten angår tilføie at det må være en selvfølge at det ikke skal gis innreisetilatelse til jødiske forretningsfolk».<sup>63</sup>

Når me skal forstå mottaket av jødiske flyktningar på 1940-talet, og korleis det reflekterer situasjonen i 1968 må me kartlegge mottakinga dei fekk i Noreg. Då flyktningane kom til Noreg på slutten av 1940-talet, skapte busettinga av dei og bustadforholda deira store utfordringar. Kieding Banik beskrev at majoriteten kom i mai og blei plasserte i to leirar i Østfold. Ho omtala leirane som «spartanske». Mange flytta etter kvart til Oslo.<sup>64</sup> Corell beskrev at sentrale myndigheter, lokale politikarar og enkeltpersonar deltok i diskusjonen om det kunne oppretta eit eige burettslag for dei jødiske «displaced persons». Samtidig budde mange av dei nykomne i dei meir eller mindre provisoriske brakkeleirane. I verkelegheita levde dei like konsentrert i desse brakkebustadane som dei ville gjort i burettslaget på Oppsal. Samtidig gjorde därlege sanitære forhold og låg bustandard sitt til å skape både avsky og medkjensle blant naboar og forbipasserande. Sognsvannsleiren låg i tillegg svært synleg til like ved utgangspunktet for dei populære turvegane rundt vatnet. Forholda i leirane vakte reaksjonar, noko Corell eksemplifiserte med forfattaren Odd Bang-Hansen som i ein kronikk i januar 1948 i Arbeiderbladet med overskrifta «Skandalen ved Sognvatn» skreiv at det var det norske samfunnets plikt å ta vare på personane som var blitt invitert til landet.<sup>65</sup> Uavhengig av kor god kontakt jødane som kom under dette mottaket hadde med jødar i Polen, bidrog bustadforholda i alle fall ikkje til positive rykte om livet i Noreg.

Dei jødiske flyktningmottaket førte til eit møte mellom etablerte- og nykomne jødar. Corell presenterte korleis tidsskriftet *Jødisk Nytt* våren 1947 omtala mottaket av dei 400 jødiske «displaced persons» frå leirane i det okkuperte Tyskland i ein leiarartikkel. I leiarartikkelen blei det uttala at mottaket var av stor betydning for norske jødar både fordi 400 trosfeller fekk anleiing til å bygge ein ny eksistens, og fordi mottaket bringa nye impulsar til det jødiske miljøet i Noreg. Leiarartikkelen la samtidig ikkje skjul på at mottaket også bydde på vanskar:

---

<sup>63</sup> Corell 2000, 153-154.

<sup>64</sup> Kieding Banik 2009, 122.

<sup>65</sup> Corell 2000, 168.

Dei nykomne hadde ein annan livsinnstilling og eit anna syn på livet, og dei hadde vanskelege opplevingar bak seg. Nå måtte dei norske jødane vise dei at dei hadde komme til eit land der menneskjenes verdigheit framleis blei respektert. Forfattaren ønskja ikkje å vise mistillit til dei nykomne, men vil understreke at ingen måtte vere av den oppfatning at fordi ein kom til eit land som tok imot ein med opne armane, så kunne ein gjere og oppføre seg som ein var vant til frå før. Rabbinaren i Det Mosaiske Trossamfund i Oslo fortalte at det budde 500 jødar i landet frå før i ein tale ved mottakinga i Halden. Rabbinaren siterte eit bibelspråk som ifølgje *Jødisk Nytt* betydde «la ikkje dei nykomne skjemme ut dei andre».⁶⁶ Dette gir eit bilet av både forhåpningar og skepsis blant det etablerte jødiske miljøet i Noreg overfor dei nykomne.

Som andre flyktningar dei første tiåra etter krigen, reiste mange av dei jødiske flyktningane vidare frå Noreg. Corell beskrev at 190 av personane som kom til landet i mai 1947 forlét Noreg innan sommaren 1949. Cirka 150 av dei emigrerte til Israel, 22 personar til andre land, der av fleirtalet ønskte å emigrera til Australia. Corell meinte det store talet som forlét Noreg til fordel for Israel måtte sjåast i lys av at sionistiske strøymingar sto sterkt blant jødane etter annan verdskrig.<sup>⁶⁷</sup> Sionisme som ein bevegelse hadde eksistert i fleire tiår før krigen, også i Noreg, kor den første sionistforeininga blei stifta i 1904. Kieding Banik beskrev at engasjementet for sionisme blant norsk jødar auka kraftig frå 1935 og utover.<sup>⁶⁸</sup>

Opprettinga av ein eigen jødisk stat bringa samtidig nytt håp for mange, og den nye jødiske staten oppfordra til auka innvandring. Corell meinte ein grunn til at fleire forlét Noreg kan ha vore at dei hadde brukta Noreg som ein gjennomgangsstasjon på veg til sine eigentlege mål. Legasjonen i Warszawa var av oppfatninga at mange av jødane i Polen betrakta Noreg som ein slags etappe på vegen til USA. Sjølv om norske myndigheter ved uttaket hadde presisert at dei berre ønskta å ta imot personar som ville busette seg i Noreg for godt, hadde dei ingen moglegheiter til å få gjennomført dette i praksis.<sup>⁶⁹</sup> Sjølv om sionismen hadde ein veksande popularitet blant dei etablerte norske jødane var det få av dei som flytta til Israel. Mendelsohn beskrev at berre 50 jødar, utover dei nyinnvandra som forlét landet igjen i 1948 og 1949, hadde flytta frå Noreg til Israel innan midten av 1970-talet.<sup>⁷⁰</sup> Emigrasjonen førte naturleg nok til at det jødiske miljøet hadde ein avgrensa vekst av flyktningmottaket på slutten av 1940-talet.

---

<sup>⁶⁶</sup> Corell 2000, 172.

<sup>⁶⁷</sup> Corell 2000, 176-177.

<sup>⁶⁸</sup> Kjeding Banik 2007, 244.

<sup>⁶⁹</sup> Corell 2000, 176-177.

<sup>⁷⁰</sup> Mendelsohn 1986, 384.

Norske myndigheter samarbeidde ikkje særleg godt med det norske jødiske miljøet i samband med «displaced persons»-mottaket. Corells masteroppgåve viste at verken Det Mosaiske Trossamfund, eller norske representasjonar for organisasjonane World Jewish Congress og American Jewish Joint Distribution Committee (JDC), blei representer i det forberedande utvalet for mottaket på 1940-talet. Corell fann heller ikkje kjelder som viste at representantane for dei norske jødane våren 1946 blei spurt korleis dei stilte seg til mottaket, berre korleis dei ville assistera myndighetene. Trass at representantar for trussamfunnet og dei jødiske organisasjonane ikkje fekk påverknad på det offentlege samarbeidet, viste masteroppgåva at norske myndigheter langt på veg var avhengige av Paul Olberg og Jewish Labour Committee (of America) under mottaket frå Polen. Den Jødiske Sosialnemnd fekk eit stort praktisk ansvar for velferdsarbeidet blant dei som kom med mottaket.<sup>71</sup> Den Jødiske Sosialnemnd, som var eit underorgan i Det Mosaiske Trossamfund i Oslo, fekk ansvar for å ta hand om flyktningane sosialt, religiøst og økonomisk.<sup>72</sup> Erfaringane frå mottaket på 1940-talet, er ein viktig bakgrunn for reaksjonane frå 1968, sjølv om føresetnadane var forskjellege.

Ein viktig forskjell mellom jødar i Noregs situasjon på slutten 1940-talet og i 1968, var miljøet hadde fått tid til å retablere seg. Ved krigens slutt i 1945 var det som tidlegare nemnd ingen jødar i Noreg. Dei som kom tilbake frå flukt måtte derfor bygge opp miljøet på nyt. Corell beskrev at til saman innebar inndragninga av jødisk eigedom under-, og sakgongen for tilbakeføringa av eigedom etter krigen, at fleire norske jødar på tidspunktet for regjeringsvedtaket i februar 1946 var i ein vanskeleg økonomisk situasjon. I tillegg hadde fleire mista nære familiemedlemer, og dei aller fleste mista nære eller fjerne slektningar. Det jødiske samfunnet i Noreg hadde lidd ufattelege menneskelege tap, og var også økonomisk sterkt redusert. Det synest ikkje som om myndighetene tok omsyn til dei norske jødane sin spesielle situasjon då dei planla mottaket.<sup>73</sup> Norsk myndigheter hadde planla først å bruke dei norske jødane som hjelp til å ta inn nye jødar, utan at dei involverte det jødiske miljøet i prosessen. Dei ansvarlege i departementa som planla mottaket tenkte seg at ein føresetnad skulle vere at dei jødane som Noreg skulle ta imot hadde skyldfolk – det vil sei slektningar – i Noreg. Det å teke imot personar som hadde slektningar i Noreg ville vore ein praktisk løysning på bustadspørsmålet, fordi desse kunne vere villige til å innlosjere dei nykomne i sine heimar.<sup>74</sup> Desse planane blei etter kvart droppa. Den prosessen kan ha skapt skepsis blant

---

<sup>71</sup> Corell 2000, 186.

<sup>72</sup> Kieding Banik 2009, 122.

<sup>73</sup> Corell 2000, 85.

<sup>74</sup> Corell 2000, 84.

jødar i Noreg til myndighetene si handtering og krav til dei ved gjennomføring av flyktningmottak av jødar.

**2.3 Noreg 1968-1970: Økonomi, politikk, og viktige ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar**  
Forhistoria dei første etterkrigstiåra bringer oss til situasjonen i Noreg då kampanjen i Polen inntrekk. For å belyse den, skal eg ta for meg nokre relevante delar av Noregs generelle tilstand i dette tidsrommet, dei politiske aktørane som styrte norsk innvandringspolitikk, og hjelpeorganisasjonane dei samarbeidde med.

### 2.3.1 Rikets tilstand

Det hadde skjedd ei stor utvikling i Noreg sidan krigen. Krigsbrudane frå Storbritannia som gifta seg med norske motstandsmenn i Storbritannia, bemerkja at etterkrigstidas Noreg ikkje var eit land av mjølk og honning då flytta til landet. Moglegheitene for ein ny start var meir opplagte i land som Canada og USA.<sup>75</sup> Dette bilete skulle endre seg, sjølv om Nord-Amerika behaldt sin status. Noreg opplevde ein stor økonomisk vekst dei først tiåra etter andre verdskrig, men den var ikkje unik i vesteuropeisk samanheng. Noreg gjorde sitt første oljefunn i 1969, og det tok ei stund før landet oppnådde den unike velstandsstatusen me kjenner i dag. Landet hadde likevel komme seg høgare i terrenget kva gjeld ein velstandsmålar som bruttonasjonalprodukt (BNP). Teknologiselskapet Knoema rangerte Noreg på 12. plass over land med høgast BNP per innbyggjar i 1968. Til samanlikning var Sverige på tredje plass og Danmark nummer ti. Desse plasseringane haldt seg til 1970.<sup>76</sup> Fram til slutten av 1970-åra låg arbeidsløyseraten for dei aller fleste åra under 1,5 prosent. I perioden mellom 1960 og 1986 var arbeidsløysa i Noreg nest lågast i OECD-området, berre bak Sveits. Knut Røed beskrev for SSB at registrert langtidsledigkeit var så godt som ikkje-eksisterande.<sup>77</sup> 1968 og 1970 var ikkje unntak frå dette, med ledigkeitstal på 1,1- og 0,8 prosent. Menn var framleis i overveldande fleirtal i arbeidsstyrken. Dette viser igjen i at berre 17,2- (1968) og 22,3 prosent (1970) av alle registrerte arbeidslause i denne perioden var kvinner.<sup>78</sup> Det må presiserast at arbeidsløysetala berre tar med aktive jobbsøkarar som blir rekna som ein del av arbeidsstyrken. Personar som av ulike grunnar, som eksempelvis langtidssjukdom eller funksjonshemminger (eksempelvis «minusflyktningar»), blei ikkje rekna med. Vekstøkonomien var som me har sett ein viktig pådrivar for innvandringa dei første etterkrigstiåra.

---

<sup>75</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 204.

<sup>76</sup> Knoema 2020.

<sup>77</sup> Røed 1993, 10.

<sup>78</sup> NAV 2019.

Trass den økonomiske velstanden var det ikkje berre attraktive faktorar for potensielle migrantar utanfor Norden som vurderte Noreg. Noreg var i 1970 eit svært homogent land. Delen av befolkninga som var utanlandske fødde var berre to prosent. 42,7 prosent av desse kom frå nordiske land. Resten kom i all hovudsak frå dei nordvestlege delane av Europa, eller frå Nord-Amerika.<sup>79</sup> Religionsfridom hadde blitt skrive inn i grunnlova så seint som i 1964 (i praksis innført med avskaffinga av jesuitparagrafen i 1956).<sup>80</sup> Trass denne fridomen dominerte luthersk/protestantisk kristendom totalt. Staten var leiar av Den norske kyrkje, og heile 94 prosent av befolkninga var medlemmer av «statskyrkja» i 1970.<sup>81</sup> Dette sette sitt preg på det norske samfunnet, inkludert statlege institusjonar som skular. I tillegg til økonomiske og kulturelle faktorar, spelte geografi inn på korleis potensielle immigrantar såg på Noreg. I det tidlegare nemnde intervjuet frå 1970, uttala Sigurd Halvorsen at Noreg ikkje kunne ta imot så mange flyktningar. Dette grunna han med at Noreg ligg litt nær Nordpolen med ein lang og kald vinter.<sup>82</sup>

### 2.3.2 Politiske aktørar

Me har sett korleis Noregs innvandringspolitikk og innvandringa til landet utvikla seg etter andre verdskrig. For å få ei tilfredsstillande forståing av norsk innvandringspolitikk og innvandring til å bruke i arbeidet med den polskjødiske «case» etter 1968, er det likevel ikkje nok å berre sjå på innvandringslovgiving og nokre innvandingstal. Me må kjenne til nøkkelaktørane. Den første delen av nøkkelaktørar på innvandringsfeltet var dei som lagde og utøvde lovene, nemleg Stortinget og regjeringa. Perioden frå 1945 til oppgåva sitt aktuelle tidsrom, blei i all hovudsak prega av Einar Gerhardsen-leia Arbeidarparti-regjeringar. Med unntak av 1951-1955, og seks veker i 1963, var Gerhardsen statsminister dei første 20 åra etter krigen. I 1965 var det imidlertid slutt. Ei brei borgarleg regjering leia av Per Borten (SP) overtok, og blei sittande til 1971.

Ei annan viktig aktørgruppe var byråkratiet som jobba med innvandring. Arkivmateriale viser at byråkratiet i nokre tilfelle dreiv ein meir liberal praksis overfor innvandrarar, enn lovverket kravde at dei skulle vere. Eksempelvis viser eit brev frå Statens Utlendingskontor datert til 18. februar 1969 at ein polsk avhoppar blei gitt opphaldstillating i Noreg. Dette trass i at brevet slår fast at politiet sine opplysningar ikkje viste at avhopparen innfridde krava til å innvilgast asyl etter Framandlovas paragraf 2. Det visast derimot til at det ikkje virka å vere nokre

---

<sup>79</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 202.

<sup>80</sup> Ulvund 2018, 11-12.

<sup>81</sup> Statistisk sentralbyrå 2020.

<sup>82</sup> Arbeiderbladet 21.05.1970, 9.

omstende til stades som hindra at ein skulle følgje vanleg praksis med avhopparar, å samtykke i opphaldstillating.<sup>83</sup> Statens Utlendingskontor bad om at avhopparen blei gitt midlertidig opphaldstillating i Noreg i eit år, og blei utsyrt med norsk framandpass av to års varighet i registreringssystemet.<sup>84</sup> Det var dette liberale byråkratiet som styrte praktiseringa av norsk innvandringspolitikken då jødane forlét Polen. Dette er sentralt fordi, som me skal sjå seinare i oppgåva, brukte dei jødiske flyktingane i stor grad ambassadane i Warszawa som hjelp for komme seg til sine destinasjonar.

### 2.3.3 Ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar

Myndighetene var ikkje aleine om å hjelpe flyktingar i etterkrigstida. Fleire frivillige organisasjonar, både internasjonale og norske, hjelpte flyktingar, både i deira nærområde og etter eventuell flytting til nye land. Brochmann og Kjeldstadli framheva særleg Røde Kors som ein av organisasjonane som frå 1946 hjelpte flyktingar i leirane på kontinentet. Dei deltok blant anna med matforsyning, seinare i institusjonsbygging og utdanning med meir, for å forberede flyktingane på eit liv utanfor leirane.<sup>85</sup> Dei frivillige organisasjonane var ofte viktige samarbeidspartnarar for statar i gjennomføringa av hjelpeprosjekt for flyktingar, slik me skal sjå i det danske eksempelet.

Jødiske hjelpeorganisasjonar var viktige aktørar for jødiske flyktingar verda over i oppgåva sitt aktuelle tidsrom. American Jewish Joint Distribution Committe (JDC) var den største av dei, slik dei framleis er i dag. JDC blei grunnlagt i 1914. Organisasjonen ytte i starten økonomisk støtte til jødar som var ramma av første verdskrig. I løpet av andre verdskrig konsentrerte JDC sitt hjelpearbeid til dei forfølgde europeiske jødane, og denne tendensen fortsette etter 1945. Corell beskrev organisasjonen som den viktigaste jødiske hjelpeorganisasjonen i dei jødiske «Displaced Persons-leirane» som Noreg gjorde eit større mottak frå etter andre verdskrig.<sup>86</sup> JDC beskrev seg sjølv i dag som den leiande jødiske humanitære organisasjonen, som jobbar i 70 land for å løfte liv og styrke samfunn. Organisasjonen omtalar at dei reddar jødar i fare, gir hjelp til sårbare jødar, utviklar innovative løysingar til Israels mest komplekse sosiale utfordringar, dyrkar ei jødisk framtid, og leiar det jødiske samfunnet sin respons til kriser. Vidare beskrev dei at i over 100 år har deira arbeid putta den tidlause jødiske verdien felles ansvar i aksjon, noko som har gjort JDC essensielt for overlevinga til millionar av menneske og fremminga av jødisk liv rundt om i

<sup>83</sup> RA/S-6794/D/Da/Dac/L2009/0007 Statens Utlendingskontor. Brev datert til 18.02.1969.

<sup>84</sup> RA/S-6794/D/Da/Dac/L2009/0007 Statens Utlendingskontor. Brev datert til 25.02.1969.

<sup>85</sup> Brochmann og Kjeldstadli 2014, 206.

<sup>86</sup> Corell 2000, 89-90.

verda.<sup>87</sup> I tillegg til å jobbe inn mot myndigheter, samarbeidde JDC også med andre hjelpeorganisasjonar og nasjonale jødiske miljø. Blant desse organisasjonane var Det Norske Flyktningeråd. Som me skal sjå seinare i oppgåva, spelte JDC i ei viktig rolle for det jødiske miljøet i Polen før eksodusen gjennom bidrag til drift av forskjellege verksemder.

## 2.4 Oppsummering

Totalbilete som teiknar seg er at Noreg innan 1968 hadde reist seg økonomisk etter krigen.

Det kom relativt få immigrantar til Noreg i denne perioden, men dei fleste som kom var med å bidrog til denne gjenreisinga. Dette gjaldt også flyktningar. Denne gjenreisinga opplevde også andre vesteuropeiske land, der av ein del fekk langt fleire immigrantar enn Noreg. Menn var framleis i klar overvekt i arbeidslivet, og husmorverksemd utbreia blant kvinner, noko som passa eksempelvis nykomne jødiske kvinner därleg.

Den kalde krigen var den overhengande verkelegheita Noreg måtte forholda seg til. Som allierte av USA blei norske myndigheter nøydde til å opne sine grenser for varer og arbeidskraft innan OECD. Innvandringslovgivinga blei liberalisert, først overfor Norden, og så utover. Hendingar i Aust-Europa, i første rekke Tsjekkoslovakia og Ungarn, førte til dei få større flyktningstraumane til Noreg. Også generelt missnøyde avhopparar frå Aust-Europa blei ein del av immigrasjonsbilete vestlege land måtte forhalda seg til. Kva gjaldt dei austeuropeiske flyktningane som kom til Noreg, var dei i stor grad plukka ut for å tilfredsstille krav på arbeidsmarknaden. Dette fokuset gjorde at dei som blei plukka ut på reint humanitært grunnlag og ikkje kunne arbeida blei omtala som «minusflyktningar». Ein liten del av flyktningane som kom i denne perioden var jødar. Det etablerte jødiske miljøet som møtte dei jødiske flyktningane var svært hardt råka av krigen, og derfor få og økonomisk utsette. Bistand frå organisasjonar som JDC blei derfor viktig for gjennomføring av «displaced persons»-mottaket på slutten av 1940-talet.

Ein god del av flyktningane, deriblant dei jødiske, reiste etter ei stund frå Noreg. Blant grunnane til dette, var truleg faktumet at Noreg var eit svært homogent land der det må ha vore vanskeleg å falle på utsida av majoriteten. Norske myndigheter dreiv også ein busetnadspolitikk som spreidde flyktningane over alle kantar, og slik ikkje gav dei moglegheita til å skape etniske subkulturar. Geografi og klima i Noreg kunne også by på utfordringar om ein var uforberedt. Desse faktorane var truleg med å bidra til at fleire flyktningar forlét Noreg dei første etterkrigstiåra.

---

<sup>87</sup> American Jewish Joint Distribution Committee 2020.

Aktørane som styrte norsk innvandringspolitikk var regjeringa og Stortinget, mens byråkratar i departementa hadde som oppgåve administrere den i praksis. Byråkratar i departementa hadde i mellomkrigstida og rett etter krigen hadde uttrykte skepsis til jødiske handelsmenn. Dette kan ikkje sjåast som noko anna enn antisemittisk stereotypi. Men på 1960-talet var byråkratiet i nokre tilfelle enda meir liberale med blant anna avhopparar enn lovverket påkrav. Eit generasjonsskifte hadde truleg skjedd i denne perioden, samt at fokuset på ytre «farar» nå var retta mot dei austeuropeiske statane. For å gjennomføre mottak av flyktningar samarbeidde staten med ulike hjelpeorganisasjonar. Når det var snakk om jødiske flyktningar var det fleire jødiske organisasjonar, deriblant JDC, som gjorde ein ekstra innsats.

Norske tiltak for menneske på flykt var ikkje utelukkande å ta dei til Noreg. I etterkrigstida blei «beskytting i nærområdet» eit satsingsområde. Effektivitetsomsyn var ein viktig del av rasjonale bak denne politikken. Blant dei viktigaste bidragsytarane i flyktningeleirar frå norsk side var Røde Kors. Hjelp i nærområdet og mottak av flyktningar i Noreg var ikkje gjensidig utelukkande. I det ungarske tilfellet starta ein med hjelp i nærområdet, før ein i likskap med Sverige og Danmark begynte å hente flyktningar til landet.

### Kapittel 3: Den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande jødiske emigrasjonen

Når me skal undersøkje den jødiske emigrasjonen frå Polen frå 1968, må me sjå på kva som fekk jødane til å emigrere, og kontekstane det hende i. Jødar hadde ei lang historie i Polen. Landet var eit senter for jødisk liv i Europa før Holocaust, då denne stillinga fekk ein brutal slutt. Den tyske invasjonen av Polen i 1939 var det offisielle startskotet på andre verdskrig, og Polen det landet der flest jødar døyde under krigen. Her låg leirar som utryddingsleiren Auschwitz. Berre ein tidel av dei 3,5 millionar jødane i Polen før andre verdskrig overlevde Holocaust.<sup>88</sup> På slutten av krigen, då dei tyske områda blei erobra av den rauda arme og jødar i leirane frigide, var dei færreste overlevande jødane polske. Dei utanlandske jødane, samt ein del polske, reiste frå landet kort tid etter krigens slutt. Likevel prøvde majoriteten av dei polske jødane å bygge eit nytt liv i etterkrigs-Polen. Innan 1970 var det lite igjen av denne draumen og den jødiske befolkninga i seg sjølv. Befolkninga var nede i eit par tusen menneske; Deira synagogar, organisasjonar, og kulturelle institusjonar var nedlagde eller redusert til skygger av sjølv deira førkrigssjølve. Verken assimilasjon eller ei høg

---

<sup>88</sup> Starnawski 2002, 2.

dødelegheitsrate var hovudgrunnen for denne nedgangen. Det viktigaste sosiale fenomenet til å forme polsk jødedom i etterkrigstiåra var emigrasjon.<sup>89</sup>

I dette kapittelet skal eg ta for meg den polske staten og jødane frå 1945 og fram til den antisemittiske kampanjen, og den følgjande jødiske emigrasjonsbølga, frå 1968. Vidare skal eg kort belyse den internasjonale konteksten Polen opererte i, under Sovjetunionens koldkrigsleiing, i tilnærminga til jødar og Israel. Avslutningsvis skal eg ta for meg den antisemittiske kampanjen og den jødiske emigrasjonen. Dette skal eg gjere med hjelp av forskingslitteratur, intervjubeskrivingar frå tidsvitne, og arkivmateriale som viser norske aktørar sine opplevingar av hendingane i samtidia.

### 3.1. Den polske staten og jødane etter 1945

Den jødiske befolkninga i Polen før andre verdskrig var den største i Europa.<sup>90</sup> Etter krigen var situasjonen ein heilt annan. Izabela Dahl og Einar Lorenz oppsummerte den jødiske befolkninga på polsk område etter andre verdskrig i tre grupper: Overlevande som hadde greidd å skaffa seg falske «ariske» dokument, soldatar, og overlevande frå konsentrasjons- og utryddingsleiarane. Dei fleste polske jødane som overlevde krigen, opphaldt seg i Sovjetunionen. Dei blei sendt tilbake til Polen mellom februar og juli 1946. Truleg nådde talet på desse cirka 216 000 i slutten av juni 1946. Dahl og Lorenz beskrev at tilbakekomsten til dei austlege og sentrale delane av Polen viste seg å vere vanskeleg og ofte umogleg. Jødane sine heimar var enten øydelagde eller overteke av lokalbefolkninga. Overlevande som vende tilbake, blei møtt med fiendtlege haldningar av polakkane, grunna blant anna motstand mot å måtte levere eigedomane til jødane. Ein del av polakkane var også redde for hemnaksjonar grunna si støtte til tyskarane under krigen.<sup>91</sup> Den jødiske befolkninga i Polen forblei blant dei største jødiske samfunna utanfor Israel den første etterkrigstida. Mindre enn dei i Sovjetunionen, Storbritannia og Romania, men større enn dei i Frankrike, Ungarn, Tyskland, og Nederland. Trass den sterke tiltrekkinga til sionismen prøvde dei fleste overlevande først å gjenskape jødisk liv innanfor dei modifiserte grensene til Polen, og under det utviklende kommunistregimet.<sup>92</sup>

Dette utviklende kommunistregimet var ingen tilfeldigheit. Etter at Tyskland mista kontroll over Polen tok Sovjetunionen over. Då kontrollen blei gitt over til polakkar var det følgeleg

---

<sup>89</sup> Stola 2017, 169.

<sup>90</sup> Stola 2017, 169.

<sup>91</sup> Dahl og Lorenz 2009, 32.

<sup>92</sup> Stola 2017, 169.

kommunistar som fekk den reelle styringa. I 1946 blei det i ei folkeavstemming bestemt å avskaffe Senatet, utføre landreform og nasjonalisering av grunnleggande industriar med oppretthalding av private bedrifter, og ha polske grenser med det Baltiske hav og langs Oder og Neisse. Resultata blei slik den kommunistiske blokka ønskte.<sup>93</sup> I 1947 blei det gjennomført parlamentsval. Det blei ikkje tillate nokon fridom i dette valet, noko kommunistane innrømma allereie før valet.<sup>94</sup> Den demokratiske blokka under kommunistisk leiing fekk etter ein valkamp med trakassering av sine motstandarar i PSL (Polskie Stronnictwo Ludowe) og valjuks 80 prosent av stemmene.<sup>95</sup> Frå den kommunistiske blokka fusjonerte Polska Partia Robotnicza (PPR) og Polska Partia Socjalistyczna (PPS) i desember 1948. Dei stifta Polska Zjednoczona Partia Robotnicza: (PZPR), for enkelheits skyld kalla det polske kommunistpartiet i oppgåva.<sup>96</sup> Partiet tok full kontroll over samfunnet. Parti- og statsapparat blei dermed knytt saman.

I kontrast til andre kommunistregjeringars anti-Israel og antijødiske politikk gjennom tidleg 1950-tal og seint på 1960-talet, erklærte Warszawa tidleg i etterkrigstida sin støtte for sionistiske mål, tolererte bevegelsens aktivitetar, og avstod frå å hindre jødisk emigrasjon. Myndighetene godtok gjenetableringa av sionistiske parti, og tilet emigrasjonsdepartement i the Jewish Agency, the Hebrew Immigrant Aid Society (HIAS), CKŻP, og JDC å opere i Polen. Agentar i Brichah – det hemelege sionistnettverket som fremja ulovleg (forbode av både Polen og Storbritannia) emigrasjon til Palestina – hadde ingen tvil om at polske myndigheter tolererte deira aktivitetar. Sommaren 1946 skaffa Brichah ein avtale som i praksis opna grensene for jødiske emigrasjon. Med eit inntrykk av denne forståinga, kryssa store organiserte grupper av ulovlege emigrantar grensa til Tsjekkoslovakia på veg mot Palestina. Storleiken på denne verksemda var så massiv at den fekk internasjonal merksemd. Den britiske regjeringa, som på det tidspunktet avgrensa innvandringa til Palestina, pressa sannsynlegvis Warszawa til å få avslutta denne flyten. Innan tidleg 1947 hadde polske myndigheter avslutta denne ruta. Til saman cirka 130 000 jødar – eller 40- til 50 prosent av den jødiske befolkninga – forlét Polen mellom 1944 og 1947, for det meste via det Stola omtala som ulovlege eller semi-lovlege kanalar.<sup>97</sup>

---

<sup>93</sup> Staar 1958, 202-203.

<sup>94</sup> Staar 1958, 204.

<sup>95</sup> Staar 1958, 211.

<sup>96</sup> CIA 1954.

<sup>97</sup> Stola 2017, 172.

Det var fleire grunnar til at så mange jødar valde å forlate Polen dei første åra etter andre verdskrig. For det første var fleire av dei nazistiske konsentrasjonsleirane under krigen i Polen, og følgeleg mange utanlandske jødar i Polen då leirane blei frigide. For det andre ønskete mange jødar å reise til Palestina/Israel. Ein annan viktig grunn var push-faktorar i Polen. Det fremste eksempelet på slike push-faktorar kom 4.juli 1946, då 42 jødar blei drepne under ein pogrom i Kielce.<sup>98</sup>

Som følgje av at kommunistpartiet dominerte totalt stod all Polens makkamp internt i partiet. Stola meinte slutten av 1940-talet var opphavet til spenningane innan kommunistpartieliten som kom til overflata i 1967/1968. Då blei partiet sin leiar fram til den tida Władysław Gomułka, saman med ei gruppe av andre kommunistleiarar skylda for høgrevridd nasjonalistisk avvik, avsette, og deretter arresterte. Gomułka si gruppe hadde vore i Polen under krigsåra. Gruppa av kommunistar som følgeleg triumferte på dette, var dominert av dei som var i Sovjetunionen i krigsåra. Denne gruppa inkluderte fleire prominente jødiske partimedlem.<sup>99</sup> Stalinisten Bolesław Bierut vaks fram som Polens leiar frå 1948. Denne makta haldt han på heilt til sin død i Moskva 12. mars 1956.<sup>100</sup> Dette bana veg for Gomułka, som returnerte til makta. Partileiarskapet vart delt inn i to fraksjonar. Den relativt reformistiske gruppa som blei kalla «Puławy» inkluderte leiande jødiske kommunistar, og den andre fraksjonen som blei kalla «Natolin» nølte ikkje med å utnytte det etniske argumentet mot si rivalgruppe. Gomułka forma først ein strategisk pakt med Puławy-gruppa, men etter kvart som tida gjekk plasserte han sine i eigne folk i nøkkelposisjonar. Under slagord om å nedkjempe revisjonisme, var han i stand til å svekkje Puławy-fraksjonens posisjon.<sup>101</sup>

Maktskiftet i 1956 gjekk ikkje saumlaust. Włodzimierz Rozenbaum beskrev at det politiske og sosiale kaoset i 1956 tvang meir enn 51 000 jødar ut av Polen. Nært 37 000 blei igjen og tilpassa seg den nye situasjonen. Invitasjonen den polske regjeringa gav til JDC, og det globale utdanningsnettverket basert på jødiske verdiar The Organization for Rehabilitation through Training (ORT), hjelpte til å styrka livet til det jødiske samfunnet. Dette med å subsidiera trening, bedrifter og organisasjonar som tilbydde jobbar til dei som hadde mista statsjobbane sine. Mange trudde på brevet til kommunistpartiet sitt sekretariat sentralkomite frå april 1957 om nedkjemping av nasjonalisme og antisemittisme. Men bak fasaden gjorde Gomułka sin krets ei rekkje val som hadde klar restriktive effektar på det jødiske samfunnet.

---

<sup>98</sup> Stola 2017, 172.

<sup>99</sup> Stola i Blobaum 2005, 287.

<sup>100</sup> Pons og Service 2010, 54.

<sup>101</sup> Stola i Blobaum 2005, 287.

Dei sat seg «spreiing» av jødar som mål, ved å fjerne dei frå sine posisjonar eller blokkere deira promotering i utanrikstenesta, utanrikshandel, sikkerheitstenesta, militæret og andre statsnøkkelsektorar (Gomułka refererte til desse forsøka i politbyråmøtet 8. april 1968). På det politiske nivået blei jødar gradvis eliminert og hindra frå viktige posisjonar i partiorganisasjonen og statsadministrasjonen. I 1959, på kommunistpartiet sin tredje kongress, blei fleire jødar fjerna frå sentralkomiteen under påskot av kamp mot revisionisme (omgrepene «revisionist» var rutinemessig reservert for partimedlemer med jødisk bakgrunn). Dei vart erstatta av trufaste stalinistar som hadde lidd politisk tap i 1956. I 1964 følgde den fjerde kongressen under banneret av å promotere yngre og betre utdanna menneske til leiarskapet. Eit par fleire jødar vart ramma. Rozenbaum meinte den antisemitiske naturen av desse forandringane vart avslørt i 1968.<sup>102</sup>

På 1960-talet oppstod ein ny styrke på den politiske scenen, dei såkalla «Partisans». Dette var ei forholdsvis laus gruppe av partileiarar som aktivistar på lågare nivå. Dei blei sameinte av liknande politiske bakgrunnar, krigserfaringar, uinntaksløse ambisjonar, samt eit verdssyn som kombinerte kommunisme og nasjonalisme. General Mieczysław Moczars var deira uomstridde leiar.<sup>103</sup>

Som dei andre kommunistiske landa under den kalde krigen var Polen prega av statleg overvaking. Det råka også det jødiske miljøet i Polen. Den polske historikaren Jerzy Eisler beskrev at frå starten av 1960-talet blei det polske ministeriet for interne affærar (MSW) aukande interessert i det jødiske samfunnet. Funksjonærane deira gjøymde ikkje sine antisemittiske synspunkt. MSW gav betydeleg merksemeld til den hovudoverlevande jødiske organisasjonen i Polen Sosial og Kulturell Assosiasjon for Jødar i Polen (TSKŻ). Denne organisasjonen hadde i 1966 knapt 7500 medlemmer. MSW var særleg interessert i ungdomsklubben deira «Babel» som vart stifta i 1962 av organisasjonen si Warszawa-avdeling. Seks år etter stiftinga hadde «Babel» 262 medlemmer. Seinare blei den biletet på «zionistkonspirasjonen» i propagandaen leia av hendinga i mars 1968. Sjølv år seinare, insisterte og hevda partipublikasjonar falskt at «Babel-klubben» var «eit propagandaforum for sjävinisme og jødisk nasjonalisme, som aspirerte til å installere sionistutsiktene blant klubbens ungdomar». Henryk Szajfer, som var medlem av «Babel», uttrykkja at det aldri var teikn til nokon «emigrasjonsatmosfære» i klubben, verken i «Babel» eller i leiarane som blei organiserte av TSKŻ der «eit jødisk samfunn blei forma». På laurdagar var det

---

<sup>102</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 62.

<sup>103</sup> Stola i Blobaum 2005, 287.

dansearrangement i klubben, som også blei nytt av mange unge ikkje-jødiske personar. I tillegg var diskusjonar med velkjente menneske eit viktig element av klubbens aktivitet.<sup>104</sup>

### 3.2. Den internasjonale konteksten – Sovjetunionens tilnærming til jødar og Israel 1945-1968

Hendingane i Polen eksisterte ikkje i eit internasjonalt vakuum. Dei var ein del av eit internasjonalt bilet i ein kald krig- og 1968-protestbevegelseverkelegheit. Polen var på den austlege sida under Sovjetunionens leiing i den kalde krigen. Det er derfor nødvendig å sjå på Sovjetunionens tilnærming til jødar i landet og staten Israel for å forstå satellittstatar som Polens tilnærming. Trakassering av jødar, gjennom eksempelvis showrettsaker mot jødar som Slánský-prosessen i Tsjekkoslovakia, førekomm i fleire austeuropeiske land. Sidan det var Sovjetunionen som var Aust-Europas stormakt, med sterkt påverknadskraft på dei andre austeuropeiske landa, er det deira behandling av jødar eg ska framheva her. Det skal eg gjere ved hjelp av den polskfødde israelske historikar- og samfunnsvitaren Benjamin Pinkus bok «*The Jews of the Soviet Union – The History of a National Minority*» frå 1989. Perioden i fokus er frå andre verdskrig til dei austeuropeiske landa sine reaksjonar på sekshagarskrigen.

Pinkus rangerte åra ifrå signeringa av den tysk-sovjetiske ikkje-angrepssakta 23. august 1939 til Stalins død 5. mars 1953 som den verste perioden for sovjetiske jødar. Den antijødiske retninga til Stalins politikk nådde sitt toppunkt i åra mellom 1948 til 1953. Då blei det ført ein offisiell kampanjen mot jødisk nasjonalisme, «kosmopolitisme», og sionisme.<sup>105</sup> Samtidig som Sovjetunionen undertrykte jødar i eige land, spelte stormakta ei viktig rolle i danninga av staten Isreal. I februar 1945 blei Stalin einig med Roosevelt og Churchill om at ein del av mandatsområdet Palestina, skulle bli gitt til jødar for å bli utvikla som deira nasjonale heim, og at Palestina skulle tillate uavgrensa jødisk innvandring. Same månad blei denne sovjetiske politikken opent uttrykkja på opningskongressen av World Federation of Trades Unions, haldt i London. Leiaren av den sovjetiske delegasjonen, V. Kuznetsov, stemte på vegne av sin delegasjon for ein resolusjon som bestemte, inter alia, «at det jødiske folket skulle bli tillatne å fortsette med deira bygging av Palestina som ein nasjonal heim, som dei har begynt å gjere med stor suksess, med midlar som innvandring, jordbruk, busetting og industriell utvikling».<sup>106</sup>

<sup>104</sup> Eisler i Głuchowski og Polonsky 2009, 42-43.

<sup>105</sup> Pinkus 1989, 138.

<sup>106</sup> Pinkus 1989, 164.

Etter Pinkus meining var det enda viktigare at Sovjetunionen godkjente emigrasjon av jødar frå Aust-Europa til Polen, og til dei vestleg okkuperte regionane av Tyskland og Austerrike. Dette trass i at det var openbart at emigrantane intensjon var å nå Palestina.<sup>107</sup> Mektige Sovjetunionen, som på dette tidspunktet i praksis var Aust-Europas leiar, spelte med desse handlingane ei sentral rolle for staten Israels danning og større jødiske befolkningsgrunnlag. Intensjonane bak denne politikken tronk ikkje vere venlegsinna overfor jødar. Også antisemittiske ønsker om å kvitta seg med jødar i Aust-Europa kan ha spelt inn slik dei skulle gjere i Polen frå 1968.

Sovjetunionens positive innstilling til Israel skulle endre seg. Etter ei stund såg dei moglegheiter til å vinne påverknad i Midtausten gjennom dei arabiske statane som låg i konflikt med Israel. Det første teiknet på ein endring i den «nøytrale» haldninga til sionisme meinte Pinkus begynte å oppstå i august 1948. Ein pamflett av den sovjetiske jødiske orient V. Lutsky basert på sine forelesningar utsalte, inter alia, at «Med støtta til England og USA, har dei borgarlege jødiske nasjonalistane forsøkt å transformere Palestina til ein rein jødisk stat, utan å ta med i tankane interessene og rettane til den lokale befolkning». Lutsky utdypa vidare at Sovjetunionen hadde avvist program for å gjøre Palestina til ein jødisk stat eller ein rein arabisk stat.<sup>108</sup> Pinkus beskrev perioden frå juni 1949 til starten av april 1953 som karakterisert av sovjetiske forsøk på å utvide sin påverknadssfære i Midtausten. Det lykkast dei ikkje med i denne perioden. Dei sovjetiske leiarane oppretthaldt følgeleg kontakten med Israel, trass i deira antijødiske og antisionistiske politikk.<sup>109</sup> Slik begynte Midtausten å bli ein del av spelet mellom USA og Sovjetunionen i den kalde krigen. Det låg enorm prestisje i kvar einaste konflikt desse to stormaktene engasjerte seg i, og i Midtausten skulle dette kulminere i seksdagarskrigen.

Nikita Khrusjtsjov fekk etter kvart grep om makta i Sovjetunionen. Han var førstesekretær i kommunistpartiet frå 1953 til 1964, og formann av ministerrådet frå 1958 til 1964.<sup>110</sup> I denne perioden formaliserte Sovjetunionen sitt jerngrep over Polen og fem andre land i Warszawapakta som blei grunnlagd i 1955.<sup>111</sup> Stalins død førte til ein del forbetringer for sovjetiske jødar, men dei siste åra av si regjeringstid gjennomførte Khrusjtsjov ein antisemittisk propagandakampanje. Pinkus meinte at trass at mykje av propagandakampanjen

---

<sup>107</sup> Pinkus 1989, 164.

<sup>108</sup> Pinkus 1989, 168.

<sup>109</sup> Pinkus 1989, 170.

<sup>110</sup> History.com 2019.

<sup>111</sup> Rosenberg 2018.

var retta mot den jødiske religionen, minna angrepa på sionisme mellom 1959 og 1964 – i religiøs kontekst eller direkte – om antisionistkampanjen i Stalins siste år. Jødiske organisasjoner som JDC blei angripe, og det blei repetert referansar til banda som band sionisme og Israel med jødiske og ikkje-jødiske kapitalistar rundt om i verda.<sup>112</sup>

5. juni 1967 brøyt det ut ein seks dagar lang krig (seksdagarskrigen) i Midtausten. Israel vant krigen over dei arabiske nabolanda Egypt, Syria, Jordan og Irak. Gansinger beskrev at Israels siger blei møtt med fiendskap blant leiarane av Warszawapakta. Dei arabiske hærane hadde lidd eit audmjukande nederlag mot dei israelske styrkane trass støtte frå Sovjetunionen. Med unntak av Romania, kutta alle medlemslanda diplomatiske samband med Israel etter eit møte mellom dei austeuropeiske leiarane i Moskva.<sup>113</sup>

Sovjetunionens behandling av jødar kan oppsummerast med mistru frå det politiske leiarskapet og majoritetsbefolkninga mot jødar som ein nasjonal minoritet, og aktiv propagandabruk av statsstyrt media. Bruken av Israel og sionisme som eit skjold mot antisemittismeskyldingar går igjen. Sovjetunionen valde følgeleg å stanse jødane sine emigrasjonsmoglegheiter. Frå kort tider etter opprettinga såg Sovjetunionen på Israel som ein leir for amerikansk imperialisme. Med si leiande stilling på den austlege sida under den kalde krigen hadde Sovjetunionen stor påverknad på sine satellittstatar, blant desse Polen. Dette gjaldt både innanriks- og utanrikspolitisk, og med det både behandling av jødar internt og tilnærminga til Israel. Kanskje viktigast av alt; dei hadde makt til å gripe inn å hindre utviklingar dei ikkje ønskte innan austblokka, og dei kunne mobilisere Warszawapakta til dette. Det fekk Tsjekkoslovakia erfare i august 1968. Med andre ord kunne hendingane i Polen i 1968 ha blitt stansa om det sovjetiske leiarskapet verkeleg ønskte dette, noko det polske leiarskapet var klar over. Sovjetunionens eigen behandling av jødar sørja for at det polske leiarskapet ikkje trong bekymre seg for dette. Då situasjonen i Polen kom opp i Stortinget 30. mai 1968 uttrykte formann i utanriksnemnda Bent Røiseland bekymring også for dei sovjetiske jødane.<sup>114</sup> Sovjetunionens allianse med Polen avgrensa også kva moglegheiter vestlege land, i fremste rekke USA, hadde til å reagere utan å skape spenningar i den kalde krigen.

---

<sup>112</sup> Pinkus 1989, 249-250.

<sup>113</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 342.

<sup>114</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3960.

### 3.3. Den antisemittiske kampanjen i Polen 1968

#### 3.3.1 Forspelet: Polske myndigheter sine reaksjonar på seksdagarskrigen

Som me har sett følgde polske myndigheter Sovjetunionen i kutte all kontakt med Israel som følgje av seksdagarskrigen. I dagane gjennom og etter seksdagarskrigen blei polsk media gjennomsyra av ein svertekampanje mot Israel. Den israelske ambassadøren til Polen blei beordra ut av landet 12. juni 1967, berre ein dag etter at våpenkvila mellom Israel og dei arabiske statane blei signert. Då den israelske legasjonen forlét landet kort tid etter, opplevde dei effektane av anti-Israel oppviglinga førstehands: Ein rasande og opphissa forsamling gav dei eit skremmande farvel på flyplassen, med hetsande rop mot ambassadøren og angrep på ambassadepersonell.<sup>115</sup> Polske myndigheter, med kommunistpartiet sin førstesekretær Władysław Gomułka i spissen, vende raskt fokuset mot polske jødar. Umidelbart etter seksdagarskrigen, 19. juni 1967, skylda Gomułka jødar i Polen for å vere «den femte kolonne» (indre fiende).<sup>116</sup> Det konkrete sitatet var:

«We cannot ignore the people who, when facing a threat to world peace and Poland's security and peaceful operation, take the side of the aggressors, the havoc-breakers and the imperialists. We do not want to have a fifth column in our country. I urge those who feel that these words are directed at them – regardless of their nationality – to draw appropriate conclusions.»<sup>117</sup>

Dei klare antisemittiske undertonane i talen råka polske jødar hardt. Informant 1 forklarte at grunna hen sin privilegerte status som Ph.d.-student på ein internasjonalt anerkjent institusjon, følte hen seg ikkje personleg ramma av kampanjen i 1968. Hen meinte likevel at situasjonen endra seg for hen, og dei fleste polakkar av jødisk avstamming, etter Gomułka sin tale i 1967.<sup>118</sup> Halina Thee beskrev at då Gomułka haldt talen skjønte foreldra hennar kor dette var på veg. Dei begynte følgeleg å gå turar i parkar, for å avgrense overvaking dei blei utsette for i leilegheita dei hadde grunna farens statleg jobb.<sup>119</sup>

#### 3.3.2 Studentprotestar og motreaksjonar

Etter årskifte forverra situasjonen seg for polske jødar. Forbodet av teaterstykket Dziady (Vaken-natt) av det polske forfattarikonet Adam Mickiewicz (1798-1855), viste seg å skape ein snøballeffekt. Grunnen til at polske myndigheter forbod dette teaterstykket var at det

<sup>115</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 342.

<sup>116</sup> Stola 2006, 184.

<sup>117</sup> Rusiniak-Karwat 2020.

<sup>118</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>119</sup> Bivand Erdal 2019.

blei sett som antirussisk. Ein av historikaren som har skrive omfattande om dei følgjande hendingane er Włodzimierz Rozenbaum. Han blei fødd i Sovjetunionen under andre verdskrig og flytta seinare til Polen, før han emigrerte til USA som politisk flyktning i 1969.<sup>120</sup> Rozenbaum omtala at visninga av teaterstykket gav ein moglegheit for polske myndigheter til å angripe studentar og intellektuelle. Gomułka bestemte seg for å få avslutta visninga av stykket. Han følte at teaterstykks antirussiske undertonar og entusiasmen til stykkets publikum var «eit stikk i ryggen til det polsk-sovjetiske venskap». Kliszko tilbydde eit ytterlegare typisk argument i referanse til teaterstykks regissør: «Dejmek, men du skjønner, kona hans er jødisk».<sup>121</sup> Grunninga for forbode mot var med andre ord ikkje berre prorussisk, men også prega av ein antisemittisk undertone. Gansinger beskrev at 300 studentar, der av nokre var jødiske, deltok i protestar mot forbodet 30. januar 1968. Studentane Adam Michnik og Henryk Szlajfer, som var jødiske, blei utviste frå Universitet i Warszawa som følgje av si rolle i desse protestane.<sup>122</sup>

Desse prostane blei følgd opp av nye studentprotestar i mars, noko som utløyste ein kampanje mot såkalla sionistar frå polske myndigheter. Fredag 8. mars responderte studentkollegaene til dei utviste med ein stor demonstrasjon på Universitetet i Warszawa. Demonstrasjonen blei brutalt oppløyst av sikkerheitsstyrkar. Krava om ytringsfridom og borgarrettar, blei raskt hørt på campusar over heile landet. Før helga var omme hadde titusentals av studentar og sympatisørar protestert for saka. Dette skapte frykt innan det polske regimet. Protestane hadde vakse seg for store på for kort tid til å slå dei ned stille. Det blei avgjerande å avgrensa protestanes påverknad, og stoppe deira ekspansjon utover grensene til akademia. Gansinger beskrev at dersom stemmene til arbeidarane blei med i koret om ytringsfridom, gratis utdanning og – deira verste frykt – frie val, kunne studentopptøyane utvikle seg til eit fullskala opprør. Det ungarske- og, dog framleis i utvikling, tsjekkiske eksempelet, var i polske myndigheter sin bevisstheit.<sup>123</sup> Innan tre veker hadde politiet arrestert eit par tusen unge menneske. Enda fleire blei slått, fjerna frå universitet, plassert i hæren, og svartelista av det hemelege politiet. Parallelt slo myndighetene ned på dissensane intellektuelle, lærde og artistar – ein politikk som utvikla seg til ein vidare skremmelskampanje mot heile intelligentsiaen. Den minst synlege, men viktige, komponenten av hendingane i mars 1968,

<sup>120</sup> Clark 2015.

<sup>121</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 78.

<sup>122</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 345.

<sup>123</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 345.

var maktkampen som starta bak scenen.<sup>124</sup> Slike protestar fann også stad i vestlege land, og året har fått ein spesiell plass i historiebøkene grunna alle studentprotestane verda.

Studentgenerasjonen som demonstrerte blir i populærkulturen kalla 68-arane.

Tre dagar etter studentprostane i Warszawa starta hevda det partikontrollerte media å ha oppdaga ein sionistkonspirasjon bak opptøyane, og peika ut såkalla sionistar som folkefiende nummer ein.<sup>125</sup> Sionist blei i realiteten brukt som eit kodeord for jøde med tanke på å distansere seg frå antisemittismestempel. Polske myndighetene brukte nokre av studentanes jødiske bakgrunn til å male protestane som ein sionistisk konspirasjon mot Polen, og sette i gong ein altomfattande kampanje mot jødar. Gansinger beskrev korleis alt i MSWs hovudkvarter var forberedt til å diskreditere bevegelsen i sitt tidlege stadium. Moczars menn utnytta deira nylege erverva kunnskap i kompilerte lister av dei påståtte leiande igangsetjarane, der av den overveldande majoriteten var jødiske. Etter at Gomułka og andre høgt rangerte partimedlemmer godkjente dokumentet, blei det levert til pressa med intensjon om å nøytralisere protestane gjennom å starte ein kampanje mot utanlandske provokatørar. Grunninga verkja å vere at arbeidarmassane ikkje ville ta side med ein jødisk elite.<sup>126</sup>

Kampanjen inneholdt hatefulle kolonner i magasiner og rasande kommentatorar på TV, men også ei folkeleg mobilisering. I tusenvis av offentlege møte i fabrikkar, partikontor, og sjølv sportsklubar, over heile Polen blei antisionistresolusjonar vedtekne. I desse resolusjonane fordømde folk sionistiske angrep på den polske nasjonen. Totalt blei meir enn 100 000 møte avhalde. Ein representativ resolusjon frå starten av april 1968 lese, «(Me forlangar) ein komplett fjerning av sionistiske element og andre fiendar av vår sosialistiske verkelegheit frå det politiske-, statsadministrative-, utdannings-, og kulturelle apparat og også frå sosiale organisasjonar.... Dei som i si nihilisme og kosmopolitisme forgiftar ånda og hjarta til ungdomen bør miste sin påverknad på dei».<sup>127</sup> Ein viktig del av kampanjen var den interne utreinskinga av jødar frå nøkkelpersonar i kommunistpartiet. Den siste utreinskinga blei fullført på den femte partikongressen i november 1968. Berre ein jøde, Artur Starewicz – som trufast tente Gomułka under den antisemittiske kampanjen – blei igjen i sentralkomiteen. Dette omtala Rozenbaum som eit smart alibi for Gomułka.<sup>128</sup>

---

<sup>124</sup> Stola 2017, 179.

<sup>125</sup> Stola 2017, 179-180.

<sup>126</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 345-346.

<sup>127</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 348.

<sup>128</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 91.

Personane som blei råka av kampanjen trøng ikkje vere religiøse jødar, dei fleste var derimot assimilerte og såg på seg sjølv først og fremst som polakkar. Dei trøng ikkje sjå på seg sjølv som jødar i det heile tatt, og enkelte var ikkje ein gong klare over sin jødiske bakgrunn.

Kampanjen var antisemittisk mot jødar som ei etnisk gruppe, og ikkje jødedomen som ein religion. Jødisk slektskap frå tidlegare generasjonar var derfor nok til å bli utpeika som sionist, og slik råka av kampanjen. Beskrivingane til Halina Thee, som kom til Noreg som polskjødisk flyktning i 1968 saman med familien, illustrerer korleis polske myndigheiter definerte jødar. 1968 var året då Thee skulle fullføre vidaregåande skule. På skulen hadde ho ein klasseforstandar som også var informant for politiet. Då ho skulle søkje opptak til Universitet i Warszawa måtte ho fylle ut eit skjema som inneheldt både punktet «statsborgarskap» og «nasjonalitet». Ho fylte inn polsk på begge. Eit par dagar etter innlevering av skjemaa kom klasseforstandaren tilbake med fleire av skjemaa til klassen. Han fortalte at fleire hadde fylt inn feil på «nasjonalitet». Han haldt deretter ein lengre tale om at nasjonalitet avhengde av kven moren din var, underforstått, dette var den jødiske måten.<sup>129</sup>

Polske myndigheiter hevda gjennom heile kampanjen at den ikkje var antisemittisk, men berre retta seg mot sionistiske fiendar av den polske staten. Som historikar og kommunistaktivist Józef Kępa uttrykte det i ein tale under kampanjen: «Me vil ikkje tillata oss å bli utpressa av «bogeyen» av antisemittisme».<sup>130</sup> Det var ingen tvil blant kampanjens deltakrar om at den var retta spesifikt mot jødar. I respons til Kępas utsegn ropte publikum med utvilsame antisemittiske undertonar: «La dei gå til sine meistrar! Ut!». <sup>131</sup> Etter at Noregs utanriksminister John Lyng hadde kritisert antisemittismen i Polen i Stortinget 30. mai 1968, blei den norske ambassadøren i Warszawa Christian Berg-Nielsen kalla inn på teppet av polske myndigheiter. Her gav den polske ambassadøren Szymanowski ei reiegjering med det ambassaden omtala som velkjente argument om at det overhovud ikkje var snakk om antisemittisme i Polen.<sup>132</sup> I dag blir desse bortforklaringane avvist av polske myndigheiter, inkludert den nåverande (per mars 2020) presidenten Andrzej Duda.<sup>133</sup> Stola meinte politbyråets protokollar ikkje etterlèt seg noko tvil om at ansvaret for kampanjen låg ved det leiande avgjersleorgan, og særleg ved Gomułka som var organets leiar.<sup>134</sup>

---

<sup>129</sup> Bivand Erdal 2019.

<sup>130</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 80-81.

<sup>131</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 80-81.

<sup>132</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Den norske ambassaden i Warszawa. Brev til UD. 06.07.1968.

<sup>133</sup> NTB 2018.

<sup>134</sup> Stola i Blobaum 2005, 298-299.

### 3.4. Den jødiske emigrasjonen frå Polen 1968-1970

Den jødiske emigrasjonen frå Polen hadde etter tidlegare emigrasjonsbølger stagnert på 1960-talet, fram til kampanjen. Stola beskrev at det budde cirka mellom 25 000 og 30 000 jødar i Polen på 1960-talet. Majoriteten av dei var assimilerte og sekulære. Trass at det var relativt få barrierar til aliyah (innvandring til Israel), flytta berre 4 600 menneske til Israel mellom 1961 og 1967.<sup>135</sup> Sjølv i 1967 forlét berre 500 jødar Polen, trass i at myndighetene peikte ut synspunkta til innbyggjarar av jødisk bakgrunn om seksdagarskrigen.<sup>136</sup> Det er derfor ein klar samanheng mellom kampanjen og auka i jødisk emigrasjon frå 1968. I dette delkapittelet skal eg ta for meg push-faktorar under kampanjen som fekk jødar til å forlate Polen, kven emigrantane var, og kor dei reiste.

#### 3.4.1. Tiltak mot jødar

Kampanjen bestod av mange omfattande tiltak mot jødar. Gansinger oppsummerte konsekvensane for polske jødar som katastrofale. Frykta for å bli «avslørte» som sionistforrædarar, var knytt den veldig ekte trusselen om å miste jobb, leilegheit, og sosial status. Innan eit år hadde partiet utvist cirka 8300 medlemmer frå sine rekkrer, nesten alle av dei jødar. Blant dei var fleire dusin av høgt rangert kommunistpartitenestemenn. Som eit resultat av kampanjen, mista 9000 menneske jobbane sine, flest av dei jødar. I tillegg blei hundrevis kasta ut leilegheitene deira, som naboeane gledeleg tok over. Det polske regimet tillèt jødiske statsborgarar å forlate landet på to føresetnadar: dei måtte sei ifrå seg sitt polske statsborgarskap, og dei måtte erklære Israel som sin destinasjon. Regimet legitimerte slik utreinskinga av sionistiske element på mest kyniske vis: kvifor ville desse menneskjene velje Israel som destinasjon vis dei ikkje hadde vore sionistar heile vegen?<sup>137</sup> Dette viser at push-faktorane på mikronivå var svært kraftige, og gjorde det openbart for dei råka at dei ikkje hadde nokon framtid i Polen.

Det polske kommunistpartiet hadde framleis full kontroll over staten då seksdagarskrigen inntreff. Medlemskap i partiet var derfor ein føresetnad for mange stillingar. Dei utkasta stod derfor igjen med reduserte moglegheiter. Informant 1, som var ein ung akademikar i Polen på den tida, fortalte at dersom hen hadde fortsett å bu i Polen etter doktorgraden sin ville det betydd slutten for hen si vitskapelege karriere. Informant 1 kunne ikkje blitt leiar av

---

<sup>135</sup> Stola 2017, 179.

<sup>136</sup> Eisler i Głuchowski og Polonsky 2009, 48-49.

<sup>137</sup> Gansinger i Rosenfeld 2019, 349-350.

laboratorium eller forskingsinstitusjonen, vere professor, eller ha ei framheva karriere. Det var krav om å vere medlem av kommunistpartiet, noko informant 1 verken var, eller ville vere.<sup>138</sup>

Også det organiserte jødiske livet i Polen blei brutalt råka. Polske myndigheter gjekk til angrep på landets jødiske institusjonar. Rozenbaum beskrev kampanjen som knusande for det jødiske samfunnet i Polen. Eit tidlegare medlem av kommuniststyret rapporterte at den jødiske assosiasjonen blei forbode frå å delta i alle velferdsaktivitetane; den jødiske gamleheimen – etablert med midlar frå JDC – blei fullstendig fjerna frå assosiasjonens oversyn; ORT-kursa blei likviderte; sosial assistansekommisjonen blei oppløyst; ungdoms- og barnekubbane blei nedlagde; for ein periode på ni månadar blei presidiet ikkje tillate å innkalle til møte; assosiasjonens budsjett blei kutta så alvorleg at praktisk talt ingen aktivitetar var moglege; fleire forskjellege fortsetjande avhøyr skremte leiarskapet ytterlegare; jødiske skular blei transformerte til vanlege polske skular; redaktørane av Folksztyme blei pålagde å sende inn ei full oversitjing av kvar utgåve til sensurkontoret, journalen Yidishe Shriftn og Yiddish Buch Publishing House blei nedlagde; Det Jødiske Historiske Instituttet og Det Jødiske Statsteateret blei utsette for ulideleg gransking. Jødar som hadde mista jobbane sine fann det vanskeleg å finna nye. Politbyrået etablerte ein spesialkommisjon som alvorleg avgrensa tilsetjinga av jødar som var oppsagt frå leiande stillingar. Den same kommisjonen dikterte den administrative avdelinga til å overvake emigrasjon, som var oppmuntra til av parti- og statsleiarane, samt av dei daglege uverdigheita som jødiske enkeltmenneske opplevde.<sup>139</sup>

Utestenginga av JDC, offisielt annonsera 1. april 1968 i avis Sztandar Młodych, offisielt fordi deira velgjerdsaktivitetar var «eit dekke for spionasje», råka jødane spesielt hardt.<sup>140</sup> Det høge aktivitetsnivået i det polskjødiske miljøet blei hovudsakleg finansiert av organisasjonen.<sup>141</sup> Då dette forsvann råke det sårbare jødar. Generalsekretær i Flyktningerådet Wilhelm Bøe opplyste i eit møte med UD 11. april 1969 at eldre polske jødar verka å vere særleg vanskeleg stilt. Gamleheimar som var bygga for dei med amerikanske gåver (frå JDC), var for ein stor del beslaga av myndighetene, og blei brukt til andre formål.<sup>142</sup> Denne

---

<sup>138</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>139</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 91-92.

<sup>140</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 84-85.

<sup>141</sup> Dahl og Lorenz 2009, 33.

<sup>142</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 1. politiske kontor. Notat 11.04.1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.1969.

nedbrytinga av jødisk kultur og institusjonar fungerte som ein push-faktor for personar som var involvert i organisert jødisk liv i Polen.

### 3.4.2. Press på jødane til å emigrere

Alle desse tiltaka la eit press på jødane til emigrere frå Polen. På eit møte 5. desember 1968 kom Arbeiderbladet Aust-Europakorrespondent Dag Halvorsen med lengre utgreiingar om situasjonen i Polen. Han opplyste at ein kjent polsk vitskapsmann hadde uttala at polske myndigheter tok sikte på at alle jødar skulle ha forlèt i løpet av 1969. Halvorsen meinte at dette var noko pessimistisk, og at emigrasjonen truleg ville gå langsamare.<sup>143</sup> Det er likevel liten tvil om at å bli kvitt alle jødane var polske myndigheter sin ambisjon frå kampanjens start. Eit par veker etter studentprotestane i mars 1968 annonserte Gomułka offentleg at staten var «klar til å gi emigrasjonspass til dei som såg på Israel som sitt fedreland».<sup>144</sup> Denne politikken blei stadfesta av statsminister Cyrankiewicz. Lågare rangerte offiserar og politibetjentar følgde raskt. Jødar blei oppfordra på direkte vis om å pakke og dra. Eksempelvis appellerte offiserar på lågare nivå til jødane sin «sunne fornuft»: «Innbyggjarar, dekan har eit så nydeleg land, kva er poenget med å henge rundt i Polen?». <sup>145</sup> Ein sikkerheitstenesteagent åtvara ein student:

«If you don't fucking leave by September you won't have a life here; you'll prefer to hang yourself.»<sup>146</sup>

Passbyrået følgde partiet si leiing, og fjerna alle hindrar i vegen for potensielle emigrantar så lenge dei var jødiske. Som ved 1950-talsprosedyra måtte søkerane sende ein søknad om forandring i statsborgarskap, nemleg å oppgi sitt polske statsborgarskap, før avreise. Til slutt forlét dei ikkje ein gang Polen på eit polsk pass, men med eit identitetsdokument – essensielt ein einvegsbillett – som blei gitt til statslause menneske.<sup>147</sup>

Blant dei tusenvis av jødane som mista både jobb og partimedlemskap var Marek Thee. Dottera Halina beskrev at hovudnasjonalavisa Trybuna Ludu trykte ei liste med 13 namn, deriblant farens, i ein kort notis. Ho beskrev at dei 13 blei skylda for å ha antipolske haldningar, vere ein del av den femte kolonne, eller kven veit. Vidare beskrev ho at faren etter kvart blei erklært persona non grata i Polen. Det starta med at dei blei kasta ut av

---

<sup>143</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

<sup>144</sup> Stola 2017, 179-180.

<sup>145</sup> Stola 2017, 179-180.

<sup>146</sup> Stola 2017, 179-180.

<sup>147</sup> Stola 2017, 180.

leilegheita fordi den var for stor for berre dei fire i familien. Polske myndigheiter ønskete å kaste han ut av det Polske Instituttet for Internasjonale Affærar. Dette ville bety at familien ikkje kunne bu i deira statseigde leilegheit, og ikkje ville ha noko å leve på. Myndigkeitene støtte på nokre problem. For det første var Marek Thee medlem av kommunistpartiet, for det andre leia han fagforeininga på instituttet, og for det tredje var han grunna innsatsen sin godt likt av mange. Men etter ein viss prosess, blei han etter eit langt partimøte sparka ut av partiet. Etter kvart blei han også avsette frå instituttet og forboden å publisere. Marek Thee fekk eit seks månadars varsel, og fylte etter kvart ut utreisesøknadar til Israel for familien, men dei enda opp i Noreg i desember 1968.<sup>148</sup>

Thee-familien si historie speglar erfaringar til mange polske jødar som forlét Polen. Frå under seks dusin søkjrar i mars 1968, dobla søknadstala seg i kvar av dei neste månadane, og nådde 577 i juni. Etter fleire månadar med stabil utflukt, sette polske myndigheiter ytterlegare press på å få jødar i landet til å emigrere sommaren 1969.<sup>149</sup> Informant 1 trakk fram 9. juni 1969 som eit viktig vendepunkt. Denne dagen hadde den kommunistiske partiavisa ei annonse om at polakkar av jødisk avstamming berre kunne søkje emigrasjon til Israel fram til 1. september 1969 (som var på dagen 30 år etter den tyske invasjonen av Polen). Informant 1 beskrev at dette førte til panikk, og at Sverige og Danmark «opna dørene» for jødiske emigrantar.

Informant 1 forklarte at ein om ein hadde familie i utlandet før dette, fritt kunne emigrere frå Polen som jøde eller tyskar for familiegjenforening. Denne moglegheita eksisterte ikkje for andre polakkar. Informant 1 beskrev at det var fritt fram for jødar å emigrere heile tida etter andre verdskrig. Etter denne annonsen bestemte Informant 1 sine foreldre seg for å emigrere til Israel. For hen sin eigen del, hadde hen mista håpet om at ting (det politiske systemet) kunne endre seg i Polen etter Warszawapakt-landa sin invasjon av Tsjekkoslovakia i august 1968. Informant 1 var med andre ord hovudsakleg prega av push-faktorar på makronivå i sitt val om å forlate Polen.<sup>150</sup> Stola beskrev at dette varselet tente ein ny kjapp emigrasjonsauke.<sup>151</sup>

### 3.4.3. Oversikt over omfang og mål av jødisk emigrasjon

#### 3.4.3.1 Kven var flyktingane?

Flyktingane var i stor grad assimilerte jødar. Jakob Hurre presiserte at det også fanst ei mindre gruppe religiøse jødar i Polen i 1968. Medlemmene av denne gruppa representerte dei

---

<sup>148</sup> Bivand Erdal 2019.

<sup>149</sup> Stola 2017, 180.

<sup>150</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>151</sup> Stola 2017, 180.

siste restane av førkrigstida sin jødedom, og var mindre knytt til den polske eliten enn den assimilerte gruppa. Tala på kor mange jødar som forlét Polen varierer som me har sett noko. Hurrel omtala talet til 12 927 på statslause polakkar av jødisk bakgrunn som forlét Polen mellom 1968 og 1971. Han beskrev at denne gruppa inneholdt meir enn 500 universitetsprofessorar og forskarar, 60 tilsette ved TV- og radiostasjonar og 100 musikarar, skodespelarar, artistar og filmskaparar. I tillegg var cirka 520 av emigrantane tilsette i sentralstatsadministrasjonen, dette inkluderte høgt rangerte ekspertar frå Polens nasjonale ministerium.<sup>152</sup> Rozenbaum omtala at dei innsamla dataa viste at utdanningsnivået til dei jødiske emigrantane var åtte gonger høgare enn gjennomsnittet for den polske befolkninga. Den overveldande majoriteten inkluderte ingeniørar, legar og folk med hovudfag i økonomi og humaniora.<sup>153</sup>

#### *3.4.3.2 Migrasjonsveier: Kor emigrerte dei jødiske flyktningane til og korleis?*

I prinsippet var føresetnaden frå myndighetene si side for å gi utreisetillating at emigrantane reiste til Israel. Den politiske bakgrunnen for dette, var at myndighetene ønskte at jødane før utreisa skulle erklære seg som sionistar med Israel som sin første lojalitet. Det dreidde seg slik Dag Halvorsen såg det om eit forsøk på «face saving» frå polsk side, slik han uttrykte på eit møte med personar frå den norske utanrikstenesta 4. desember 1968. Det var likevel Halvorsen sitt bestemte inntrykk at dei polske myndigheiter i realiteten var mindre interessant i kor dei polske jødane reiste når dei først var ute av Polen. Halvorsen var ikkje kjend med noko tilfelle der det frå polsk side var komme til represaliar eller vanskelegheiter overfor mottakarland av polske jødar som hadde søkt utreise til Israel, men som i verkelegheita hadde reist til eit anna land. For dei polske myndighetene var det imidlertid politisk viktig å bevare fasaden. Derfor oppretthaldt ein prinsippet om emigrasjon til Israel, og gjorde jødane statslause før utreisa.<sup>154</sup>

Enkelte av dei polske jødane reiste direkte til sin destinasjon, mens andre måtte innom mellomstasjonar. I det nemnde møtet trakk Halvorsen fram at Wien var blitt ein viktig mellomstasjon for den jødiske emigrasjonen frå Polen. Dei polske jødane måtte betale ein sum tilsvarande 5000 kroner for å få utreisetillating for ein person. Det blei også anvend strenge tollreglar for det dei ønskete å ta med seg ut.<sup>155</sup> Denne migrasjonsvegen blei omtala av

---

<sup>152</sup> Hurrel 2005, 2.

<sup>153</sup> Rozenbaum i Głuchowski og Polonsky 2009, 91-92.

<sup>154</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

<sup>155</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

norsk media i si samtid. VG framheva ekspresstoget frå Warszawa til Wien, «Chopinekspressen», som mange polske jødar tok til Wien.<sup>156</sup>

Det landet flest polskjødiske flyktningar enda opp i var Israel, slik alle måtte erklære intensjonar om for å få utreise. Gansinger anslo at nesten 30 prosent av dei enda der. Resten reiste til andre land, der av framheva han USA, Sverige og Frankrike.<sup>157</sup> Hurrel nemnte også Danmark, samt at han poengterte at mindre grupper reiste til Italia, Tyskland og Storbritannia.<sup>158</sup> Ingen av dei nemnde som me ser Noreg, som berre tok imot nokre få. At mange av flyktningane ville ende i Israel, var forutsigbart frå kampanjen starta. Polske myndigheter erklærte at dei alle skulle til Israel, og den israelske staten stod open for jødar. Sidan Israel ikkje hadde representasjon i Polen etter seksdagarskrigen, var det den nederlandske ambassaden som handterte søknadar om visum.<sup>159</sup> Både push- og pull-faktorane på makronivå dytta altså flyktningane mot Israel. I tillegg hadde dei tidlegare jødiske emigrasjonsbølgene frå Polen sørsla for at mange polske jødar hadde kontaktar som venner eller slektningar i Israel, slik Informant 1 sine foreldre hadde.<sup>160</sup> Nettverksmigrasjon var derfor ein stor forklaring på flyten mot Israel. Men kvifor valde 70 prosent likevel andre land?

Den første forklaringa var at det i 1968 fanst land som verkja tryggare enn Israel. Sidan opprettinga i 1948 hadde Israel vore i konstant konflikt med sine arabiske naboar. Desse konfliktane hadde ført til krig så seint som året før. Bent Melchior beskrev om sitt møte med flyktningar som kom til Danmark, at det var forholdsvis mange eldre som føretrekte det trygge Danmark over det kjempande Israel.<sup>161</sup> Ein annan grunn, var at det som me har set, hadde vore større jødiske emigrasjonsbølger til Israel tidlegare i etterkrigstida. I forkant av kampanjen hadde det vore forholdsvis få hindringar for polske jødar til å emigrere til Israel, men emigrasjonen hadde stagnert. Det kan tyde på at dei polske jødane som verkeleg ønskta å emigrere til Israel allereie hadde reist før 1968. Blant flyktningane som vart råka av kampanjen var det mange som hadde vore ein del av den politisk-, akademiske. og kulturelle eliten i det kommunistiske Polen. Det var derimot få sionistar, og jødisk identitet og -nasjonalisme var lite utvikla blant dei fleste av dei.

---

<sup>156</sup> VG 03.03.1969, 10.

<sup>157</sup> Gansinger 2016.

<sup>158</sup> Hurrel 2005, 2.

<sup>159</sup> Bivand Erdal 2019.

<sup>160</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>161</sup> Melchior 1997, 125.

### *3.4.3.3 Sverige*

Innvandringa til Sverige er kanskje ekstra interessant for denne oppgåva, sidan det er to andre skandinaviske land som er i fokus. Ifølgje Det jødiske samfunnet i Sverige kom det 2411 polske jødar til landet etter å ha fått visum frå Sveriges ambassade i Warszawa.<sup>162</sup>

Flyktningane som fekk eit svensk visum reiste direkte til Sverige, hovudsakleg med ferje frå Świnoujście til Ystad.<sup>163</sup> Historikaren Lukasz Gorniok meinte grunnane til migrasjonen til skandinaviske land inkluderte deira positive handtering av migrasjonssaker, liberal visumpolitikk, gratis universitetsutdanning, høg levestandard, dei sosialdemokratiske statane, og aktiviteten til polskjødiske organisasjonar.<sup>164</sup> Første gongen den svenske ambassadøren i Warszawa Erik Kronvall informerte Stockholm om polske jødar som var interesserte i å reise til Sverige, var i midten av juni 1968.<sup>165</sup> Dette tyder på at Sverige må ha blitt sett på som attraktivt av ein del polske jødar. Kronvall informerte om dei polskjødiske besøkande, og om emigrasjonsprosedyren. Eit sentralt element i denne prosedyren som var prega av vanskår med migrasjonen til Sverige var at dersom det blei gitt utreisetillating, måtte utreisa bli gjort gjennom Austerrike. Denne informasjonen blei vidaresend til den svenske ambassaden i Wien.<sup>166</sup>

Kronvall begynte å sende bekymringsmeldingar om antisemittisme i Polen tilbake til Stockholm allereie sommaren 1967.<sup>167</sup> Ambassaden i Warszawa sende fleire detaljerte rapportar angåande utviklinga til det svenske Utanriksdepartementet, men departementet forblei lite interesserte i saka fram til midten av juni 1968.<sup>168</sup> 8. november bestemte svenske myndigheter for første gang å ta imot polskjødiske flyktningar. Det blei vedtakne å ta imot ein kvote på 30 polskjødiske flyktningar.<sup>169</sup> Gorniok beskrev at Sverige dreiv ein noko restriktiv politikk i startfasen, men at dette endra seg våren 1969.<sup>170</sup> Etter at Danmark hadde gått over til å gi automatisk visum til polskjødiske flyktningar, og laupande informasjon frå Kronvall, blei det bestemt å utvide visumkvota med 500 24. juli 1969. Dette førte til dobling av talet av visum til 1150. Innan enda av juli 1969 nådde talet på polskjødiske flyktningar 1291. Auka i tal på innvilga var i juli 1969 var med dette bevisleg slik Gorniok beskrev det.<sup>171</sup> Denne

---

<sup>162</sup> Gorniok 2016, 125.

<sup>163</sup> Gorniok 2016, 58.

<sup>164</sup> Gorniok 2016, 60.

<sup>165</sup> Gorniok 2016, 113.

<sup>166</sup> Gorniok 2016, 113.

<sup>167</sup> Gorniok 2016, 102.

<sup>168</sup> Gorniok 2016, 103.

<sup>169</sup> Gorniok 2016, 114-115.

<sup>170</sup> Gorniok 2016, 115.

<sup>171</sup> Gorniok 2016, 123.

liberaliseringa fungerte som ein klar pull-faktor, noko me ser tydeleg i migrasjonsauken i juli 1969. Danmarks politikk spelte som me ser inn på den svenske liberaliseringa. Dette bringer oss tilbake til temaet i mi underproblemstilling, nemleg samanlikning mellom Noreg og Danmark. Eg skal derfor sjå nærmare på den polskjødiske emigrasjonen til Danmark i neste kapittel.

### 3.5 Oppsummering av årsakene til emigrasjonen fra Polen

Til slutt vil eg oppsummere forklaringane på den jødiske emigrasjonen fra Polen. Den mest grunnleggande årsaksforklaringa, er at ein polsk antisemittiske kampanje førte til ei kraftig auke i jødisk emigrasjon frå Polen. Gomułka sin tale i juni 1967 starta prosessen, men det var reaksjonane på studentprotestar i mars 1968, med altomfattande mobilisering mot «zionistar» som fekk den jødiske emigrasjonen til å eskalere. Dette inkluderer alle elementa i kampanjen, som fungerte som push-faktorar for å få jødar til å forlate Polen.

Intensjonale forklaringar er sentrale for å forstå kva som skjedde i Polen frå mars 1968. Polske myndigheter ønskte å kvitte seg med jødar i partiet-, statsapparatet og samfunnet som heilskap, og sette derfor i gang kampanjen. Dei utnytta beivist antisemittisme, for å hindre at studentopprøret skulle spreie seg til resten av samfunnet og med det true leiarskapets posisjon. Trass at dei polske jødane blei kraftig pressa ut av Polen, tok dei aktive val om å søke utreisetillatingar og emigrere. Flyktningane sine eigne intensjonar var særleg viktige for kva destinasjonar dei enda opp i, saman med blant anna mottakarlanda sine forskjellege tilnærmingar.

Kva gjeld funksjonelle forklaringar, er dei særeigne utreisemoglegheiter som polske jødar, men ikkje den polske majoritetsbefolkninga, hadde viktige. Mange polske innbyggjarar ønskte å forlate landet, og mange gjorde det som avhopparar i vestlege land. Dette viser igjen i norske UD sine arkiv. Polske jødar brukte ikkje i sine spesielle utreisemoglegheiter på 1960-talet i like stor grad som i tidlegare tiår før kampanjen. Då blei det plutselig ein kraftig auke i utreisesøknadar frå polske jødar. Då det blei annonsert at denne ordninga skulle avskaffast 1. september 1969, ført det til panikk blant polske jødar, og ei ytterlegare eskalering i den jødiske emigrasjonen. Denne fristen blei ikkje haldt, men mange tøyrd ikkje venta på å sjå ann dette. Strukturelle forhold var ein viktig grunn for at Israel blei det største mottakarlandet. Flyktningane måtte offisielt erklære at Israel var deira destinasjon, samt at dei var sionistar, for å få utreisetillating, mens Israel ønskte jødisk innvandring.

Oppsummert kan me sei at ein antisemittiske kampanjen var den utløysande push-faktoren som fekk jødar til å forlate Polen i eit stort tal. Kampanjen, som starta på makronivå hos polske myndigheter, nådde heilt ned til mikronivå, der jødiske individ mista jobbar, studieplassar og i nokre tilfelle heimar. Pølske myndigheter var påverka av Sovjetunionen som var det leiande landet i Warszawapakta. Sovjetunionen var også leiaren for tilnærminga til Israel, som blei verkeleg fiendtleg etter seksdagarskrigen i 1967. Jødisk emigrasjon frå Polen hadde funne stad i heile etterkrigsperioden fram mot kampanjen i 1968, og omfanget hadde variert i periodar. Nokre periodar var svært prega av push-faktorar som pogromen i Kielce i 1946, mens andre av pull-faktorar som moglegheita til å reise til den jødiske staten Israel eller følgje nettverksmigrasjonen. Før kampanjen hadde denne emigrasjonen stagnert, og dei attverande jødane var hovudsakleg assimilerte utan nokon draum om «nest år i Jerusalem». Det er derfor push-faktorane frå den antisemittiske kampanjen som er hovudforklaringa på at så mange drog. Pull-faktorane blant destinasjonane varierte mellom landa, blant anna i Danmark som eg skal ta for meg i neste kapittel.

## Kapittel 4: Frå brev til brygge - Danmarks mottak av polskjødiske flyktningar 1968-1970

Danmark er samanlikningspunktet for Noreg i denne oppgåva. Eg skal derfor gå djupare inn på den polskjødiske emigrasjonen hit enn til dei andre destinasjonane. Talet på omlag kor mange polskjødiske flyktningar som kom til Danmark i samband med den polske eksodusen mellom 1968 og 1970, varierer i ulik forskingslitteratur. Rikke Smedegaard Pedersens masteroppgåve er den mest omfattande om det avgrensa temaet polskjødiske innvandring til Danmark etter hendingane i 1968. Hennar framstilling av hendingsforløpet er derfor lagt til grunn og drøfta i dette kapittelet. Eg skal også ta for meg tidsvitnet Bent Melchiors skildringar frå møtet med dei polskjødiske flyktningane frå det etablerte miljøet i Danmarks synsvinkel.

For å ha eit systematisk bilet av den jødiske emigrasjon til Danmark å samanlikne situasjonen i Noreg på same tid med, har eg delt inn i seks delkapittel: Forholdet til Polen, dansk flyktningpolitikk, hovudaktørane, hendingsforløp, integrasjon, og ei avsluttande oppsummering der eg returnerer til spørsmålet om kva som kan forklare den meir omfattande polskjødiske emigrasjonen til Danmark. Med denne delkapittelindelinga vil det vere lettare å sjå på kva faktorar som førte til den større emigrasjonen til Danmark. Eg skal lage skjematiske kategoriseringar i delkapitla om hovudaktørane i hendingsforløpet for

samanlikning med Noreg. Eg har følgeleg to gjennomgangar i kapittel 4 og -5: Ei om aktørane (for å presentere dei generelt med bakgrunn, grunnleggande haldningar og handlingsrom), og ei om hendingsforløpet (der eg plasserer desse aktørane og deira handlingar i eit tidsforløp). Med dette blir det lettare å finne ut kva faktorar som var avgjerande for resultatet at relativt få polskjødiske flyktningar kom til Noreg.

#### 4.1. Forholdet til Polen

Ein viktig faktor danske myndigheter måtte forhalda seg til då den jødiske emigrasjonen frå Polen intraff, var det dansk-polske forholdet. Danmark og Polen stod som me har sett på kvar si side i den kalde krigen. Danmark var NATO-medlem på den vestlege sida under sterk amerikansk påverknad, mens Polen var med i Warszawapakta på den austlege sida under sovjetisk påverknad. Likevel var det nær kontakt mellom desse landa. Danske myndigheter ønskte eit best mogleg forhold til Polen. Danmark stod i den aktuelle perioden for ei rekke nasjonale initiativ for å fremje avspenningspolitikken, som tok utgangspunkt i demokrati og menneskerettar. Dei svært kritikkverdige forholda under den antisemittiske kampanjen kom derfor ubeleileg. Situasjonen til dei polske jødane gjorde at bistand blei nødvendig, og dette måtte samtidig balanserast med å ikkje skade forholdet til Polen. Danske myndigheter ønskte derfor å unngå medieomtale av dei polskjødiske flyktningane som kom til landet for å ikkje skade forholdet til Polen. Smedegaard Pedersen omtala at Sveriges utanriksminister Torsten Nilssons kritikk av Polens politikk overfor jødane førte til avlysing av statsminister Józef Cyrankiewicz' besök i Sverige. Då Cyrankiewicz var på offisielt besök i juni 1968 unnlæt den danske regjeringa å kommunisere forfølginga av jødar i Polen. Danmarks utanriksminister Poul Hartling grunngav dette med at det ikkje var nok materiale i saka. Hartlings utsegn dekte over ein ikkje-konfronterande dansk politikk.<sup>172</sup>

Avspenning var også eit viktig satsingsområde for polske myndigheter på den internasjonale arenaen. Det første store polske prestisjeprosjektet på dette området var Rapacki-planen namngitt etter utanriksminister Adam Rapacki. Planen blei fremma for første gong på FNs generalforsamling 2. oktober 1957. Essen i forslaget var at Polen ønskete å forby produksjonen av kjernevåpen og fryse eller fjerne eksisterande våpenlager, dersom dei to tyske statane sa seg villig til å gjøre det same.<sup>173</sup> Ein ny plan blei fremma av Gomułka (der av Gomułka-planen) og blei lansert under ein tale 28. desember 1963. Planen omhandla blant anna ein frysing av den kjernefysiske opprustinga i Sentral-Europa, som i neste omgang skulle

---

<sup>172</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 27.

<sup>173</sup> Grønning Lie 2014, 30.

gjennomførast med passande kontroll. Gomułka uttala at Polen skulle presisere meir konkret i nærmaste framtid. Dei skandinaviske landa var blant dei første Polen utdjupa planen for. Då Polens viseutanriksminister Józef Winiewicz besøkte Oslo for å utdjupe Gomułka-planen for norske myndigheter 23. januar 1964, besøkte han også København og Stockholm på same reise.<sup>174</sup> I kaldkrigsklimaet med trusselen atomkappløpet hengande over seg, var det naturleg at nedrusting var viktig for Danmark og resten av Skandinavia i 1968. Det nære minnet frå Cubakrisa i 1962 understreka dette. Ein potensiell partnar i det spørsmålet på austblokksida var derfor mykje verdt. Det er derfor forståeleg at Danmark manøvrerte for å ikkje skade forholdet til Polen samtidig som dei hjelpte flyktningar. Denne balansegangen var dei i stand til å klare grunna samarbeid med media.

#### 4.2 Dansk flyktningpolitikk

Det danske mottaket av polskjødiske flyktningar eksisterte i ein større kontekst der humanitær innsats for flyktningar var ein del av dansk sjølvbevisstheit. Smedegaard Pedersen beskrev at det var ei rekke avgjerande faktorar for Danmarks stilling i saka om dei polskjødiske flyktningane. Under den kalde krigen blei bevis på kort utilstrekkeleg det kommunistiske systemet var positivt motteke i Vesten, og avhopparar blei godt motteke. Danmark hadde som første land ratifisert FNs flyktningkonvensjon samt tilleggsprotokollen frå 1967. Hermed blei Danmarks ønske om at forberede vilkåra for verdens flyktningar markert. I pågåande periode karakteriserte USA Danmarks utanrikspolitikk som idealistisk og moralistisk. Danmark la i langt høgare grad enn NATO-stormaktene vekt på omsynet til vestelege ideal om demokrati og menneskerettar i den praktiske politikk i den kalde krigs kamp om maktposisjonar. Samtidig var Danmark på sitt vis forplikta til å leve opp til sitt gode rykte som humanitært land, som redninga av jødane under andre verdskrig hadde bidratt til oppbygginga av. Fortellinga om den danske solidaritet utgjorde grunnstrukturen i det som var blitt til myten om oktober 1943. Ifølgje den framstillinga betydde borgarane sitt heltemot og val om stille seg til rådigheit at dei fleste jødane overlevde. Denne fortellinga var herskande i 1960-åra, mens den restriktive asylpolitikken overfor tyske jødar som søkte seg til Danmark i 1930-åra, ikkje var framskote i danskars bevisstheit.<sup>175</sup> Heller ikkje at ein fjerdedel av avhopparane frå Aust-Europa som søkte asyl i Danmark mellom 1963 og 1964, blei send rett tilbake til heimlanda, rokka ved dette.<sup>176</sup> Sjølvoppfatninga som eit humanitært land blei altså viktigare enn det meir

---

<sup>174</sup> Grønning Lie 2014, 88.

<sup>175</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 6.

<sup>176</sup> Schmidt 2015, 228.

nyanserte historiske biletet for dei politiske avgjerdslene knytte til handteringa av polskjødiske flyktningar.

### 4.3 Hovudaktørane i mottakinga av polskjødiske flyktningar i Danmark

Dei viktigaste aktørane som var ein del av prosessen som bidrog til stor polskjødisk migrasjon til Danmark kan delast inn i kategoriar. Kategoriane eg deler inn i er «initiativtakar», «danske myndigheiter», «media», «hjelpeorganisasjonar», «det jødiske miljøet i Danmark» og «dei polskjødiske flyktningane». Desse kategoriane skal i neste kapittel også brukast om Noreg og gjere det lettare å samanlikne.

#### 4.3.1 Initiativtakar

Prosessen som førte til at Danmark tok imot polskjødiske flyktningar starta med ein norsk initiativtakar, nemleg Dag Halvorsen. Halvorsen var Aust-Europa-korrespondent for Arbeiderbladet. Arbeiderbladet, som skifta namn til Dagsavisen i 1997, var fram til 1991 eigmund av Arbeiderpartiet. Partiet hadde dermed stor makt over avisa og innhaldet i den, eksemplifisert ved at Reidar Hirsti blei avsett av sentralstyret i partiet i 1974. Hirstis forgjengar var Arbeidarparti-profilen gjennom mange tiår Martin Tranmæl.<sup>177</sup> Halvorsen gjekk seinare over til NRK. Han rekna Polen som sitt andre heimland og omtala seg sjølv som ein nordmann frå Krakow. Halvorsen rekna seg tidleg som intellektuell kommunist. Under splittinga av Arbeidarpartiet i 1961 gjekk han over til Sosialistisk Folkeparti, men han returnerte seinare til Arbeiderpartiet. Halvorsen var venn med fleire sentrale polske kommunistar. Han fekk stor merksemd i norsk media då han nekta å intervju Lech Walesa i 1983 i samband med tildelinga av Nobels fredspris. Halvorsen meinte hans stilling overfor dei polske makthavarane ville bli uhaldbar om han gjennomførte intervjuet.<sup>178</sup> I 1965 uttrykte Halvorsen seg positivt til ein artikkel av den polske utanrikskommentatoren Odmund Osmaneyziks artikkel om Europa-problemet. Hovudpoenget i denne artikkelen var ønsket om sameksistens mellom blokkene i Europa, noko Halvorsen verka å støtte. Halvorsen drog fram dette som eit eksempel på at ein ute i Europa, både i aust og vest, nå var kommen vekk frå dei unyanserte, emosjonelt farga diskusjonane som tok utgangspunkt i 1949 heller enn den nyanserte verkelegheita på 1960-talet.<sup>179</sup>

I 1968 distanserte han seg langt meir frå polske myndigheiter. Grunna forholda i Polen tok han kontakt med personar i Danmark, Noreg og Sverige i eit brev.<sup>180</sup> Utfrå hans

---

<sup>177</sup> Breivik Pettersen 2020.

<sup>178</sup> NRK 2007.

<sup>179</sup> Arbeiderbladet 15.06.1965, 3.

<sup>180</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 26-27.

korrespondanse i Arbeiderbladet 8. mars 1968 var han truleg i Budapest då dei utløysande studentdemonstrasjonane i Warszawa starta.<sup>181</sup> Han vende raskt fokus mot Polen og landa i Warszawa 11. mars.<sup>182</sup>

Som Aust-Europa-korrespondent skreiv Halvorsen både artiklar og kommentarar om blant anna kampanjen i Polen og Warszawapakta sin invasjon av Tsjekkoslovakia. Fleire av artiklane var kritiske, noko som blei tatt ille opp blant polske myndigheiter. 23. oktober 1968 melde Arbeiderbladet at han i praksis var blitt utvist frå Polen. Dette fordi han hadde fått urimeleg ultimatum om å bli meir vennleg i tonen i omtalen av Polen om han skulle behalde presseakkrediteringa. Det polske regimet sitt ultimatum blei kommunisert gjennom den norske ambassaden i Warszawa. Her stod det at Halvorsen sine artiklar var av ein slik art både i tone og innhald at dei var egna til å skade forholdet mellom Noreg og Polen. Det polske utanriksministeriet fastslo at blant alle vestlege korrespondentar var det Halvorsen som sende minst vederheftig reportasje. Ministeriet fastslo at dei måtte ta frå han akkrediteringa dersom det ikkje straks blei ei endring i dette forholdet.<sup>183</sup> I tida som følgde fekk Halvorsen støtte i andre norske media og fekk fortsette å reise til Polen.

#### 4.3.2 Danske myndigheiter

Kva gjeld kategorien danske myndigheiter vil eg skilje mellom danske myndigheiter i Danmark, jamfør regjering, og i Polen, jamfør ambassaden i Warszawa. Blant aktørane i Polen var Danmarks ambassadør i Warszawa John Knox, som oppfordra til at Danmark skulle ta imot polskjødiske flyktningar i eit brev til det danske utanriksdepartementet.<sup>184</sup> Mottakarane av Halvorsen sitt brev i Danmark var direktør for Utanriksminesteriet Paul Henning Fischer, som i 1960 var ambassadør i Warszawa, utanrikspolitisk redaktør i Politikken John Danstrup, og fhv. stats- og utanriksminister Jens Otto Krag.<sup>185</sup> Det danske utanriksministeriet hadde to kontorsjefar som var involverte i prosessen, nemleg fungerande kontorsjef 11. april 1969 Trier Jacobsen og Krog-Meyer, som var fast kontorsjef 26. juni 1969. Prosessen innan danske myndigheiter starta med Knox i Warszawa, mens dei politiske avgjerdslene blei tekne i Danmark. Det første møtet med flyktningane blei ambassaden i Warszawa si oppgåva gjennom blant anna å gi visum. Danske myndigheiter i Danmark hadde

---

<sup>181</sup> Arbeiderbladet 08.03.1968, 2.

<sup>182</sup> Arbeiderbladet 12.03.1968, 1.

<sup>183</sup> Arbeiderbladet 23.10.1968.

<sup>184</sup> Schmidt 2015, 226.

<sup>185</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 26-27.

ansvaret for flyktningane etter dei forlét Polen, samarbeid med hjelpeorganisasjonar, og samarbeid med media om å avgrense merksemda.

#### 4.3.3 Media

Media var ein sterk bidragsytar til at danske myndigheiter fekk gjennomført sitt mottak av polskjødiske flyktningar slik dei ønskte. Samtidig hadde media ei uavhengig rolle som informasjonsformidlar til offentlegheita om hendingane i Polen. Før flyktningar begynte å komme til Danmark, omtala dansk media dei polske studentprotsetane i mars 1968. I sin analyse fokuserte Smedegaard Pedersen på fire danske aviser: Berlingske Tidende og Politikken blant landsdekkande morgenaviser, B.T., som tabloidavis, og Land og Folk som det Smedegaard Pedersen beskrev som talerøyrr for sovjetkommunismen. Alle dei fire avisene i analysen hennar dekte perioden og hendingane i Polen, men på ulikt vis. Land og Folk skilde seg ut med å stille seg tvilande til påstandane om antisemittisme og støtta kritikken mot «den sionistiske femte kolonne». Dei andre avisene, særleg B.T., stilte seg kritiske til hendingane og politikken som blei ført av polske myndigheiter. Dette opplyste den danske befolkninga om at jødar i Polen blei forfølgde og tvungne til å flykte.<sup>186</sup> Ergo var dei legitime flyktningar. Også mindre profilerte danske aviser engasjerte seg, blant anna omtala avis Aaktuelt studentprotestane og politiet sin motaksjon på forsida 12. mars.<sup>187</sup> Same avis omtala dagen etter den antisemittiske dimensjonen i polske myndigheiter sine reaksjonar med å framheva polske studentars resolusjon mot antisemittisme i polsk presse.<sup>188</sup>

Dansk presse spelte ei sentral rolle etter at polskjødiske flyktningar begynte å komme til Danmark. Smedegaard Pedersen meinte det var maktpåliggande for danske myndigheiter at ein eventuell hjelpeaksjon for polske jødar ikkje blei offentleggjort. Ambassadør John Knox uttrykte allereie 29. november 1968 at ei offentleg utsegn ville ha skadelege verknadar på forholdet mellom Polen og Danmark. På eit møte 25. februar 1969 i Justisministeriet blei det bestemt at det skulle sørkjast for at trafikken mellom Polen og Danmark ikkje blei omtala i dagspressa. Dette blei ifølgje Smedegaard Pedersen openbart teke til etterretning. Kontorsjef Krog-Meyer framheva 17. april at det frå Utanriksminsteriet si side var ønskeleg at hjelpearbeidet så vidt mogleg ikkje blei omgitt av publisitet som eventuelt kunne belaste forholdet mellom Danmark og Polen i unødvendig grad. Smedegaard Pedersen beskrev at argumentet for denne påpasselegheita fleire gonger blei omgjort til å omhandle det dansk-

---

<sup>186</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 59.

<sup>187</sup> Aaktuelt 12.03.1968, 1.

<sup>188</sup> Aaktuelt 13.03.1968, 2.

polske forholdet.<sup>189</sup> Media sitt samarbeid med myndighetene gjorde dei til ein viktig aktør for at gjennomføringa av flyktningmottaket lykkast og ikkje skada verken jødar sine moglegheiter til å komme til Danmark eller det dansk-polske forholdet. Ifølgje Smedegaard Pedersen blei det på ingen tidspunkt stilt spørsmålsteikn til omfanget av innvandringa eller Danmarks rolle i pressa.<sup>190</sup>

Trass ambisjonane om at pressa ikkje skulle omtala mottaket, publiserte Ekstra Bladet ein artikkkel 9. juli 1969 titulert: «Hundrede af østemigranter til Danmark». Ekstra Bladet skreiv at 500-600 emigrantar var på veg til Danmark frå ei rekke austeuropeiske land.<sup>191</sup> 21. oktober 1969 hadde Politikken ein artikkkel som Smedegaard Pedersen meinte beviste at pressa hadde kjennskap til dei polske jødane sjølv om dei ikkje blei omtala. Det stod: «Flyktningestrømmen slår alle beregninger – flyktning nr. 1000 på vej». Artikkelen handla om problem med flaskehalsar angåande både bustadar og sosialrådgivarar i samband med den store tilstrøyminga av flyktningar. Som følgje av dette hadde Dansk Flyktninghjelp leigd hotellskipet St. Lawrence. Politikken forklarte at flyktningane kom frå Aust-Europa som følgje av okkupasjonen av Tsjekkoslovakia. Polen eller jødar blei ikkje nemnd og dermed var Politikken framleis diskret.<sup>192</sup> Den neste artikkelen stamma frå forsida av Politikken 3. april 1970. Den handla om ein bombetrussel mot St. Lawrence som førte til evakuering av skipet, men ingen bombefunn. Trass i at bombetrussel kanskje var eit uttrykk for ein rampestrek eller ein därleg spøk, så viste den ifølgje Smedegaard Pedersen at bevisstheita om flyktningskipet var nådd ut til befolkninga.<sup>193</sup>

#### 4.3.4 Hjelpeorganisasjonar

I kategorien «Hjelpeorganisasjonar» vil eg først og fremst trekke fram Dansk Flyktninghjelp. Organisasjonen blei grunnlagd i 1956 som eit samarbeidsorgan i samband med at ungarske flyktningar kom til Danmark. I 1956 hadde organisasjonen elleve medlemsorganisasjonar, blant dei Det Mosaiske Troessamfund.<sup>194</sup> Organisasjonen var involvert gjennom det meste av prosessen frå avgjersla om å ta imot flyktningar, via transporten deira, til integrering av dei i Danmark. Då det oppstod logistikkproblem hausten 1969, leigde dei inn det norskegde skipet St. Lawrence til å chartre polskjødiske flyktningar til København.<sup>195</sup> Fleire internasjonale

<sup>189</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 30.

<sup>190</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 97.

<sup>191</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 30.

<sup>192</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 61.

<sup>193</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 81.

<sup>194</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 33.

<sup>195</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 4.

hjelpeorganisasjonar hjelpte dei polske jødane, men Dansk Flyktninghjelp spelte ei viktig rolle i at så mange kom til Danmark. Schmidt meinte at flyktningane fekk åtgang til Danmark ikkje minst skyldast innblanding frå Dansk Flyktninghjelp. Formann i organisasjonen Isi Foighel appellerte til den danske regjeringa om at ein ikkje – via stigande restriksjonar overfor flyktningar – skulle gjentaka den skjebnesvandre politikken frå 1930-talet overfor dei jødiske flyktningane.<sup>196</sup> Han var slik ein aktiv pådrivar for å hjelpe polskjødiske flyktningar med å komme til Danmark. Foighel hadde sjølv bakgrunn som jødisk flyktning og kom til Danmark frå Tyskland i 1932. Etter at han var formann i Dansk Flyktninghjelp (1965-1971), var han formann i Det Mosaiske Troessamfund (1972-1973).<sup>197</sup> Som dei andre overlevande danske jødane flykta han til Sverige under krigen. Hans bakgrunn som jødisk flyktning og deltaking i det jødiske meinigheitslivet gjer det naturleg å tru at han må ha følt eit ekstra engasjement for jødiske flyktningar.

#### 4.3.5 Det Jødiske miljøet i Danmark

Kva gjeld kategorien «Det jødiske miljøet i Danmark» vil eg fokusere på den danske meinigheita Det Mosaiske Troessamfund (sidan 2014 Det Jødiske Samfund i Danmark) med overrabbinar i København Bent Melchior i spissen. Det må presiserast at danske jødar ikkje trong å organisere seg i ei meinigkeit, eksempelvis er berre cirka 1750 av Danmarks 6000-7000 jødar medlemmer av meinigheita i dag. Denne meinigheita rommar eit vidt kulturelt fellesskap med både religiøse og ikkje-religiøse jødar.<sup>198</sup> Det fanst også ei annan jødiske meinigkeit i Danmark i den aktuelle tidsperioden, nemleg Machsike Hadas. Machsike Hadas er ei liten ortodoks meinigkeit som oppstod etter indre stridigheter i den jødiske meinigheita i København. I dag har denne meinigheita cirka 100 medlemer der av dei fleste også er medlemer av Det Jødiske Samfund i Danmark.<sup>199</sup> Seinare (2000) har ei tredje jødisk meinigkeit (Shir Hatzafon – Progressiv Jødedom i Danmark) komme til, men det er altså Det Mosaiske Troessamfund eg skal fokusere på. Melchior kjem frå ein familie med lange rabbinartradisjonar og blei sjølv tilsett som rabbinar ved Københavns synagoge i november 1963.<sup>200</sup> Han overtok som overrabbinar etter faren Marcus Melchiors død i desember 1969.<sup>201</sup> Melchior meinte at den jødiske meinigheita måtte spele ei særleg rolle i integrasjonen av dei

---

<sup>196</sup> Schmidt 2015, 226.

<sup>197</sup> Hansen m.fl. 2013.

<sup>198</sup> Det Jødiske Samfund i Danmark 2020.

<sup>199</sup> Religion.dk 2020.

<sup>200</sup> Melchior 1997, 89.

<sup>201</sup> Melchior 1997, 116.

polskjødiske borgarane til Danmark.<sup>202</sup> Meinigheita var involvert i integreringa av polskjødiske flyktningar i Danmark etter dei var komme til landet. Det var ikkje smertefritt, men blei totalt sett vellykka.

#### 4.3.6 Dei polskjødiske flyktningane

Kategorien «Dei polskjødiske flyktningane» har nær samanheng med omtalen av det jødiske miljøet i Polen og kven flyktningane var frå tidlegare i oppgåva. Forholdsvis mange av flyktningane som kom til Danmark var godt vaksne. Smedegaard Pedersen gav at ein statistikk som rekna 45 % som over 50 år og 29 % under 30 år. Det kom forholdsvis mange eldre handikappa til Danmark. Det skyldast at Danmark ikkje hadde stilt kriterium for alder og utdanning på same måte som eksempelvis Sverige og Nederland.<sup>203</sup> Alle som var over 30 år, var overlevande frå Holocaust. Ein del av dei hadde bakgrunn frå kommunistpartiet.

Flyktningane i Danmark var som det jødiske miljøet i Polen som heilheit prega av assimilasjon. Assimileringa i Polen sette sitt preg på flyktningane. Melchior beskrev at for nokre av tilflyttarane var det eit problem at den danske meinigheita vart kalla Det mosaiske Troessamfund. I Polen hadde det vore religiøse samfunn som tok seg av synagoge og andre religiøse behov. På den andre sida tok kulturelle organisasjonar, skarpt skilde frå dei religiøse, seg av andre aktivitetar. Desse aktivitetane inkluderte litteratur, sport, musikk og politiske problem som antisemittisme, Holocaust og Israel. Melchior meinte hans tid som overrabbinar ville vore forma heilt annleis om dei ikkje hadde hatt den polske innvandringa.<sup>204</sup> Dei polskjødiske flyktningane sine oppfatningar av Danmark og landets flyktningpolitikk må ha spelt ei rolle for at så mange søkte seg der.

### 4.4 Mottakinga av polskjødiske flyktningar i Danmark, 1968-1970: hendingsforløp

#### 4.4.1 Halvorsen sitt brev

Kva var det så som fekk snøballen til å begynne å rulle mot det som enda med at minst 2600 polskjødiske flyktningar kom til Danmark? Dag Halvorsen tok grunna forholda i Polen kontakt med personar i Danmark, Noreg og Sverige. Halvorsen skreiv ei oppfordring om hjelpetiltak til polske jødar frå skandinavisk side. Brevet var datert Praha, 6. okt. 1968 og var titulert: «De polske jøders stilling og eventuelle hjelpetiltak frå skandinavisk side».<sup>205</sup> Dei danske mottakarane var som me har sett direktør for Utanriksministeriet Paul Henning

---

<sup>202</sup> Melchior 1997, 124-125.

<sup>203</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 39.

<sup>204</sup> Melchior 1997, 132.

<sup>205</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Dag Halvorsen brev i Utenriksdepartementets arkiv 06.10.1968. Send frå Praha.

Fischer, som i 1960 var ambassadør i Warszawa, utanrikspolitisk redaktør i Politikken John Danstrup, og fhv. stats- og utenriksminister Jens Otto Krag.<sup>206</sup> Halvorsen valde seg altså svært påverknadsrike personar frå det danske statsapparatet i både Warszawa og København, samt media.

Kort skissert handla brevet om at sjølv om den antisionistisk kampanjen offisielt var avblåst kunne fortrulege kjelder stadfeste at jødar framleis blei avsette frå deira stillingar og sjikanert av både politi og myndigheter. Sjølv om jødane kunne skaffe seg utreisetillating til Israel for 5000 norske kroner, var problemet at dei som ville til Israel allereie drog i 1956. Derfor appellerte Halvorsen til dei skandinaviske landa sine humanitære tradisjonar med oppfordringa om å la jødar reise til Norden. Grunna omstenda var det nødvendig å vise førutsigbarheit og diskresjon. I den avsluttande merknaden viste Halvorsen til Holocaust ved å skrive at: «jo mere innblikk en får i de polske jøders situasjon i dag jo mere rystende virker denne tragedie i det land hvor 99 % av den jødiske førkrigsbefolking ble utryddet». Halvorsen appellerte til den skandinaviske humanitære tradisjon utan å tvile på at den eksisterte. Her var det eit eksempel på at det humanitære aspektet er så gyldig i det skandinaviske sjølvbiletet at ein kunne bruke det som argument.<sup>207</sup> Polske historikarar opererte som me har sett med at cirka 10 % av dei polske jødane overlevde krigen, men tala er skrekkelege nok til Halvorsen sitt poeng står støtt.

Halvorsen sitt brev er tatt vare på i det norske UD sitt arkiv og inneholdt sendelista: kabinettssekretær svenske UD Ole Jødahl (Stockholm), direktør danske Utanriksministeriet Poul Fischer (København), direktør norske UD Einar Ansteensen (Oslo), internasjonal partisekretær svenske Socialdemokratiets partistyre Anders Thunborg (Stockholm, redaktør Alvar Alsterdahl (Malmö), redaktør Politikken John Danstrup (København), viseforemann Det norske Arbeidarpartiet Reiulf Steen (Oslo), fhv. stats- og utenriksminister Danmark Jens Otto Krag (København), redaktør Dagens Nyheter Per Sjögren (Bonn), direktør Instituttet for fredsforskning Johan Galtung (Oslo), og stortingsmann Gunnar Garbo (Oslo).<sup>208</sup> Halvorsen, med sitt nettverk som journalist, ønskte tydeleg å nå ut breitt i Skandinavia med si oppfordring. Intensjonen var å få i gang skandinaviske, potensielt koordinerte, mottak av polskjødiske flyktningar.

---

<sup>206</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 26-27.

<sup>207</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 26-27.

<sup>208</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Dag Halvorsen brev i Utenriksdepartementets arkiv 06.10.1968. Send frå Praha.

#### 4.4.2 Det blei bestemt å ta imot polske jødar

Halvorsen si oppfordring blei diskutert av skandinaviske myndigheter hausten 1968.

Smedegaard Pedersen omtala at Halvorsen sin førespurnad blei drøfta av dei nordiske ambassadørane i Polen. Konklusjonen på denne samtalet framgjekk av John Knox sitt skriv til Utanriksministeriet 29. november 1968. Her anbefalte den danske ambassadøren korleis Danmark «utifrå humanitære synspunkt kunne hjelpe dei polske jødane», sjølv om ein ikkje kunne gi noko anslag over kor mange polske jødar som i teorien ville vore interesserte i å komme til Danmark.<sup>209</sup>

Neste steg i prosessen på veg mot den polskjødiske innvandringa til Danmark kom i starten av 1969. Smedegaard Pedersen beskrev at neste gong emnet blei teke opp til debatt var i eit møte i Justisministeriet 25. februar 1969. Her var det representantar frå Arbeids-, Bustad-, Sosial- og Utanriksministeriet til stades, samt Rikspolisjefen og Dansk Flyktninghjelp. På møtet skulle det vurderast kva moglegheiter der var for å ta imot eit tal polske jødar. Det blei avtala å etablere lett tilgang for polske jødar til å söke om innreisemoglegheit til Danmark. Både tilsynet med utlendingar og ambassaden ville gå vekk frå den sedvanlege rutine og i staden framskynde behandlinga av visumbegjæringar. Dersom talet av søknadar med tida nådde eit alarmerande omfang i av fleire enn eit par hundre totalt, skulle spørsmålet bli teke opp igjen av Justisministeriet. Dette ved å kalle inn til eit nytt møte. Det ble dermed bestemt å ta imot eit par hundre jødar og så ta situasjonen opp til vurdering igjen.<sup>210</sup> Då situasjonen tilspissa seg på hausten 1969, blei det bestemt at visum skulle gjevast automatisk til polske jødar som flykta til Danmark.<sup>211</sup>

Smedegaard Pedersen beskrev at det 11. april 1969 blei fortalt frå den danske ambassade om stadig diskriminering av polakkar av jødisk avstamming. Som eit eksempel på Danmarks stilling i saka blei grunna trakk Smedegaard Pedersen fram eit brev frå Utanriksministeriet sin fungerande kontorsjef Trier Jacobsen til den danske ambassadør i Tel-Aviv: «Baggrunden for denne aktion er det humanitære synspunkt, da vi nødigt ser, at en polsk jøde ikke skulle have mulighed for at udrejse inden 1.9., såfremt der fra vor side har været muligt at bistå».<sup>212</sup>

Datoen 1. september refererte dagen den polske regjeringa hadde sett som frist for fri utreise. I eit notat av kontorsjef Krog-Meyer frå 26. juni blei det fastslått at det ikkje var mogleg å avgjere om fristen ville medføre eit større jødisk utreisepress frå Polen til Danmark. Fristen

---

<sup>209</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 27.

<sup>210</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 28.

<sup>211</sup> Schmidt 2015, 226-227.

<sup>212</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 28.

viste seg aldri å bli overhalden frå polsk side, men den medverka til at vilkåra for å komme til Danmark blei ytterlegare liberalisert. Danmark gjekk over til å praktisere automatisk visumutskrift for polske jødar.<sup>213</sup> Eit internt notat viser at norske UD mottekk eit notat om den danske politikkendringa frå den danske ambassaden i Warszawa. Notatet opplyste om at den danske ambassaden fekk myndighet til å betale reisa for dei som måtte ha behov for det.<sup>214</sup> Den danske responsen på varselet kom altså forholdsvis raskt og sterkt. Denne politikken var ein pull-faktor som kan ha bidrøge til at fleire flyktningar valde Danmark.

Denne polske fristen, panikken som følgeleg oppstod i jødiske miljø, samt Danmark og Sveriges respons blei kommentert av Informant 1 som kom til Noreg i 1969. Han omtalte at dette førte til at Sverige og Danmark «opna døra» for polske jødar.<sup>215</sup> Dette viser kor viktig utspelet om denne fristen var som push-faktor for jødar i Polen, trass i at den ikkje blei overhalden. Det viser også at det blant polske jødar blei oppfatta som at det nå var fri innvandring til Danmark og Sverige og at dei var ønskte. Flyktningars forståingar og oppfatningar er viktige for deira val, sjølv når desse forståingane eller oppfatningane er feilaktige eller ikkje blir innfridde.

#### 4.5. Polskjødiske flyktningar i Danmark: Tal og integrasjon

Notat frå norske UD viser at norske myndigheter spekulerte internt i kva som var grunnen til at så mange polske jødar kom til Danmark. Eit eksempel på slik spekulasjon kom frå byråsjef Smedsrød i det norske Justisdepartementet i eit møte 18. desember 1969. Han uttrykte at han tvilte på at grunnen til at så mange polske jødar kom til Danmark var visummyndigheita den danske ambassaden i Warszawa hadde fått. Han trudde grunnen var den store aktive jødiske «koloni» i Danmark.<sup>216</sup> Me har tidlegare sett med våre ettertidsauge og dansk forskingslitteratur at denne visummyndigheita bidrog til meir jødisk innvandring til Danmark. For å likevel gjere byråsjef Smedsruds påstand rettferd må me sjå nærmare på dei polskjødiske flyktningane sitt møte med Danmark og det danske jødiske miljøet.

Det er ulike berekningar på kor mange polskjødiske flyktningar som kom til Danmark etter den antisemittiske kampanjen i Polen. Garbi Schmidt beskrev at det i alt kom mellom 2600 og 3364 polskjødiske flyktningar til Danmark mellom 1969 og 1973, mange av dei i løpet av

---

<sup>213</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 28.

<sup>214</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av O. Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 18.09.1969.

<sup>215</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>216</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av O. Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 29.12.69.

1969. Ein del (cirka 12 prosent) reiste vidare til Canada, Vest-Tyskland og Sverige. Det var realistisk sett nok ikkje fleire igjen enn 2400 i Danmark i 1974.<sup>217</sup> Jødisk Informations Center set talet på polske jødar som kom til Danmark i 1969, til cirka 3000. Senteret poengterte at det kom så mange flyktningar på ein gong at dei blei innlosjerte rundt omkring på små hotell, pensjonat og skip for å få plass til alle.<sup>218</sup> Bent Melchior beskrev at talet nådde opp mot 3000, og at dei fleste kom i 1969 og 1970.<sup>219</sup> Smedegaard Pedersens tal stadfesta berre eit minimumstal på 2600 polskjødiske flyktningar som kom til Danmark frå 1969 til 1973.<sup>220</sup> Høtalfesta at det kom cirka 100 jødiske flyktningar frå Polen til Danmark kvar einaste veke i den mest hektiske perioden om hausten 1969, noko som førte til logistikkproblem.<sup>221</sup> Det kompliserer saka at det tas utgangspunkt i forskjellege årstal som sluttspunkt. Sidan både Smedegaard Pedersen og Schmidt sette minimumstalet til 2600, skal me for enkelheits skyld forhalda oss til det. Dette kan me gjere sidan nyansane ikkje endrar poenget om at dei var langt fleire enn dei som kom til Noreg.

Sidan dei fleste av flyktningane kom til København, blei Det Mosaiske Troessamfund i byen deira første møtet med jødisk liv i Danmark. Ein viktig aktør i dette miljøet var overrabbinar Bent Melchior. Melchior omtala sitt og meinigheita sine møte med desse flyktningane i sin sjølvbiografi «*Så vælg da livet*» frå 1997. Han meinte det var opplagt at den jødiske meinigheita måtte spele ei særleg rolle i integrasjonen av dei borgarane til Danmark. Melchior lova seg sjølv å gjere sitt ytste for at det han omtala som den berettiga kritikken av mottakinga av tidlegare bølgjer av innvandrarar ikkje skulle komme på tale i forhold til utfordringa dei stod overfor. Han beskrev at det alltid ville vere feilslåtte disposisjonar og barrierar som det var vanskeleg å bryte ned, men grunnhaldninga måtte nødvendigvis vere positiv. Meinigheita skulle ta lærdom av tidegategare tiders feiltrinn.<sup>222</sup>

Det var store forskjellar på situasjonen då det kom jødiske flyktningar til Danmark på 1930-talet og slutten av 1960-talet. Melchior presiserte at utgangspunktet var langt meir fordelaktig enn det hadde vore for tidlegare generasjonar. På starten av 1900-talet hadde dei som fall det offentlege til last øydelagd sine moglegheiter for å nokon gong oppnå danska statsborgarskap. I 1970 sørget det offentlege for dei nykomne, slik at deira integrering blei mykje lettare.<sup>223</sup>

<sup>217</sup> Schmidt 2015, 225.

<sup>218</sup> Jødisk Informations Center 2020.

<sup>219</sup> Melchior 1997, 125.

<sup>220</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 4.

<sup>221</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 2.

<sup>222</sup> Melchior 1997, 124-125.

<sup>223</sup> Melchior 1997, 125.

Melchior meinte at forholda var radikalt endra samanlikna med for dei tyske flyktingane på 1930-talet. Den gongen var opphaldsløyve ikkje einstydande med arbeidsløyve. 1930-åra var prega av arbeidsløyse, og fagforeiningane si solidaritet omfatta berre danskar. I 1970 var det mangel på arbeidskraft. Dermed stod arbeidsmarknaden opna for dei nykomne. Samtidig kunne dei som ikkje var i stand til å arbeide stille og roleg glide inn i samfunnet utan å vekke oppsikt, og utan at det var debatt om saka i avisene.<sup>224</sup>

Flyktingane som kom denne gongen, var ikkje ei fullstending homogen gruppe. Schmidt beskrev at blant flyktingane var det nokre som religionen ikkje spelte noka rolle for overhovud, og nokre som religionen var langt viktigare enn den polske identitet. Vidare beskrev Schmidt at spesielt det marginale forholdet som fleire av dei hadde til religionen deira, skapte skepsis og turbulens innan det eksisterande jødiske miljøet.<sup>225</sup> Det var heller ikkje berre fordelar kontra situasjonen på 1930-talet. Melchior beskrev at det som måtte betraktast som noko negativt i forhold til tidlegare, var flyktingane sin psykiske og fysiske tilstand. Dei fleste hadde store slekter, der av slekta sine øvre medlemer hadde omkomme under Holocaust. Felles for dei var at dei i 1945 drøymde om ei ny og betre verd og derfor hadde mobilisert krefter til ein ny start på livet. Dei stifta familie og innordna seg i eit nytt politisk system. Det var langt frå alle som var kommunistar, men mange hadde tent partiet som sparka dei ut. Dei hadde inntatt høge posisjonar og brukte deira krefter i den tru at kommunismen ville få bukt med den antisemittismen som tradisjonelt hadde røter i Polen.<sup>226</sup>

Melchior beskrev at desse kom til Danmark med bresta illusjonar og skulle vende seg til ein annan samfunnsorden. I meinigheita forsøkte dei å gjere den første tida litt fornøyelegare og skaffa flyktingane rekreasjon mens dei ennå sat i leirar eller på St. Lawrence. Kvar søndag kveld laga meinigheita arrangement i sine møtelokale. Melchior beskrev at meinigheita ei veke dei hadde gått tom for idear annonserte ein kveld med overskrifta: Spør rabbinaren! Melchior var til rådighet for å kunne fortelje noko om jødedommen om det var nokon som hadde spørsmål å stille.<sup>227</sup> Delegasjonar besøkte Melchior. Dei ville åtvare han mot at det blei stilt nærgåande spørsmål på meinigheita sine spørjekveldar. Dei frykta kva den danske regjeringa ville seie. Melchior prøvde å forklare dei at regjeringa ikkje ville seie noko som helst, all den tid dei ikkje visste at desse arrangementa fann stad. På det tidspunktet var det umogleg for Melchior å overbevise dei om at kvart engasjement ikkje var lyttepostar for

---

<sup>224</sup> Melchior 1997, 125.

<sup>225</sup> Schmidt 2015, 227.

<sup>226</sup> Melchior 1997, 125-126.

<sup>227</sup> Melchior 1997, 126-127.

regjeringa som noterte seg kven som sa kva, for seinare å treffe forholdsreglar mot dei meir sta. Det var vanskeleg å lausrive seg frå 25 års konstant overvaking med mikrofonar og representantar for det hemmelege politi.<sup>228</sup>

Personleg kontakt mellom flyktningar og etablerte danske jødar var viktig for meinigheita. Melchior beskrev at den grunnleggande planen som meinigheita ville bruke, bygde på ein ide. Denne gjekk ut på at kvar nykommar hadde bruk for ein personleg kontakt med menneske som kjente den danske samfunnsoppbygginga innanfrå. Det var kurs der ein kunne lære om det parlamentariske system, velferdsstaten, arbeidsmarknaden, skulevesenet og alle moglege andre ting som fortalte om korleis Danmark var samansett. Meinigheita ville vekk frå den offisielle atmosfæren og ned til eit privat nivå der eit personleg vennskap kunne oppbyggast. Slik ville venner kunne gi råd til venner. Meinigheita oppretta derfor eit kontaktkontor som dei bad Melchior om å leie. Dei sende derfor skriv til alle sine medlemmer og bad dei melde seg som kontaktfamilie. Det blei så meinigheita si oppgåve å pare ein polsk familie med ein dansk.<sup>229</sup> Melchior meinte ideen om å skape direkte kontakt mellom familiene ikkje blei ein eintydig suksess. Det blei skapt band som i nokre tilfelle blei varige. Men i ettertid måtte nok meinigheita erkjenne at polske familiarier føretrekte den upersonlege kontakt der det ikkje var så stort behov for å vise takknemlegheit.<sup>230</sup>

Flyktningane var interesserte i kva dansk media skreiv om dei. Smedegaard Pedersen meinte ein av grunnane til denne interessa for pressa måtte bli sett i samanheng med erfaringa frå Polen, der den antisemittiske hetsen delvis sprang utfrå pressa.<sup>231</sup>

Smedegaard Pedersen intervjua nokre av dei som kom til Danmark som polskjødiske flyktningar. Desse intervjuua gir eit innblikk i flyktningane sine eigne opplevingar av å komme til Danmark. To av intervjuobjekta hennar gjorde det svært eksplisitt klart at dei var takknemlege for mottakinga dei hadde fått i Danmark.<sup>232</sup> Eit av temaa som blei teke opp under intervjuua handla om sjølve åtkomsten til Danmark. Smedegaard Pedersens eine intervjuobjekt utrykte at ho som tolvåring fann det interessant å bu både på St. Lawrence og seinare på Hotel Regina i Århus. Det var mange kjende ansikt frå den polske offentlegheita, noko ho fan enormt spennande. Dette intervjuobjektet beskrev innkomsten som positiv og interessant, noko fleire intervjuobjekt gjorde. Eit anna kvinneleg intervjuobjekt var 19 år og

---

<sup>228</sup> Melchior 1997, 127-128.

<sup>229</sup> Melchior 1997, 129.

<sup>230</sup> Melchior 1997, 130.

<sup>231</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 90.

<sup>232</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 89.

budde i lugar på St. Lawrence saman med sørster si. Søskenparet betrakta det heile som slags ferie, og det handla om fest og ballade. Det var like før juletid, og byen var pynta opp. Smedegaard Pedersen oppsummerte intervjuet med at det var forskjellege stadium i flyktingstilvera som både inneholdt positive og negative sinnstemningar. Samtidig spelte alderen ei rolle for korleis flyktingstatusen blei opplevd.<sup>233</sup> Totalbiletet me sit igjen med er at dei polske jødane sat igjen med eit godt inntrykk av mottaket i Danmark. Det må sjåast som ein pull-faktor som fekk jødar i Polen til å velje Danmark som destinasjon.

Jødisk Informations Center meinte dei yngre polskjødiske flyktingane hadde lettare for å integrere seg i Danmark enn dei eldre. Dette grunna senteret med at den eldre generasjonen hadde vanskelegare for å lære seg dansk og hadde vore vand til mange år med kommunistisk styre som ikkje hadde særleg til felles med kvarldagen i Danmark. Mange av dei polske flyktingane hadde ei utdanning og fann forholdsvis kjapt arbeid. Samtidig stifta dei mange kulturforeiningar, der dei heldt røtene ved like. Dei auka talet på medlemmar i den danske jødiske menigheten, eit tal som elles var fallande i perioden.<sup>234</sup>

Det gode mottaket leia vidare til at flyktingane gjekk vidare i prosessen med å bli integrerte i Danmark. Den overveldande delen av flyktingane søkte og oppnådde dansk statsborgarskap, der av ein kan konkludere med at dei ønskete å vere bundne til Danmark og bli landet.<sup>235</sup> Fleire av personane Smedegaard Pedersen intervjuet gav uttrykk for å ha hatt ei identitetskrise etter inntaket til Danmark. Med tida blei Danmark deira heim, og i dag beskriv dei seg sjølve som danskar med ein polskjødisk bakgrunn.<sup>236</sup> Smedegaard Pedersen meinte særleg to ting var avgjerande for den såkalla vellykka integreringa. For det første blei flyktingane godt mottekte i Danmark av både staten og befolkninga. For det andre ønskete flyktingane sjølv å bli integrerte, noko som blant anna statsborgarskapstala viser. Den gjensidige imøtekomanheit og solidaritet verka å ha spelt ei avgjerande rolle. Pressa var eit viktig ledd i å kommunisere og vidarebringe den gode stemninga, og derfor spelte pressa sånn sett ei betydningsfull rolle i integrasjonsarbeidet.<sup>237</sup>

#### 4.6 Oppsummering: Kvifor kom så mange polskjødiske flyktingar til Danmark?

I denne oppgåva skal eg analysere kva som kan forklare forskjellane som bidrog til at det ikkje kom relativt mange polskjødiske flyktingar til Noreg frå 1968, slik det gjorde til

<sup>233</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 89.

<sup>234</sup> Jødisk Informations Center 2020.

<sup>235</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 49.

<sup>236</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 45.

<sup>237</sup> Smedegaard Pedersen 2005, 46.

Danmark. Derfor må eg belyse kva som kan forklare at det kom relativt mange slike flyktningar til Danmark. I denne gjennomgangen skal eg ved hjelp av informasjonen me har sett tidlegare oppsummere desse forklaringane.

Årsaksforklaringar er det mest sentrale i denne oppgåva, så eg startar med dei. Den mest grunnleggande og openberre av desse er at polskjødiske flyktningar forlèt Polen til andre land grunna den antisemittiske kampanjen, og eit av desse landa var Danmark. Med dette i bakhovudet kan me rette fokuset mot pull-faktorane som fekk flyktningar til å velje Danmark. Kva gjeld Danmark spesifikt førte dei ein liberal politikk det alle søkerane slapp inn. Det sterkest eksempelet er at ambassaden si fullmakt til å gi automatisk visum og bidra med reisefinansiering etter varselet om utreisestans 1. september, førte til at fleire flyktningar søkte seg til Danmark. Her ser me ein kombinasjon av ein ekstra push-faktor frå polske myndigheter for å få jødar til å søkje utreise raskast mogleg, og ein ekstra pull-faktor frå danske myndigheter som la ytterlegare til rette for rask innreise. Det gode danske mottaket førte til at polske jødar ønskete å integrere seg i det danske samfunnet og etter kvart blei danske statsborgarar.

Trass at oppgåva i hovudsak vektlegg årsaksforklaringar er det også nødvendig å belyse intensjonale forklaringar. Ei samlande årsaksforklaring er at eit samarbeid mellom myndigheter (i København og Warszawa) med aktørar frå sivilsamfunnet (som Dansk Flyktninghjelp) sørde for at det blei gjort eit større mottak av jødiske flyktningar frå Polen. Det Mosaiske Troessamfund i København gjorde ein bevisst innsats for å gi flyktningane eit godt mottak i Danmark, noko som førte til at flyktningane trivst betre i Danmark. Det er naturleg å tru at dette gode danske mottaket blei kommunisert frå dei som kom først til Danmark til dei som var igjen i Polen eller flyktngleirar. Dette vil ha ført til at fleire av dei derfor valde Danmark som destinasjon (migrasjonsnettverk). Flyktningane som valde Danmark som destinasjon sine eigne val om reise dit, fell naturleg nok inn i denne kategorien. Dei blei pressa ut av Polen, men ingen av dei blei tvungne til å velje Danmark. Tvert om trassa dei erklæringa dei blei påkravd av polske myndigheter om at dei skulle reise til Israel.

Til slutt må eg også sjå på nokre funksjonelle forklaringar. Ein av desse var at det eksisterte eit større jødisk miljø i Danmark som flyktningane kunne bli ein del av. Den danske sjølvforståinga av sin humanitære tradisjon førte til at politikken blei så liberal. Også den negative historia med restriktiv politikk mot jødiske flyktningar på 1930-talet, førte til at feila ikkje kunne bli gjentaka og jødiske flyktningar derfor måtte behandlast liberalt i 1968. Feila frå 1930-talet inspirerte også den jødiske meinigheita i København til å legge ned ein ekstra

innsats for dei polskjødiske flyktningane. Forholdet til Polen fekk danske myndigheter til å handle i stillheit og i samarbeid med media. Med dette fekk dei unngått at det blei lagt hindringar for polskjødiske flyktningar som ønskete å reise til Danmark.

Etter å ha sett på dette teoretiske rammeverket av forklaringar, er det nødvendig å oppsummere og spisse forklaringane. Som me har sett, er det mange og samansette forklaringar på kvifor det kom eit høgt tal polskjødiske flyktningar til Danmark etter eksodusen i Polen frå 1968. Nokre er likevel meir sentrale enn andre. Det overordna biletet er at det var eit nært samarbeid mellom fleire danske aktørar (både myndigheter og sivilsamfunnet) som ønskete at det skulle komme polskjødiske flyktningar til landet. Aktøren eg særleg vil trekke fram er Dansk Flyktninghjelp under leiing av Isi Foighel. Dei var involverte frå planleggingsfasen til og med mottaket av flyktningane i Danmark, og la ned ein ekstraordinær i for av blant anna å leige St. Lawrence. Kva gjeld alle aktørarar er det viktig å huske at dei tok val utfrå den verkelegheita dei forstår og oppfattar. Danske politikarar såg på eit mottak som ein del av ein dansk humanitær tradisjon bygd på blant anna redningsaksjonen under krigen og ratifiseringa av Genèvekonvensjonen. Sett utanfrå kan den restriktive politikken mot jødiske flyktningar på 1930-talet slå sprekker i dette biletet, noko Isi Foighel brukte som eksempel på kva som ikkje måtte bli gjentaka. Trass i at me ser modifikasjonar var det forståinga av Danmark som eit humanitært land dei politiske aktørane opererte med.

Etter at prosessen var sett i gang, kom eit viktig brytingspunkt som fekk emigrasjonen til Danmark til auke kraftig sommaren 1969 på veg mot toppunktet om hausten. Då kom polske myndigheter med eit varsel om at det kom til å bli slutt på utreisetillatingar for polske jødar 1. september. Dette førte til panikk blant det jødiske miljøet i Polen og fungerte som ein ytterlegare push-faktor for desse som allereie var utsette for den antisemittiske kampanjen. Danske myndigheter reagerte med innføring av ambassadefullmakt, automatisk visum for polske jødar, og reisefinansiering for dei som trong det. Dette gav eit klart signal til dei polske jødane om at dei var velkomne til Danmark og fungerte som ein sterk pull-faktor. Den polskjødiske emigrasjonen til Danmark auka betydeleg den følgjande hausten. Pølske myndigheter brydde seg i realiteten ikkje om kor dei jødiske flyktningane reiste, så lenge dei bidrog til fasaden med å erklære seg sionistar i utreisesøknadane. Derfor skada mottaket ikkje det polsk-danske forholdet.

## Kapittel 5: Noregs reaksjonar på den polskjødiske flyktningsituasjonen 1968-1970

I dette kapittelet skal me returnere til kjernen i oppgåva: Korleis reagerte Noreg på den antisemittiske kampanjen i Polen i perioden frå 1968 til 1970 og den følgjande jødiske emigrasjonen? For å belyse dette skal me ta for oss hovudaktørane for dei norske reaksjonane og hendingsforløpet i perioden relatert til temaet.

### 5.1 Hovudaktørar

For å betre kunne samanlikne Noreg og Danmark skal me bruke same struktur som i kapittel 4. Eg startar derfor med å ta for meg dei norske nøkkelaktørane og kva slags syn som prega deira handlingar. Dag Halvorsen blir ikkje ein del av denne gjennomgangen sidan han allereie blei omtala i kapittel 4.

#### 5.1.1 Regjeringa og Stortinget

Noregs regjering (Borten-regjeringa) og Stortinget var sentrale aktørar i dei norske reaksjonane på den antisemittiske kampanjen i Polen og den følgjande jødiske emigrasjonen. Noregs utanriksminister var tidlegare statsminister (seks veker i 1963) og motstandsmann John Lyng (H).<sup>238</sup> Lyng sin partikollega Lars Roar Langslet beskrev Lyng som ein realpolitikar med strategisk teft gjennom heile sin politiske karriere i biografien «*John Lyng: Samarbeidets arkitekt*» (1989). Dette illustrerte Langslet utanrikspolitisk ved at Lyng fremja norske interesser og bidrog til avspenning i Europa samtidig.<sup>239</sup> Lyng si tilnærming spegla norsk utanrikspolitikk under den kalde krigen. Rolf Tamnes og Knut Einar Eriksen beskrev at Noreg i eigne auge kom til å stå fram som ei moralsk stormakt, ofte i konkurranse med Sverige og Danmark. Dette grunna blant anna sitt engasjement for ikkje-spreiing av kjernevåpen, prøvestans og for ein nedrusta sone i Sentral-Europa. Desse engasjementa skapte tidvis reaksjonar blant NATO-allierte. Tamnes og Eriksen beskrev at ønsket om å opptre som brubyggjar og fredsmeklar sette eit preg på norsk utanrikspolitikk.<sup>240</sup> Lyng beskrev småstatar si rolle i sine memoarar:

«Ingen kan mistenke dem for å drive maktpolitikk for egen regning. I en internasjonal atmosfære som ellers er forgiftet av mistenksomhet, kan de [små land] derfor ofte ha en misjon som varsomme formidlere og meglere. Misforståelser kan bringes ut av verden, uklart

---

<sup>238</sup> Kjølås 2013.

<sup>239</sup> Langslet 1989, 264.

<sup>240</sup> Tamnes og Eriksen 1999, 4.

formulerte standpunkter kan avklares, motsetninger kan dempes ned, forsiktige politiske signaler kan formidles.».<sup>241</sup>

Lyng gjorde ei utgreiing for Stortinget om situasjonen i Polen 21. mai 1968 før temaet blei diskutert i ein stortingsdebatt 30. mai. På Stortinget satt fleire med bakgrunn frå motstandsbevegelsen, deriblant dåverande Arbeidarparti-leiar, og seinare statsminister (1971-1972 og 1973-1976) Trygve Bratteli.<sup>242</sup> Bratteli deltok i denne stortingsdebatten og uttala seg om situasjonen i Polen. Dei andre som utealte seg om Polen, jødane sin situasjon der, og hendingane der, var formann i utanriksnemnda Bent Røiseland (V), Finn Gustavsen (SF), Gunnar Garbo (V), Gutterm Hansen (AP), Alfred Henningsen (AP), Herman Pedersen (AP), Paul Thyness (H), Jakob Aano (KRF) og Sverre Løberg (AP).<sup>243</sup>

Noregs forhold til Polen må sjåast inn i eit større bilet om den kalde krigen. Langslet beskrev at dette forholdet i 1968 lenge hadde hatt ein spesiell plass i norsk utanrikspolitikk, eksemplifisert med utanriksminister i Gerhardsen-æraen Halvard Langes nære forhold til Polens utanriksminister Adam Rapacki.<sup>244</sup> Dette forholdet blei ifølgje Langslet vidareført av Lyng.<sup>245</sup> Tamnes og Eriksen beskrev dei norske ambisjonane med dei tette polsk-norske kontaktane og samarbeidet om soneforsлага. Desse ambisjonane var nedrustning og brubygging, men også å lausne banda mellom Polen og Sovjetunionen. Polske politikarar på si side gav utrykk for at Noreg var det NATO-landet dei hadde mest til felles med. Dei poengtete også at dei føretrekte samarbeid med Noreg framfor det alliansefrie Sverige grunna Noregs NATO-tilhørsle.<sup>246</sup> Trass at det var nokre nyansar var det norske- og danske forholdet til Polen svært liknande, og hadde dermed dei same omsyna å ta. Norske myndigheter deltok som me har sett på same avspenningsmøte og fekk besøk (eksempelvis januar 1964) på same polske rundreiser som Danmark.<sup>247</sup>

Som danske myndigheter måtte dei norske balansere og oppretthalde eit godt forhold til Polen ved å hjelpe dei polske jødane. Lyng uttrykte i Stortinget 30. mai 1968 at det enda var uklart om utreinskingane var snakk om antisemittisme, og om det var ei enkelhending eller permanente skifte. Dette roa ned andre stortingsrepresentantar.<sup>248</sup> Dette var truleg eit

---

<sup>241</sup> Lyng 1976, 72.

<sup>242</sup> Kjølås 2013.

<sup>243</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3960-4008.

<sup>244</sup> Langslet 1989, 248-249.

<sup>245</sup> Langslet 1989, 256-257.

<sup>246</sup> Tamnes og Eriksen 1999, 6.

<sup>247</sup> Grønning Lie 2014, 88.

<sup>248</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3960 og 3987.

diplomatisk grep for å unngå polske reaksjonar. Brev frå Harry Koritzinsky 22. mai 1968 og den samtidige mediedekninga gjorde det tydeleg for han kva som gjekk føre seg om han aksepterte synet deira på saka.<sup>249</sup> Lyng slo likevel fast at antisemittisme var uakzeptabelt og ikkje kunne unngå å påverke det norsk-polske forholdet negativt.<sup>250</sup> Dette førte til at ambassadør i Warszawa Christian Berg-Nielsen blei kalla inn på teppet.<sup>251</sup> Forholdet til Polen var tydeleg ein grunn til at Noregs offentlege reaksjonar på den antisemittiske kampanjen blei meir tilbakehaldne. UDs politiske kontor understreka at JDC ikkje burde bli involvert i eit eventuelt flyktningmottak fordi det kunne skade Noregs forhold til Polen og jødane i Polens situasjon om det blei oppdaga.<sup>252</sup> Totalt sett er det likevel ikkje grunnlag for å seie at forholdet til Polen hadde nokon stor betydning for mottakinga av polskjødiske flyktningar. Noreg og Danmark hadde eit relativt likt forhold til Polen og dermed dei same omsyna å ta. Likevel blei utfallet svært ulikt.

#### 5.1.2 Utanrikstenesta og ambassaden i Warszawa

Utanrikstenesta og ambassaden i Warszawa var viktige aktørar i den norske handteringen av den jødiske emigrasjonen frå Polen. Ambassaden i Warszawa var det første møtepunktet for dei polske jødane som ønskte seg til Noreg i 1968 og 1969. Det finst lite biografisk informasjon om byråkratane som jobba her, men ambassadør Christian Berg-Nielsen var blant nøkkelpersonane. Berg-Nielsen var ambassadør i Warszawa mellom 1967 og 1972.<sup>253</sup> I UD var deira 5. politiske kontor det som arbeidde mest med polske jødar sin situasjon. Namna som går igjen mest i arkiva om deira arbeid med polske jødar, er Olav Bucher-Hansen og byråsjef i Statens Utlendingskontor Arnulf Jøraandstad. Embetsmennene i utanrikstenesta var underordna UD og regjeringa og det kan ikkje forventast at dei skulle opptre som autonome aktørar utan å bli tildelt fullmakter frå høgare hald.

#### 5.1.3 Media

Media, mellom 1968 og 1970 hovudsakleg aviser utanom NRK, var viktige aktørar for den norske offentlegheita si bevisstheit rundt den antisemittiske kampanjen i Polen og den jødiske emigrasjonen. Aviser var også ein naturleg informasjonskanal, samt kommunikasjonskanal, for aktørar som eksempelvis politikarar. I dette avsnittet skal eg presentere ein liten del av

---

<sup>249</sup> JMO Harry Koritzinsky. Brev til utanriksminister John Lyng. 22.05.1968.

<sup>250</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 4004.

<sup>251</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Ambassaden i Warszawa. Fortrileg melding til UD. 05.07.1968.

<sup>252</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 1. politiske kontor. Notat 11.04.1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.1969.

<sup>253</sup> Lund 2016.

avisene si dekning av den antisemittiske kampanjen og den jødiske emigrasjonen frå Polen. Slik skal eg vise kva norske aktørar visste eller burde visst på ulike tidspunkt. Eg skal særleg framheve Arbeiderbladet, avisar Dag Halvorsen var tilknytt. Avisa dreiv ei omfattande dekning av hendingane i Polen i 1968. Eit sok på «Polen» i sok etter avisnamn Arbeiderbladet (Oslo) tidsavgrensa til 1968 gav 261 treff i Nasjonalbiblioteket sin elektroniske database. Dette gjeld alle treff, så det inkluderer i tillegg til omtale av det polske regimet blant anna sportsrelaterte treff.<sup>254</sup>

Det må presiserast at Arbeiderbladet ikkje var i særklasse i omtale av tematikken. Eksempelvis gav eit sok på «jødiske flyktninger» i sok etter avisnamn Arbeiderbladet (Oslo) tidsavgrensa til 1968 31 treff, mens det for Dagbladet gav 40.<sup>255</sup> Desse tala gir oss eit lite bilet av korleis hendingane i Polen blei dekte, men for meir dekkande oversikt skal me bevege oss over til ei meir kvalitativ tilnærming. Me skal derfor sjå på ein del konkrete omtalar av situasjonen i Polen og den polskjødiske emigrasjonen i norske aviser. Norske aviser brukte i stor grad attgiving av telegrambyrå, både norske NTB og utanlandske som Associated Press. Derfor blei dei same artiklane ofte trykte i fleire forskjellege aviser. Den meir meiningsbaserte journalistikken i form av leiarartiklar, kommentarar og lesarbrev var særeigen for kvar enkelt avis.

Som Mendelsohn har vist i sin omfattande forsking blei polske angrep på «zionisme» kritisert i norsk media allereie før studentprotestane i mars 1968. Eksempelvis skreiv Alf Biem to kronikkar om temaet i Dagbladet i januar.<sup>256</sup> Dei første omtalane av studentprotestane og opprørspolitiet si opplysing av dei i Warszawa 8. mars 1968 i norske aviser kom i nokre laurdagsutgåver dagen etter, deriblant VG og Aftenposten.<sup>257</sup> Polske myndigheiter sine skyldingar om at jødar stod bak blei omtala i norske aviser for første gong 12. mars.

Dagbladet hadde skyldingane som hovudoppslag på framsida si med overskrifta «Polske myndighete anklager jødene for opptøyene». Dei presenterte dei polske myndigheitene si påstandar om at dei som stod bak demonstrasjonane var personar som arbeida for ein allianse mellom Vest-Tyskland og Israel. Forutan myndigheitene sine påstandar framheva Dagbladet lenger bak i avisat at det på Universitet i Warszawa var funne brosjyrar som skylda demonstrasjonsleiarane for å vere jødar som hadde andre mål med demonstrasjonane enn studentane. Artikkelen som var gitt att frå Associated Press, brukte ikkje ordet

---

<sup>254</sup> Nasjonalbiblioteket 2019.

<sup>255</sup> Nasjonalbiblioteket 2019.

<sup>256</sup> Mendelsohn 1986, 282.

<sup>257</sup> VG 09.03.1968,5 og Aftenposten 09.03.1968, 1.

«antisemittisme», men beskrivingane var tydelege nok til å gi leseren inntrykk av at handlingane var av ein slik karakter.<sup>258</sup>

Også Arbeiderbladet hadde studentprotestane som hovudoppslag 12. mars.<sup>259</sup> Avisa skreiv om utreinskingane i Polen etter studentprotestane for første gong 13. mars, også det på framsida.<sup>260</sup> Desse utreinskingane blei raskt identifiserte som antisemittiske, og dagen etter løfta Arbeiderbladet fram denne dimensjonen. I ein av fleire leiarartiklar, under tittelen «Polsk uhygge» blei dei polske myndigheitene sin antisemittisme kraftig kritisert. Det blei peika tilbake til at Polen før krigen hadde Europas største jødiske befolkning. Leiaren blei avslutta med å slå fast at det fekk det til å gå kaldt nedover på ryggen på dei at polske myndigheter, for å bevare sin makt, prøvde å avleie missnøyen i landet med å spele på fordomane mot jødane.<sup>261</sup> Slik blei den norske offentlegheita tidleg informert om forfølginga i av jødar i Polen. Denne bevisstheit blei forsterka gjennom tett dekning av utreinskingane og angrepa på studentar i Polen med framheving av enkeltpersonar, hovudsakleg jødar, som blei råka i 1968. Arbeiderbladet var blant dei mest aktive i denne dekninga og framheva eksempel som professoren Stefan Zolkiewskis avsetting og studenten Kryzztof Topolskis fengselsdom.<sup>262</sup>

Då hendingane i Polen blei diskuterte i Stortinget 30. mai 1968, gav det ei viss mediedekning. Dagbladet kommenterte debatten på leiarplass. Avisa skreiv at fleire av representantane utealte seg ganske skarpt om forholdet til Polen, noko dei trur var riktig at blei gjort. Avisa meinte det var ei skremmande utvikling som hadde funne stad i Polen den siste tida. Dei antisemittiske tendensane var ifølgje avisas ingen reklame for Gomułka-regimet. Mange som hadde sett med sympati på Polens sak, hadde blitt forferda over dette. Poles makthavarar hadde avvist påstandane om antisemittisme mange gonger, men avisas meinte den høglytte kampen mot «zionisme» hadde hatt sterke overtonar av generelt jødehat. Dagbladet meinte ingen var tent med utviklinga, aller minst Polen. Avisa håpte utanriksminister Lyng hadde rett då han sa at hendingane i Polen i mars førebels verka som enkeltepisodar.<sup>263</sup> I mediebiletet blei stortingsdebatten overskygga av andre nyheter, i første rekkje situasjonen i Frankrike. Hovudoppslaget på framsida av VG var «Hæren omringer Paris», og det blei beskrive frykt

---

<sup>258</sup> Dagbladet 12.03.68, 1 og 11.

<sup>259</sup> Arbeiderbladet 12.03.1968, 1.

<sup>260</sup> Arbeiderbladet 13.03.1968, 1.

<sup>261</sup> Arbeiderbladet 14.03.1968, 4.

<sup>262</sup> Arbeiderbladet 26.03.1968, 2 og Arbeiderbladet 17.10.1968, 2.

<sup>263</sup> Dagbladet 31.05.68, 3.

for fransk borgarkrig.<sup>264</sup> Situasjonen i Frankrike dominerte framsidene i dei fleste norske aviser denne dagen.

I 1969 blei den jødiske emigrasjonen frå Polen stadig meir omtala. 3. mars framheva VG den store pågangen av polske jødar på «Chopinekspresen» til Wien.<sup>265</sup> 12. juni opplyste Arbeiderbladet om det polske varselet om slutten på dei spesielle reglane for utreise for jødar 1. september. Dette gjorde avisa i ein notis basert på det polske nyheitsbyrået Polska Agencja Prasowas (PAP) opplysningar. Notisen omtala at 5264 jødar hadde forlate Polen mellom januar og slutten av mai.<sup>266</sup> Arbeiderbladet fortsette å omtale den jødiske emigrasjonen frå Polen utover hausten 1969. 24. september 1969 omtala avisa emigrasjonen under overskrifta «300 jøder ukentlig frå Polen». I artikkelen frå Associated Press stod det at informerte kjelder i Warszawa hevda talet på jødar som hadde emigrert frå Polen var komme opp i 8000 etter ein skarp auke frå sommaren. Det blei påpeika at sjølv om jødane blei pålagde å erklære Israel som destinasjon føretrekte mange andre vestlege land. Sverige og Danmark hadde i særleg grad opna dørene. Kjeldene framheva at svenske myndigheter garanterte arbeid og leilegheiter.<sup>267</sup> Dei skandinaviske mottaka blei slikt offentleg kjende i Noreg, og merkverdig nok omtala tidlegare i Noreg enn i Danmark der pressa samarbeidde med myndighetene om tausheit.

Dei polskjødiske flyktningane som kom til Danmark fekk ei viss mediemarksemrd i Noreg. Grunna sin norske eigarskap og rykte om sal, fekk hotellskipet St. Lawrence som husa dei polskjødiske flyktningane som kom til København i startfasen ein del norsk mediemarksemrd. I ein artikkel i Aftenposten 9. januar 1970 som beskrev skipet si funksjon for dei polskjødiske flyktningane blei salsrykta avviste av representant for eigarane Roald Solstad.<sup>268</sup> I høve bombetrusselen mot skipet omtala Adresseavisen 3. mars 1970 evakueringa av 132 polskjødiske flyktningar og at 2000 i kortare eller lengre tid hadde budd på skipet.<sup>269</sup> Etter at danske myndigheter hadde begynt å uttala seg om den polskjødiske innvandringa til landet ,fekk dei merksemrd frå norsk media. Danmarks utanriksminister Poul Hartling uttala til

---

<sup>264</sup> VG 31.05.68, 1.

<sup>265</sup> VG 03.03.1969, 10.

<sup>266</sup> Arbeiderbladet 12.06.1969, 25.

<sup>267</sup> Arbeiderbladet 24.09.1969, 2.

<sup>268</sup> Aftenposten 09.01.1970, 9.

<sup>269</sup> Adresseavisen 03.04.1970, 4.

Morgenbladet 27. januar 1970 at det framleis var ein stigande straum av flyktningar som kom til Danmark.<sup>270</sup>

I starten av 1970, då Det Norske Flyktningrådet begynte å løfte ideen om eit mottak av polskjødiske flyktningar i norsk media, var det altså god kjennskap til det danske mottaket. 26. og 27. januar fekk generalsekretær i Flyktningerådet Wilhelm Bøe høve til å greie ut om planane i aviser som Morgenbladet og Aftenposten, og blei gitt att i fleire aviser gjennom NTB. Då ei gruppe austeuropaiske flyktningar, der av nokre få var polske jødar, landa i Noreg 11. mai, blei det vidt omtala i norsk media. Til dømes brukte Aftenposten eit bilet av ei smilande jente frå Tsjekkoslovakia som eksempel på flyktningane som landa. Aftenposten omtale av flyktningane hadde ein klart positiv tone i omtalen av alt frå flyktningane sitt humør til klede. Etter Bøes forklaring av at flyktningane hadde vald Noreg fordi alle snakkar så varmt om landet kom avisa med den støttande erklæringa: «Måtte ingen av dem bli skuffet». <sup>271</sup> Den positive haldninga til desse flyktningane som menneske gav også den borgarlege avisa Aftenposten eit høve til å komme med eit stikk til kommunismen. Avisa beskrev at den blide jenta sine foreldre kom frå «ufrihetens Tsjekkoslovakia» til «frihetens Norge». <sup>272</sup> Som me såg i kapittel 4 blei alt som kunne visa det kommunistiske systemets utilstrekkelegheit varmt motteke i Vesten, så også flyktningar.

#### 5.1.4 Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og det jødiske miljøet i Noreg

Som me har sett i kapittel 2 var det jødiske miljøet i Noreg svært lite og sterkt prega av Holocaust i etterkrigstida. Det gjaldt langt på veg også mellom 1968 og 1970. Det var to jødiske meinigheiter; Det Mosaiske Trossamfund i Oslo, og -i Trondheim. Meinigheita i Oslo var klart størst. Informant 2, som blant anna var leiar for jødiske ungdomsorganisasjonar, omtalte miljøet i Oslo som så lite at alle kjente alle eller var i slekt. <sup>273</sup> Det er ein viss usikkerheit rundt teljinga av jødar i etterkrigstida. Oskar Mendelsohn kom fram til at det var cirka 1100 jødar i Noreg ved utgangen av 1970. Det gjorde han ved å legge saman medlemstala i dei to meinigheitene og så legge til eit tal for jødar utanfor trussamfunna som oppfylte krava til opptak (om lag 100-200 personar). <sup>274</sup>

I tillegg til gudstenester, religiøs skuleopplæring, drift av gamleheim og jødiske aktivitetstilbod (sommarleirar osv.) dreiv Det Mosaiske Trossamfund i Oslo omfattande

<sup>270</sup> Morgenbladet 27.01.1970, 1.

<sup>271</sup> Aftenposten 11.05.1970, 1-2.

<sup>272</sup> Aftenposten 11.05.1970, 1.

<sup>273</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>274</sup> Mendelsohn 1986, 423.

velgjerd for jødar i Noreg. Mendelsohn beskrev at fram til midten av 1960-talet blei storparten av midla til sosiale formål dekte av tilskot frå utanlandske jødiske organisasjonar. Fremst av desse var JDC, samt The Conference of Jewish Material Claims against Germany (Den jødiske samanslutnaden for materielle krav mot Tyskland) som råda over fond til dels fått av Vest-Tyskland som ein type krigserstatning. Fram til hans død i 1965 var desse to institusjonane representerte av Marcus Levin i Noreg. Etter dette overtok Rosa Levin som JDCs representant i Noreg før sonen Leif Arild Levin overtok i 1968. Det viktigaste underorganet i meinigheitha i etterkrigstida var Den Jødiske Sosialnemnd som stod for mykje av velgjerda og finansiering av diverse drift.<sup>275</sup> Sosialnemnda blei oppretta i 1947 og hadde kontor i Calmeyergaten 15, der det før krigen låg ein synagoge, og Jødisk Museum i Oslo ligg i dag. Etter krigen hadde sosialnemnda ei utvida verksemd, særleg i samband med mottaket av «displaced persons».<sup>276</sup> Sosialnemnda bidrog med forskjellelege typar velgjersle for jødar som trong økonomisk støtte, eksempelvis stipend til jødiske studentar. Blant gruppene som fekk støtte, var flyktningar, blant anna gjennom å stille garantiar for såkalla «flyktninglån». Ei oversikt over slike garantiar i Den Norske Creditbank frå 1963 viste elleve flyktningar som fekk garantiar frå 3000- til 8000 kroner.<sup>277</sup> Sosialnemnda hadde i 1965 eit budsjett på cirka 42 tusen kroner.<sup>278</sup>

Det norske jødiske miljøet hadde ikkje ein eigen rabbinar heile perioden mellom 1968 og 1970. Dette var typisk for meinigheita i etterkrigstida. Dei mangla rabbinar halve tidsrommet frå 1945 til 1980 då Københavns overrabbinar Bent Melchiorson son Michael blei tilsett. Den svenskfødde rabbinaren Bruno Epstein var tilsett i 16 månadar frå sommaren 1968.<sup>279</sup> Etter Epsteins tid var Bent Melchior fungerande rabbinar over Oslo-meinigheita frå 1970. Melchior besøkte Oslo i mai 1970 for å vere med å markere synagogen sitt 50-årsjubelium. Besøket blei omtala av VG-journalist Kåre Kleivan som intervjuja Melchior. I denne artikkelen gav Kleivan med Melchior hjelp eit innblikk i jødisk liv i Noreg. Så lenge Oslo var utan rabbinar, ville Melchior drive ei viss form for uttrykkingsteneste. Det hende ifølgje Kleivan at meinigheita i Oslo bad om assistanse eller sende folk til København for å drøfte spørsmål.<sup>280</sup>

<sup>275</sup> Mendelsohn 1986, 453-454.

<sup>276</sup> Tangestuen 2020.

<sup>277</sup> OBA/A-11023/F/L0005 Namnlaus oversikt over garantiar i Den Norske Creditbank i Harry Koritzinsky's privatarkiv 07.10.1963.

<sup>278</sup> OBA/A-11023/F/L0005 Harry Koritzinsky signert rekneskap for Jødisk Sosialnemnd for 1965. 31.12.1965.

<sup>279</sup> Mendelsohn 1986, 426-427.

<sup>280</sup> VG 28.05.1970, 3.

Melchior fortalte at det hadde vore nær kontakt mellom trussamfunna i Oslo og København opp gjennom åra. Melchior beskrev meinigheita i Oslo som tradisjonell (ortodoks) i sin innstilling og si gudsteneste. Der meinigheita opptredde blei dei tradisjonelle reglane ivareteke sjølv om dei fleste medlemene i deira privatliv hadde ein annan eller ingen religiøs observans.<sup>281</sup> Meinigheita inkluderte slik både sekulære og religiøse jødar i eit fellesskap. Mendelsohn beskrev at gudstenestene fram til 1984 stort sett blei haldne etter same mønster som før krigen.<sup>282</sup> I likskap med meinigheita samarbeidde det jødiske ungdomsmiljøet mykje på tvers av dei skandinaviske landegrensene. Blant anna drog Informant 2 fram Nordisk Jødisk Studentorganisasjon og Skandinavisk Jødisk Ungdomsforening. Den sistnemnde blei stifta i 1905 og omfatta dei nordiske landa minus Island. Informant 2 beskrev at dei var veldig begeistra for den jødiske migrasjonen frå Polen til Sverige og Danmark, og at fleire vennskap med flyktningar blei utvikla gjennom skandinavisk samarbeid. Med «dei» («vi») sikta Informant 2 truleg til sine jamaldrande som var andregenerasjons Holocaust-overlevande. Informant 2 sitt liv var prega av mykje nordisk samarbeid og samkvem i reiser og diverse utveksling av kultur-, undervisning osv. Det nordisk-jødiske fellesskapet var viktig for generasjonen som tidlegvaksne.<sup>283</sup>

På spørsmål om kva som opptok det jødiske miljøet i Noreg på denne tida var det første ordet frå Informant 2 «overleve». Vidare snakka Informant 2 om å bygge ei framtid på ruinane av det som hadde vore. Informant 2 meinte alle jødiske familiar levde i skuggen av krigen. Dei var oppteke av Israel. Seksdagarskrigen engasjerte sterkt: Plutseleg stod ein overfor ei ny utrydding, og plutseleg kunne det vere over. Det gjorde ekstremt sterkt inntrykk.<sup>284</sup> Jødar i andre land sitt forhold til Israel har vore ein viktig del av forskinga på jødisk historie etter 1948. Vibeke Kieding Banik utforska norske jødar sitt forhold til Israel mellom 1945 og 1975 i si doktorgradsavhandling frå 2009. Kieding Banik trudde noko av den viktigaste verdien av Israels eksistens for dei norske jødane var det som også var eit av den internasjonale sionistbevegelsen sitt mål, nemleg ei normalisering av jødane og deira tilstand. Ho meinte Israel gav alle jødar, ikkje berre dei som budde i området, ei ny verdighet. Ho omtala at denne verdigheita blei knytt til at Israel blei eit bevis på kva *alle* jødar var i stand til å utføre, berre dei fekk høve. Dette kunne bli knytt opp til den uverdige følelsen av å bli betrakta som

---

<sup>281</sup> VG 28.05.1970, 3.

<sup>282</sup> Mendelsohn 1986, 429.

<sup>283</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>284</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

framand i Noreg, landet mange var fødde og oppvaksne i.<sup>285</sup> Kieding Baniks analyse viste at generasjonen som blei fødd rundt andre verdskrig som Informant 2, i større grad såg på Israel som eit jødisk-kulturelt senter enn sin foreldregenerasjon.<sup>286</sup> Informant 2 beskrev at det jødiske miljøet i Noreg også var opptekne av den kalde krigen generelt, og del av ei generell nasjonal redsel for kommunisme.<sup>287</sup>

Ein viktig dynamikk for jødar, som andre minoritetar i det svært homogene Noreg, var forholdet til storsamfunnet. Om utviklinga i situasjonen for jødar i Noreg generelt i åra fram mot 1968 uttala Informant 2 at den sikkert var nøytral. Dei dreiv med sitt og storsamfunnet med sitt. Informant 2 beskrev at det var ei veldig positiv haldning til jødar i storsamfunnet generelt, noko hen opplevde som nesten ein slags «positiv antisemittisme» som ikkje var basert på verkelegheita. Dette fann hen ugreit. På spørsmålet «Opplevde du nokon gong antisemittisme i Noreg i den aktuelle tidsperioden?» svara Informant 2 «ja, ofte». Dette blei utdjupa med at hen var på samfunnsvitskapleg fakultet då AKP-bevegelsen var på topp. Det var ofte antijødiske haldningar frå medstudentar, ikkje elles i samfunnet, men på fakultet.<sup>288</sup> Informant 2 sine opplevingar må i stor grad sjåast på som opplevingar på individnivå nært knytt til hen sin livssituasjon som student heller enn eit bilet som gjaldt alle jødar.

Den meste profilerte personen i Det Mosaiske Trossamfund i Oslos leiarskap frå 1968 til 1970 var dåverande forstandar (1946-1975) og tidlegare krigsflyktning til Stockholm Harry Meier Koritzinsky (1900-1989). I Stockholm hadde han vore sjef ved Flyktningekontoret.<sup>289</sup> Koritzinsky hadde ein lang karriere i meinigheita allereie før krigen. I 1941 gjekk han av som sekretær etter 20 års virke i meinigheita.<sup>290</sup> Som meinigheita sin forstandar etter krigen er mykje av brevkommunikasjonen i arkiva relatert til Det Mosaiske Trossamfund signert enten av eller til Harry Koritzinsky. Arkivmaterialet eg har funne på Jødisk Museum i Oslo viser at det jødiske miljøet engasjerte seg for jødar utsette for urett utanfor landegrensene. Dette arkivmaterialet omfattar Det Mosaiske Trossamfund Korrespondansebrev mellom 1968 og 1971. Det Mosaiske Trossamfund i Oslo kontakta både myndigheter og organisasjonar for å vise dette engasjementet. Koritzinsky etterlèt seg også eit privat arkiv som er bevart på Oslo Byarkiv. Dette arkivet gir eit innblikk i diverse delar av meinigheita si verksemd.

---

<sup>285</sup> Kieding Banik 2009, 260.

<sup>286</sup> Kieding Banik 2009, 264.

<sup>287</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>288</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>289</sup> Bergkvist 2020.

<sup>290</sup> Mendelsohn 1986, 28.

I høve spørsmål om å eventuelt motta polskjødiske flyktningar, gjorde Informant 2 ei utgreiing om den dåverande leiringa i meinigheita si bakgrunn:

- «Meinigheitsleiringa var overlevande frå krigen. Nokre hadde overlevd leirar mens andre hadde vore flyktningar i Sverige. Så hadde dei levde gjennom etterkrigsoppgjeret (kor det jødiske miljøet fekk svært lite). Det var harde kår for den overlevande minoriteten. Norske myndigheter fekk eit internasjonalt krav om å ta inn like mange jødar som hadde død. Det skjedde ikkje. Dei jødane som til slutt fekk innvilga sine søknadar om å komme til Noreg hadde ein yrkesprofil Noreg trong til gjenoppbyggingsarbeid. Meinigheita måtte garantere for dei økonomisk. Det hadde meinigheita ikkje midlar til, så internasjonale jødiske organisasjonar som JDC måtte bidra. Eit anna problem var at dei blei spreidde over heile landet. Dette var eit stort problem for familiene det gjaldt og meinigheita. Familiene trong eit fellesskap, men staten ønskte å integrere dei i storsamfunnet for å unngå «gettofisering». Det som var vanskeleg for meinigheita var at dei dreiv eit outreach-program med kultur og religiøse rituell. Det var vanskeleg å få til med økonomien som ikkje fanst. Dei hadde därleg erfaring med å bringe inn grupper av jødiske flyktningar fordi myndighetene hadde ein policy som gjorde dette vanskeleg for meinigheita. Eksempelvis med «Minusflyktningar» (sjuke flyktningar grunna krigen) som meinigheita måtte garantere for økonomisk.»<sup>291</sup>

### 5.1.5 Ikkje-statlege hjelpeorganisasjonar

Fleire delar av det norske sivilsamfunnet, deriblant norske organisasjonar for tidlegare konsentrasjonsleirfangar, engasjerte seg mot antisemittismen i Polen. Mendelsohn illustrerte dette med blant anna at fleire personar avslo polske møteinvitasjonar og eit appellinitiativ for å få framtredande personar i Europa til å sende protestar til Gomułka i januar 1970. Dette initiativet blei starta av Hallvar Rieber-Mohn, tidlegare utanriksminister Halvard Lange, professor Frede Castberg og arkitekt Odd Nansen.<sup>292</sup> For å samanlikne med Danmark skal eg frå sivilsamfunnet framheve hjelpeorganisasjonar med Det Norske Flyktningeråd i spissen. Det Norske Flyktningeråd (i dag kalla Flyktninghjelpen) var ein viktig aktør for norsk flyktningpolitikk i oppgåva sitt aktuelle tidsperiode og samarbeidde tett med norske myndigheter. Organisasjonen beskrev seg på sine nettsider som ein norsk organisasjon som hjelper menneske på flukt verda over. Dei beskrev at dei i over 70 år (stifta som

<sup>291</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>292</sup> Mendelsohn 1986, 282.

Europahjelpen i 1946) har jobba utretteleg for at menneske på flukt skal overleve og bygge seg ei framtid. Organisasjonen utevar at dei står på flyktningane si side og beskriv seg som ein sterk pådrivar for at makthavarar skal respektere flyktningars rettar.<sup>293</sup>

Arkivmateriale viser at nøkkelpersonar i organisasjonen hadde kontakt med både norske myndigheter og det jødiske miljøet i Noreg. Dei var også aktive i media med utsegner om potensiell jødisk migrasjon frå Polen til Noreg. Deira fremste representantar var generalsekretær Wilhelm S. Bøe (1915-1980) og formann Sigurd Halvorsen. I sitt lange liv med hjelpearbeid tok Bøe blant anna initiativ til å stifte Bergen Røde Kors Hjelpekorps og var i ein periode styreformann for tilsvarande hjelpekorps i Oslo.<sup>294</sup> Flyktningrådet administrerte statleg bestemte- og finansierte flyktningmottak i oppgåva si tidsperiode. Dei fekk dermed ei sentral rolle då spørsmålet om det skulle komme polskjødiske flyktningar til Noreg kom opp.

I tidsperioden 1968-1970 samarbeidde Det Norske Flyktningeråd tett med fleire organisasjonar. Blant dei var hjelpeorganisasjonen som i oppgåva si tidsperiode var kjend som Intergovernmental Committee for European Migration (ICEM). Denne organisasjonen vart stifta i 1951 og fekk namnet ICEM i 1952. Organisasjonen sitt noverande namn (sidan 1989) er International Organization for Migration (IOM). Organisasjonen fekk mandat til å hjelpe europeiske regjeringar med å identifisere gjenbusettingsland for dei estimerte 11 millionar menneska som var rotlause grunna andre verdskrig. Dei arrangerte transport for nær ein million migrantar på 1950-talet. Sidan dette har dei hjelpt i mange menneskeskap- og naturkatastrofar, blant anna i Ungarn i 1956 og Tsjekkoslovakia i 1968. På sine eigne nettsider beskriv organisasjonen at frå sine røter som eit operativt logistikkbyrå har det utvida omfanget sitt.<sup>295</sup> ICEMs rolle var særleg sentral i flyktningeleirane i Italia og Austerrike. Dette viser igjen i Flyktningrådet sitt arkiv, eksempelvis i eit brev 10. juli 1970, der Flyktningrådet takka for ICEMS hjelp av den norske utvalsmisjonen i flyktningleiren i Wien i april.<sup>296</sup>

Flyktningrådet samarbeidde også med jødiske organisasjonar som JDC. Dei kalla eksempelvis inn norske samfunnstoppar til eit informasjonsmøte i Det Mosaiske Trossamfund i Oslos samfunnshus med visedirektøren i JDC Ted Feder 20. mai 1969.<sup>297</sup> Flyktningrådet

---

<sup>293</sup> Flyktninghjelpen 2020.

<sup>294</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0007/0007 Ny fremtid. Avisutklipp. 1965.

<sup>295</sup> IOM 2020.

<sup>296</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0061/0006 K. Mjeldheim. Brev på vegne av Wilhem Bøe (Det Norske Flyktningråd) til Ken Summers (ICEM). 10.07.1970.

<sup>297</sup> JMO Wilhem Bøe. Brev på vegne av Det norske flyktningråd til Harry Koritzinsky. 14.05.1969.

samla inn cirka 10 000 dollar til JDCs arbeid for dei polskjødiske flyktningane i Italia og Austerrike gjennom vising av dokumentarfilmen «*Det tredje rikets vekst og fall*» basert på William L. Shirers bok «*The Rise and Fall of the Third Reich*» i 1970.<sup>298</sup>

### 5.1.6 Dei polskjødiske flyktningane

Dei få polskjødiske flyktningane som kom til Noreg etter 1968, kan delast i to grupper: Den første gruppa er flyktningar som hadde personleg kontakt med den norske ambassaden i Warszawa og kom til Noreg i 1968 og 1969. Den andre gruppa er flyktningar som kom til Noreg i 1970 etter å ha blitt plukka ut av flyktningleirar i Italia og Austerrike. UDs arkiv fortel ein del om gruppa som kom i 1968 og 1969, men lite om dei som kom i 1970. Nokre av 1970-flyktningane som kom frå Italia som lever i dag, gav gjennom ein mellomkontakt tydeleg uttrykk for at dei ikkje ønskte å delta i prosjektet eller bli spora opp. Derfor må me sjå på medieomtalen frå samtidia for å få eit bilet av denne innvandringa til Noreg.

Medieomtalen sprika noko i tal på flyktningar som landa i Noreg i 11. mai 1970, og kor mange av dei som var polske jødar. Alle nemner Fornebu Flyplass som landingsstad etter flytur med eit norsk charterfly og pensjonat i Drammen og Oslo som første innkvartering. Nokre nemner også eit nytt fly som skulle komme 25. mai, men landinga blei aldri omtala. Mendelsohn sette talet på polske jødar som kom til Noreg på 15 og 20 polske jødar, der av cirka ti landa i mai 1970.<sup>299</sup> Sidan arkiva gir eit uklart bilet av kor mange av søkerane i 1968 og 1969 som faktisk kom og media er uklare i omtalen av leirflyktningane i mai 1970 er det vanskeleg å sette eit eksakt tal. Det er likevel tydeleg at det berre var eit par titals personar.

Informant 1 og Marek Thee var representative for dei jødiske emigrantane frå Polen generelt. Dei var velutdanna med gode stillingar. Dei var også representative for dei få jødiske flyktningane som kom til Noreg frå Polen i 1968 og 1969. Ei lista over polske jødar som hadde søkt innreiseløyve til Noreg, viste 16 namn fordelt på seks familiar. Lista var vedlagt brev frå ambassaden til UD 8. september 1969. Blant desse var Thee-familien og Informant 1.<sup>300</sup> I tillegg til namna nemnd i lista dukka også saka til ein polskjødisk tannlege som hadde søkt innreiseløyve til Noreg opp i UDs arkiv.<sup>301</sup> I eit brev frå ambassaden i Warszawa til UD 2. desember med gjennomgang av fleire av sakene, blei to av dei 16 nemnde polske jødane (ikkje Thee eller Informant 1) omtala som professorar. I tillegg blei ein av desse professorane

<sup>298</sup> JDC arkiv. Brev frå Theodore D. Feder, JDC i Genève til Samuel L. Harber, JDC i New York. 13.08.1970.

<sup>299</sup> Mendelsohn 1986, 383.

<sup>300</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 C. Berg-Nielsen. Fortruleg melding for den norske ambassaden i Warszawa til UD. 08.09.1969.

<sup>301</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Thineke Stenstad. Signert for Det Norske Flyktningeråd. Brev til ambassaden i Warszawa. 04.12.1969.

brukt som eit potensielt referansepunkt for å få kontakt med eit ektepar.<sup>302</sup> To av familiene på lista var 16. desember 1969 i Sverige og Danmark.<sup>303</sup> Det kan konkluderast med at dei få polske jødane som kom til Noreg i 1968 og 1969, var velutdanna, relativt velståande, og hadde gode kontaktar. At slike flyktninggrupper er dei første som kjem seg til sin destinasjon, er ikkje uvanleg i flyktningsituasjonar.

For å forstå det store biletet på korleis situasjonen var for dei jødane som forlét Polen til fordel for Noreg etter 1968, er det nytig å ta eit djupdykk i nokre enkelttilfelle. Eg har vald å framheve to flyktningar. Ideelt sett skulle det vore ein frå kvar gruppe, men på grunn av den tilgjengelege informasjonen kjem begge frå gruppa som kom til Noreg utan opphold i flyktningleirar. Me såg i kapittel 3 kvifor Marek Thee og Informant 1 emigrerte frå Polen. Her skal me fokusere på kva som førte dei til Noreg. Informant 1 kom til Noreg som statslaus på Nansenpass med fly i 28. september 1969 etter ei mellomlanding i København. Kva gjaldt valet av Noreg var pull-faktorar på mesonivå avgjerande. Informant 1 var blitt kjend med ein norsk professor som var på utveksling i Warszawa tidlegare. Denne professoren hjelpte hen med å få arbeidsløyve i 1969. Etter at Informant 1 kom til Noreg skulle hen bli kjend med to andre polskjødiske flyktningar som kom til landet i denne perioden, der av ein hadde universitetsjobb. Informant 1 hadde kontakt med den norske ambassaden i Warszawa før avreise og hadde prøvd å få komme til Noreg allereie i 1968 på utveksling.<sup>304</sup>

Thee-familien sin veg til Noreg var noko meir tilfeldig. Spurt om forklaringa på kvifor familien enda i Noreg fortalte Marek Thees dotter Halina om eit tilfeldig treff gjennom naboen som var sosiolog. I august eller september 1968 var det ein sosiologikonferanse i Warszawa. Blant deltakarane var to nordmenn, Johan Galtung og Ingrid Eide. Naboen som vissste at familien allereie pakka sakene sine, dukka opp på dørstokken deira med desse to nordmennene og kom i snakk. Det viste seg at Galtung meinte faren hennar kunne passe perfekt til å hjelpe å redigere det som blei Bulletin of Peace Proposals. Slik kom kontakten med Galtung til, og familien skjønte at dei skulle flytte til Noreg. Det var altså akademisk nettverksmigrasjon som førte både Informant 1 og Thee-familien til Noreg. Før han møtte Galtung, hadde Marek Thee skrive brev til Canada og Sverige. Han forlét Polen med tog via Göteborg 29. november 1968 og blei møtt på stasjonen i Oslo av Tord Høivik. Høivik tok han til PRIO, der familien budde i starten. Halina, mora og søstera tok toget til Wien. Der venta

<sup>302</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 B.M. Alvegård. For ambassaden i Warszawa. Brev til UD. 02.12.1969.

<sup>303</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 5. politiske kontor. Notat 12.11.1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 16.12.1969.

<sup>304</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

dei i tre veker før dei fekk grønt lys til å fly til Oslo der dei landa 17. desember 1968. Familien fekk hjelp frå Hebrew Immigrant Aid Society med å få billettar til å reise til Noreg. Dei kom til landet med lite pengar grunna grensa for kva ein fekk ta med seg ut av Polen.<sup>305</sup>

## 5.2 Hendingsforløp

Etter å ha sett på hovudaktørane, har me nå eit bilet av den norske situasjonen opp mot den danske. For å gjere dette biletet klarare skal me gå gjennom hendingsforløp i Noreg og i den norske utanrikstenesta relaterte til temaa. Sidan hendingsforløpet ikkje er utforska før, skal det rekonstruerast her for første gang basert på tilgjengelege kjelder. Dette skal me gjere hovudsakleg ved hjelp av analyser av diverse kjelder. Hendingsforløpet skal i hovudsak bli framstilt så kronologisk som praktisk mogleg.

### 5.2.1 Norske reaksjonar på hendingane i Polen

I mai 1968 kom kampanjen i Polen opp til debatt i Stortinget. Kampanjen hadde då allereie blitt breitt dekka i norske aviser. Første gang hendingane blei nemnde i Stortinget var 21. mai då Lyng gjorde ei kort utgreiing om hendingane i Polen etter hans bedømminger. Lyng meinte det verka som om det i første rekke hadde dreidd seg om ein protestbevegelse i akademiske- og studentkretsar. Han meinte det var liten grunn til å tru at studentane sitt sine var retta mot partiet eller det kommunistiske systemet, men hendingane hadde tydelegvis skapt noko uro hos dei polske leiarane og ført til visse reaksjonar. I alle fall foreløpig meinte Lyng at det synest å vere naturleg å sjå på hendingane i Polen i mars som meir ein episode enn som uttrykk for eller innvarsling av meir djuptgåande endringar.<sup>306</sup> Lyng si utgreiing var utgangspunktet for ein lengre stortingsdebatt om temaet 30 mai 1968.

Mellan desse to stortingsdebattane fekk Lyng eit brev frå forstandar i Det Mosaiske Trossamfund i Oslo, Harry Koritzinsky. Koritzinsky skreiv at han hadde fått ei oppmoding frå andre skandinaviske-jødiske meinigheiter til hans trussamfunn om å gjere ein demarche til Noregs regjering. Koritzinsky greia ut om forfølginga av jødar i Polen som berre kunne tolkast som antisemittisme. Han bad den norske regjeringa gjere polske myndigheiter merksame på at denne menneskerett-brytande diskrimineringa skapte reaksjonar i nordiske land. Koritzinsky bad Lyng legge fram saka for regjeringa. I eit avsnitt merka P.S. poengterte Koritzinsky at det i 1918 gjekk føre seg pogromar i Polen. Den gang gjorde meinigheita ein førespurnad til den dåverande polske regjeringa. Då gjorde det sterkt inntrykk på Polens regjering at utanlandske venlegsinna regjeringar gjorde ein slik demarche. Pogromane

---

<sup>305</sup> Bivand Erdal 2019.

<sup>306</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3745.

opphøyrde ifølgje Koritzinsky då.<sup>307</sup> Koritzinsky håpte truleg at Noreg skulle bli ein del av fleire land i ein kollektivt demarche som ville ha større kraft inn mot polske myndigheter til å avslutte kampanjen enn Noreg aleine.

Hendingane i Polen var ikkje ein dominerande del av stortingsdebatten 30 mai 1968. Berre 10 av 31 debattantar nemnde situasjon eller hendingane i Polen, og temaet kom berre opp i 12 av dei 56 innlegga i debatten. Blant dei andre temaa i debatten var utsiktene for avspenning i den kalde krigen, situasjonen i Frankrike og europeiske studentdemonstrasjonar generelt.<sup>308</sup> Dette viser at situasjonen i Polen på dette tidspunktet blei tatt på alvor, men ikkje dominerte stortingspolitikarane si merksemd sjølv om den hadde fått medieomtale sidan starten.

I eit innlegg i denne debatten gjekk Lyng inn på det han i lys av hendingane i landet omtala som «problemet forholdet til Polen». Regjeringa hadde under hendingsforløpet i Polen tilfeldigvis to besøk frå framtredande polsk politisk hald. Dette i form av to utsende delegasjonar. Det første besøket var under opninga av studentprotestane. Dei første dagane frykta Lyng sterke myndighetsinngrep overfor studentane. Etter dette hadde Noreg besøk av ein parlamentarisk delegasjon i ei veke. Lyng hadde også besøk av delegasjonen sine medlemer under leiing av presidenten for den polske sejm. Lyng fortalte delegasjonen at det i Noreg var sterk bekymring over opplysningane om ei veksande antisemittisk stemning i Polen, samt at dette skulle ha gjere seg utslag overfor jødiske enkeltpersonar. Lyng la til at for Noregs regjering, som såg eit godt samarbeid med Polen som eit mål i seg sjølv hadde desse opplysningane skapt store vanskar. Lyng spurte om delegasjonen kunne klarlegge dette. Delegasjonen svara at det var rett at opposisjon til myndighetene sitt standpunkt i den israelsk-arabiske konflikten hadde ført til avsettingar i den polske politiske og administrative leiinga. Det blei forsikra sterkt om at det ikkje var snakk om nokon antisemittisk hets og heller ikkje noko inngrep overfor enkeltpersonar utover dette.<sup>309</sup>

Lyng uttala at det siste var litt vanskeleg å vurdere fordi det var vanskeleg å få konkrete opplysningar om kva som var gjort overfor enkeltpersonar med jødisk bakgrunn. Men så mykje kunne ein ifølgje Lyng seie at den utreinsking som hadde funne stad syntest å ha gått betydeleg utover kva som skulle vore naturlege refleksverknader av usemje i eit utanrikspolitisk spørsmål. Det som imidlertid var Lyng sitt poeng, var at han heilt klart fekk

---

<sup>307</sup> JMO Harry Koritzinsky. Brev til utenriksminister John Lyng. 22.05.1968.

<sup>308</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3960-4008.

<sup>309</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 4004.

gitt utrykk frå norsk side for at Noregs regjering såg på ein antisemittiske bevegelse av denne karakter som forkasteleg. Vidare gav han utrykk for at dette ikkje kunne unngå til ein vis grad å påverke regjeringa si vurdering av den polske utviklinga.<sup>310</sup> Med opplysningane Lyng hadde fått i brevet frå Koritzinsky, samt den samtidige mediedekninga, er det naturleg å tru at hans utsegn om at det var «vanskeleg å vurdere», var eit diplomatisk grep for å avgrense dei polske reaksjonane på utspelet hans. I tillegg til mediedekninga, dagen etter blei den offentlege responsen eit tema internt i Det Mosaiske Trossamfund i Oslo. Koritzinskys brev samt innlegga om Polen i Stortinget 21. mai og 30. mai blei diskutert på eit styremøte i meinigheita 9. september 1968.<sup>311</sup>

Lyng fekk stor støtte i Stortinget for sine betraktnigar. Blant dei som var takknemlege for Lyng si utgreiing og håpte han hadde rett i at antisemittismen berre var enkelthendingar var Herman Pedersen (AP). Han ønskete at Polen skulle spele ei rolle i europeisk politikk og trudde at Polen ville kunne yte eit verdifullt bidrag for normalisering og avspenning, samt løysinga av dei mange uløyste europeiske problema. Moglegheitene til dette meinte Pedersen ville bli kraftig svekka av slik antisemittisme som ein hadde sett i dei to månadane fram mot debatten.<sup>312</sup> Fleire av stortingsrepresentantane framheva viktigheita av forholdet til Polen, særleg Finn Gustavsen (SF). Han fokuserte på å styrke forholdet til Polen med å få utanriksminister Lyng til å erklære at Noreg meinte Polens vestgrense definitivt låg fast.<sup>313</sup> Det må presiserast at Gustavsen som partileiar i Sosialistisk Folkeparti ytst til venstre på Stortinget, var langt meir positiv til den polske- og andre austblokkregjeringar enn resten av stortingspartia. Trass verdsettinga av det polsk-norske forholdet, blei det ikkje etterlete nokon tvil om at antisemittisme var uakzeptabelt; eksempelvis samanlikna Gustavsen situasjonen til polske jødar med mørkhuda i Sør-Afrika.<sup>314</sup>

### 5.2.2 Halvorsen sitt brev

Som me har sett, sende Dag Halvorsen 6. oktober 1968 brevet med oppfordring om hjelpetiltak til fleire skandinaviske nøkkelpersonar, deriblant norske. Den første reaksjonen på brevet i UDs arkiv er datert til 25. oktober 1968 i eit brev frå ambassaderåd Knut Hedemann ved Noregs ambassade i Stockholm til Ansteensen. Hedemann informerte om ein samtale med det svenske utenriksrådet Marc Giron om brevet. Giron meinte sidan førespurnaden var retta

<sup>310</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 4004.

<sup>311</sup> DMT. Bok frå styret. 09.09.1968.

<sup>312</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3987-3988

<sup>313</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 3977

<sup>314</sup> Stortingsforhandlinger 1967-1968, 4008

til samlede tre skandinaviske landa sine hovudstadar, ville det vere riktig å halde kontakt og søke å samordne. UD ville komme tilbake til saka overfor ambassaden så snart den svenske haldninga blei avklart.<sup>315</sup> Halvorsen sitt brev blei kommentert internt i fleire notat av UD, deriblant av E.F. Ofstad for Rettsavdelinga. Ofstad lista opp fem punkt i respons til Halvorsen sitt brev i eit notat 14. november 1968 under tittelen: «Skandinavisk hjelpetiltak for jødene i Polen».<sup>316</sup>

1. Planen som var skissert i Halvorsen sitt brev, reiste ingen rettslege problem. Noreg var i sin innvandringspolitikk heilt fritt stilt i forhold til Polen. Det var så vidt Rettsavdelinga visste ingenting i vegen for norske myndigheter kunne gi forhandstilsegn og innreise- og opphaldstillating til enkelte kategoriar polske borgarar.
2. Det eksisterte på den andre sida inga folkerettsleg forplikting til å gi slik tilsegn, verken i den alminnelege folkerett eller i traktatretten. Saka kom ikkje inn under flyktnings- eller menneskerettskonvensjonane.
3. Spørsmålet om kva som vidare burde bli føreteke i saka måtte baserast på ei politisk vurdering der utlendingsmyndighetene blei teke med på råd.
4. Rettsavdeling fann grunn til å peike på at så utryggande som saka var behandla frå Halvorsen si side (ein tenkte her på spreiinga brevet var gitt, og den uforsiktige sendemåten), var det å frykte at planen kunne vere kjend av polske myndigheter, og kunne føre til ein betydeleg politisk belasting dersom den blei realisert.
5. Det syntest på den andre sida klart at det her låg før eit skrikande behov for bistand. Rettsavdelinga burde vel derfor i alle fall ta saka opp munnleg med utlendingsmyndighetene. Stilte dei seg positivt til tanken, måtte vel mange flyktningar kunne hjelpast – sjølv om ingenting behøvde å bli organisert.<sup>317</sup>

Det var som me ser ein balansegang mellom dei diplomatiske banda med Polen og ønsket om å hjelpe dei polske jødane. UD verka å vega polske jødar sitt akutte behov tyngst og førte prosessen mot potensielle hjelpetiltak vidare. Halvorsen blei involvert vidare i denne prosessen. Eit notat frå UDs 5. politiske kontor 5. desember 1968 med tittelen «De polske jøders stilling og eventuelle hjelpetiltak fra skandinavisk side» omtala eit møte hos ekspedisjonssjef Einar Ansteensen der temaet blei drøfta. Dei andre møtedeltakarane var Dag Halvorsen, ambassaderåd Hedemann, underdirektør Ofstad, konsulent Stoltenberg og

<sup>315</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 E.F. Ofstad notat signert for UD, Rettsavdelinga 14.11.1968.

<sup>316</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Knut Hedemann for den norske ambassaden i Stockholm. Brev til direktør i UD Einar Ansteensen. 25.10.1968.

<sup>317</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 Ofstad notat signert for UD, Rettsavdelinga 14.11.1968.

førstesekretær Stenseth. Hjelpetiltaka frå brevet som nemnd, var blant anna i form av ei offisiell tilsegn om at polske jødar ville få visum og opphaldstillating i skandinaviske land. Ansteensen peika på tungtvegande humanitære aspekt som var utgangspunktet for Halvorsen sitt initiativ i saka. Desse aspekta meinte han naturlegvis ville vere viktige ved vurderinga av spørsmålet om kva blant anna norske myndigheter kunne føreta seg. For UDs vurdering av saka ville det vere av interesse å få opplysningar om blant anna korleis polske myndigheter stilte seg til emigrasjon av polske jødar til andre land enn Israel.<sup>318</sup>

På dette møtet kom Halvorsen med lengre utgreiingar om situasjonen i Polen og nokre tankar rundt potensielle flyktningmottak. Dersom det blei slik at ein del polske jødar søkte til skandinaviske land, meinte Halvorsen at det moglegvis på privat basis ville måtte organiserast tiltak med sikte på å yte bistand med tilpassinga til skandinaviske forhold den første tida etter åtkomsten. Han meinte det neppe ville bli tale om eit stort tal for Noregs del. Halvorsen var i første rekkje interessert i å få vite om han gjennom sine kontaktar med polske jødar kunne sei at dei som måtte ønskje det, ville kunne rekne med å få visum, og opphaldstillating i skandinaviske land. Halvorsen understreka i denne samanheng betydninga av tidsmomentet ved behandlinga av visum- og opphaldstillatingar frå polske jødar.<sup>319</sup>

Ansteensen fortalte at saker av denne karakter i fremste rekkje tilhøyrd framandmyndighetene som hadde visse retningslinjer fastsette i gjeldande lov å holde seg til. UD ville imidlertid på ein formålstenleg måte ta opp spørsmålet med vedkommande myndigheter og også søkje å finne ut korleis ein i Stockholm og København vurderte moglegheitene for å yte bistand. Foreløpig var UD kjend med at ein i det svenske utanriksdepartementet i prinsippet stilte seg positiv, og at dei forskjellige sidene av spørsmålet på dette tidspunktet var i vurdering i utlendingskommisjonen. I mellomtida meinte Ansteensen det truleg ville vere nyttig om Halvorsen under sitt føreståande besøk i Wien kunne sondere stemmingar og synspunkt blant jødiske emigrantar frå Polen. Det gjaldt dei som oppheldt seg der mens dei venta på moglegheita til å reise til eit ønskt opphaldsland. UD ville på si side orientere Halvorsen om dei konklusjonane ein kom fram til etter at saka hadde vore vurdert av norske myndigheter og i samråd med Danmark og Sverige.<sup>320</sup> Noko vidare kommunikasjon med Halvorsen er ikkje å finne UDs arkiv. Dette møtet illustrerer at desse

---

<sup>318</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

<sup>319</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

<sup>320</sup> RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001 UD. 5. politiske kontor. 05.12.1968. Notat.

byråkratane i utanrikstenesta ønskte skandinavisk samarbeid i reaksjonane på den antisemittiske kampanjen i Polen.

### 5.2.3 Det Norske Flyktningeråd engasjerer seg i saka

Det Norske Flyktningeråd hadde ein framskoten posisjon blant norske hjelpeorganisasjonar i tidsperioden i oppgåva. Nettopp derfor kontakta sosialøkonomen Johan Vogt organisasjonen i eit brev om polskjødiske flyktningar send frå Stockholm 27. mars 1969. Vogt hadde fått ei oppfordring frå polske jødar som nettopp var komne til Sverige om å undersøke moglegheitene for at polske jødar også kunne komne til Noreg. Han greia ut om jødar sin situasjon i Polen, det større talet som venta på innresetillatingar til vestlege land i leirar i Wien og Roma, samt mottaket i Sverige. Vogt førespurde om Flyktningerådet kunne gi han beskjed om kor mange som var komme til Noreg, og om moglegheitene for at det kunne bli gitt innreiseløyve for fleire polske jødar.<sup>321</sup> 9.april sende Vogt eit purrebrev til formann i Flyktningerådet Sigurd Halvorsen der han etterlyste eit svar.<sup>322</sup> Vogt fekk svar av Generalsekretær i Flyktningerådet Wilhelm Bøe dagen etter. Bøe forklarte at grunna påsken hadde saka blitt liggande litt, men ville bli teken opp i løpet av veka. Flyktningerådet meinte det ville vere best å få eit møte med fleire instansar. Bøe opplyste at organisasjonen hadde vore i kontakt med fleire jødiske hjelpeorganisasjonar, og var merksame på den pågåande eksodusen i Polen. Før dei kunne gjere noko særleg med dette, måtte dei vite kor langt myndighetene ville strekke seg økonomisk for å hjelpe. Bøe omtalte at dei til då berre hadde fått ein handfull polskjødiske flyktningar til Noreg.<sup>323</sup>

Same dag tok Bøe kontakt med UDs 1. politiske kontor angåande spørsmålet om innreise av polske jødar til Noreg. Blant poenga Bøe tok opp var at Flyktningerådet var interessert i å få vite korleis norske myndigheter stilte seg til spørsmålet om immigrasjon av denne gruppa. Vidare ønskete Flyktningrådet å vite om det kunne ytast nokon økonomisk støtte i denne samanheng. Bøe håpa at ein kunne vurdere spørsmålet om å ta inn ein del eldre polske jødar i Noreg, og eventuelt stille ein spesiell gamleheim til disposisjon for desse. Han uttrykte ønske om få samankalla eit orienteringsmøte om desse spørsmåla.<sup>324</sup> UDs 5. politiske kontor kommenterte denne førespurnaden internt. Det stod i påskrift frå kontoret at jødane i Polen ville bli vurdert på linje med all anna flyktninghjelp. Det blei uttrykt skepsis mot å involvere

<sup>321</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0064/0008 Johan Vogt. Brev til Det Norske Flyktningeråd. 27.03.1969.

<sup>322</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0064/0008 Johan Vogt. Brev til Sigurd Halvorsen. 09.04.1969.

<sup>323</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0064/0008 Wilhem Bøe. Brev på vegne av Det Norske Flyktningeråd til Johan Vogt. 10.04.1969.

<sup>324</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 1. politiske kontor. Notat 11.04.1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.1969.

den amerikanske hjelpeorganisasjonen (truleg JDC) som Bøe nemnde (utan namn i arkivmaterialet) inn i prosessen.<sup>325</sup> Kontoret utdjupa:

«Frå politisk synspunkt til Kontoret – ivhertfall i denne omgang – begrense seg til å vise motforestillinger mot at nevnte amerikansk hjelpeorganisasjon bringes direkte og aktivt inn i bildet. Et slikt skritt ville uten tvil kunne bli utlagt av polske myndigheter som en bekreftelse på deres propaganda mot US-zionisme, belaste de noe omfintlige norsk-polske relasjoner og muligens og i verste fall influere uheldig på polske jøders adgang til å forlate Polen. Amerikansk hjelp bør i tilfelle kanaliseres meget diskret.»<sup>326</sup>

Trass UDs skepsis mot å involvere JDC i ein prosess for å hjelpe polske jødar engasjerte Flyktningerådet organisasjonen for å skape bevisstheit om situasjonen i Noreg. Bøe sende 14. mai 1969 eit brev til Harry Koritzinsky med tittelen «Jødenes stilling i Polen og i arabiske land i Midt-Østen». Bøe starta brevet med å ta opp at det ifrå fleire forskjellege hald hadde vore uttrykte ønskje om å få ei orientering frå sakskyndig hald om dei vanskane dei jødiske minoritetsgrupper opplevde i Polen, Aust-Europa og dei arabiske landa i Midtausten. Ei slik orientering måtte ifølgje Bøe behandlast fortruleg på eit lukka møte. Visedirektøren i JDC, Ted Feder, skulle komme til Oslo den førstkommande tysdagen og hadde erklært seg villig til å gi ei slik orientering. JDC hadde fram til utvisninga drive gamleheim og andre institusjonar for jødar i Polen, og hadde hatt hjelpeprogram for jødar i gang i Midtausten så lenge det var mogleg. Feder var derfor i ein nøkkelposisjon og satt inne både med erfaring og opplysningar med omsyn til jødane sine problem. Bøe meinte spørsmålet var om interesserte kretsar her i Noreg kunne finne fram til hjelpetiltak for dei jødiske minoritetsgruppene og for jødiske flyktingar. Møtet skulle bli arrangert 20. mai i det jødiske samfunnshus Bergstien 13.<sup>327</sup>

Arkivet til Det Norske Flyktningeråd viser at dette møtet blei nøyne planlagt, og fleire skisser til kven som skulle bli invitert ligg der. Manglande datostemplingar på desse skissene gjer det vanskeleg å vere bastant på kva som var den endelege lista. Eg har derfor vald skisse utfrå plasseringa i arkivet, og manglande kulepennskrift ved namn sidan fleire av namna på denne skissa blei kladde på i kortare lister. Lista har overskrifta «Innkalling sendt til:» over namna: Justisminister E. Schweigaard Selmer (H), utanriksminister John Lyng (H), statsråd Egil Aarvik (KRF), Stortingsrepresentantane Jens Haugland (AP), Finn Moe (AP) og Bent

<sup>325</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 1. politiske kontor. Notat 11. april 1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.1969.

<sup>326</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 UD 1. politiske kontor. Notat 11. april 1969, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.1969.

<sup>327</sup> JMO Wilhem Bøe. Brev på vegne av Det norske flyktningeråd til Harry Koritzinsky. 14.05.1969.

Røiseland (V), byråsjef Arnulf Jøraandstad, generalsekretær Arnold Røholt, direktør Leif Sendrøsen, generalmajor dr. Torstein Dale, sokneprest Henrik Hauge, byråsjef Halldor Heldal, kontorsjef Carl Henry, fru Liv Soelseth, sjefssekretær Øystein Egelund, pater Harald Taxt, Ragna Rosati, direktør Hans Cappelen, Disponent Alf Levin, advokat Willy Rødner, disponent Harry Koritzinsky, dr. Leif Levin, antikvitetshandlar Bernard Katz, rådmann Theodor Brooh og kone, generalsekretær Anders Guldvik, arkitekt Odd Nansen, sosialøkonom Irmgard Wrede, Det Norske Flyktningeråds sosialavdeling, Bergljot Galtung, professor Johan Vogt, dr. phillos. John Sannes.<sup>328</sup> Bøe avslutta brevet med å understreke at denne innkallinga var send til eit avgrensa utval personar og institusjonar som hadde vist særleg interesse for spørsmålet.<sup>329</sup> Av desse var Levinane, Rødner og Koritzinsky frå Det Mosaiske Trossamfund i Oslo. Kva som blei sagt på denne orienteringa har eg ikkje funne noko kjeldemateriale som omtalar.

Temaet som blei diskutert på møtet engasjerte det jødiske miljøet i Noreg sterkt. Jødisk Studentklubb i Oslo slo i eit namnlaust brev fast at klubben gjerne ville gjere ein innsats for jødar over landegrensene. Brevet som ikkje er datomerka, kan daterast til 1969 grunna si arkivplassering. Dei som især verka å trenge deira støtte den gangen meinte studentklubben var jødane i Irak og Polen. Studentklubben meinte dei måtte søke å gjere dei jødiske synspunkta kjende her heime, og slik bidra til å verke opinionsdannande. Studentklubben meinte dei hadde moglegheit til å hjelpe polske jødar på ein annan og meir direkte måte enn irakiske. Studentklubben hadde allereie søkt å ta kontakt med polske jødar – både dei som framleis var i Polen og dei som oppholdt seg i leiar i Wien. Studentklubben sitt siktemål var å vere med på å skape eit meir menneskeverdig tilvære for dei.<sup>330</sup> Som me ser starta jødiske miljø sitt engasjement for flyktningane i deira nærområde slik norske myndigheiter også gjorde dei første etterkrigstiåra. Om hjelp i nærområda og/eller potensielt å ta flyktningar til Noreg blei diskutert på Feders informasjonsmøte, kan me berre spekulere i når me ikkje har kjeldemateriale.

#### 5.2.4 Reaksjonar på det polske varselet om utreisestans

Som dekka i kapittel 3 og 4 varsla polske myndigheiter 9. juni 1969 at særordninga for jødar som ønskte å emigrere ville bli avslutta 1. september. Som Informant 1 nemnde, førte dette til panikk i det jødiske miljøet i Polen.<sup>331</sup> Først danske- og så svenske myndigheiter, liberaliserte

<sup>328</sup> RA/PA-1254/D/Db/L0064/0008 Det Norske Flyktningeråd. Innkallingsliste til møte. 1969.

<sup>329</sup> JMO Wilhem Bøe. Brev på vegne av Det norske flyktningeråd til Harry Koritzinsky. 14.05.1969.

<sup>330</sup> JMO Jødisk Studentklubb i Oslo. Brev. 1969.

<sup>331</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

politikken sin overfor polskjødiske flyktninger. Etter dette auka emigrasjonen til desse to landa. Men korleis responderte norske myndigheter på dette varselet?

Den norsk utanrikstenesta fekk raskt med seg varselet og følgde den danske og svenske utviklinga nøyne. Informasjon om dei nye emigrasjonsbestemmingar blei sende frå den norske ambassaden i Warszawa 12. juni 1969, og motteke i UD 14. juni. 3. juli mottek UD eit notat frå den danske ambassaden om den danske politikkendringa at alle skulle få visum.

Jøraandstad uttala i samband med det danske notatet at så vidt han kjente til, hadde Noreg på det tidspunktet (5. juli) ikkje motteke innreisesøknader frå polske jødar. Han meinte at før ein frå norsk side eventuelt skulle innføre liknande reglar som dei danske, måtte saka inngåande drøftast med Justisdepartementet og Sosialdepartementet. UDs 5. politiske kontor vurderte saka slik at det i første omgang ikkje skulle vere nødvendig å innføre spesielle visumlettingar lik dei danske. Dette blei grunna med at Noreg vel stod i ei anna stilling enn Danmark og Sverige som begge hadde forholdsvis store jødiske «koloniar». Imidlertid antok kontoret at dersom ambassaden i Warszawa skulle få stor pågang frå jødar som ønskte å komme til Noreg, stilte saka seg annleis (jamfør eit notat av 4. juli).<sup>332</sup>

I notatet blei det vidare føreslått at ambassaden i Warszawa blei underetta om dei danske bestemmingane og instruert om å sende slike saker til Oslo med notat om at det dreidde seg om jødar. Det blei også føreslått at Statens Utlendingskontor blei anmoda om å vere særleg merksam på slike saker og gjere fortgang med behandling av dei. Nemnde notat og kopi av det danske notatet blei send til ambassaden i Warszawa for utale. 10. juli 1969 blei den danske noten vidaresend til Justisdepartementet. I oversendingsbrevet heite det blant anna at «Utenriksdepartementet vil anbefale at eventuelle slike henvendelser som måtte komme til norske myndigheter, får en særlig liberal og hurtig behandling».<sup>333</sup>

15. juli 1969 innrapporterte ambassaden i Warszawa at ambassaden til då hadde motteke søknadar om innreise frå totalt 15 polske jødar. Fem av desse hadde allereie komme til Noreg. Ambassaden utelukka ikkje at det blant vanlege visumsøknadar også kunne finnast søknadar frå jødiske polakkar som ville reise frå Polen på normal måte utan å returnere. Ambassaden fann det på denne bakgrunnen lite sannsynleg at talet på jødar som skulle ønske å reise til Noreg før dei spesielle utreisebestemmingane skulle bli oppheva 1. september skulle bli så

---

<sup>332</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 18.09.1969.

<sup>333</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 18.09.1969.

stort at særlege visumlettingar, slik dei danske, skulle vere påkrevd. Ambassaden anmoda til slutt i innberetninga om å be dei kompetente heimlege myndigheiter å gjere all mogleg fortgang med behandlinga av slike saker. Denne innberetninga blei oversend til Justisdepartementet og Statens Utlendingskontor 23. juli. Olav Bucher-Johannessen konkluderte basert på gjennomgangen av alle søknadar og saksbehandlingar at alle søknadane var ferdigbehandla og innvilga innan fristen, unntatt søknaden til eit ektepar. Deira klarering var klar i ambassaden først 3. september. Etter fristen gjekk det rykte om at fristen for utreise under dei spesielle utreisereglane i det stille hadde blitt utsett til 1. oktober. Ein kunne derfor ikkje utelukka at dei ni søkerane som til då ikkje hadde oppsøkt ambassaden for visering av reisedokument, om dei enda var i Polen, likevel ville komme til Noreg.<sup>334</sup> Fristen blei ikkje overhalde. Fleire av dei ni, deriblant Informant 1, kom til Noreg etter 1. september.

I eit internt notat i Utanriksdepartementet datert til 3. september 1969 kom den polske tidsfristen opp i relasjon til behandlinga av innreisesøknadar frå det nemnde ekteparet. Olav Bucher-Johannessen informerte byråsjef Arnulf Jøraandstad 1. september 1969 om den uavgjorte saka til ekteparet som hadde søkt 20. juni. Han spurte kvifor saka ikkje hadde blitt avgjort i god tid før fristen 1. september trass at UD hadde bede om at slike saker blei behandla hurtigast mogleg. Jøraandstad fortalte at saka ville kome opp til behandling i Statens Utlendingsråd same ettermiddag (1. september). Jøraandstad var fullt klar over fristen 1. september. Han forklarte at det grunna feriar og hans eigne «brekne skulder» ikkje hadde vore mogleg å få innkalla Statens Utlendingsråd til møte i august. Jøraandstad sa også at han «trudde ikkje på tidsfristen 1. september». Jøraandstad hadde vidare følt at han i dette tilfellet ikkje kunne gå utanom den instruks han hadde for behandling av slike saker. Om sakasbehandlinga elles opplyste han at han hadde send den til Flyktningerådet 18. juli med ei oppmading om utsegn. Flyktningerådet hadde 21. juli tilrådd at innreiseløyve blei gitt. Ekteparet fekk til slutt innreiseløyve.<sup>335</sup> Ekteparet fekk også svensk (19. august) og dansk (19. november) visum.<sup>336</sup> Ambassaden i Warszawa meinte likevel det var grunn til å tru dei var i Noreg 2. desember 1969.<sup>337</sup>

---

<sup>334</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 18.09.1969.

<sup>335</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 03.09.1969.

<sup>336</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Skriv signert av B. M. Alvegård for den norske ambassaden i Warszawa, 04.12.1969.

<sup>337</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Skriv signert av Christian Berg-Nielsen for den norske ambassaden i Warszawa, 02.12.1969.

Som me har sett var ikkje jødar i Polen like trygge på at fristen ikkje ville bli overhalden som Jøraandstad, og panikk hadde utbreidd seg. Sjølv om fristen ikkje blei overhalden, fekk trusselen mange til å forlate Polen. Ein slik langdryg prosess som dette ekteparet måtte gjennom, gav ikkje eit inntrykk om fri innvandring til Noreg for dei polske jødane. Eit brev frå UDs 5. politiske kontor datert til 29. desember 1969 viste at alle søknadar frå polske jødar om innreise til Noreg var blitt innvilga. Dette trass i at den norske ambassaden i Warszawa ikkje hadde blitt gitt same sjølvstendemyndigheit som den danske.<sup>338</sup> Desse søknadane var som me har sett relativt få.

Spørsmålet om kvifor så mange fleire polskjødiske flyktningar enda i Danmark enn Noreg er heilt sentralt i denne oppgåva. Dette spørsmålet opptok også norske byråkratar i samtidia som også samanlikna med Sverige i sine betrakningar. Som me har sett hadde den norske utanrikstenesta nær kontakt med sine skandinaviske kollegaer. I desember 1969 ringte UDs 5. kontor svenske UD ved byråsjef Leifland. Blant anna meinte Leifland at det truleg kunne ha breidd seg ei oppfatning at Danmark og Sverige praktiserte ei svært liberal innreiseordning for polske jødar blant den jødiske befolkninga i Polen.<sup>339</sup> Informant 1 si beskriving av at «Danmark og Sverige opna grensene» stadfestar dette.<sup>340</sup> Leifland fortsette at dette kunne ha medverka til den forholdsvis store innvandringa av polske jødar til Sverige og Danmark. Han var imidlertid meir tilbøyelag til å tru at grunnen til at så mange polske jødar kom til Sverige, var at det fanst eit direkte båtsamband mellom Polen og Sverige. Så godt som alle polske jødar som kom til Sverige, kom via dette båtsambandet. For dei var det eit beleieleg alternativ til «Chopinekspressen» til Wien å reise med båt via Sverige – der så mange valde å bli. Ein naturleg «snarveg» via Noreg fanst jo ikkje.<sup>341</sup>

### 5.2.5 Eit flyktningmottak blir planlagd

På slutten av 1969 begynte ideen å gjere eit organisert flyktningmottak frå flyktngleirar å vakse fram innan byråkratiet. I eit brev 4. desember 1969 frå Sosialdepartementet blei UD anmoda om å sende ein eller fleire representantar til eit møte som ville bli avhald 18. desember. Møtet skulle behandle eit forslag om å ta imot flyktningar i Noreg. Dette gjaldt ei gruppe funksjonshemma flyktningar og ei gruppe arbeidsføre flyktningar frå Austerrike og

<sup>338</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Brev signert av Olav Bucher-Johannessen for UDs 5. politiske kontor. Daterat til 29.12.1969.

<sup>339</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 29.12.1969.

<sup>340</sup> Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19.

<sup>341</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 29.12.1969.

Italia. På dette møtet blei det bestemt å ta inn ei gruppe flyktningar på opp til 100 handikappa og arbeidsføre året etter.<sup>342</sup> Det planlagde mottaket skulle med andre ord gå inn i etterkrigsbiletet med både «arbeidsflyktningar» og «minusflyktningar», og slik kombinere det humanitære aspektet med behovet for arbeidskraft.

Etter årskiftet begynte Det Norske Flyktningeråd å uttale seg i media om eit potensielt norsk mottak av polskjødiske flyktningar. Flyktningerådet tok sikte på å gi cirka 200 polske jødar opphold i Noreg fortast mogleg, uttala Wilhelm Bøe til Morgenbladet 26. januar 1970.

Morgenbladet beskrev at Flyktningerådet hadde eit godt samarbeid med Sosialdepartementet og at det heile på det tidspunktet stod på ein million kroner frå departementet. Sosialminister Egil Aarvik stadfesta overfor Morgenbladet at han hadde fått ein søknad frå Flyktningerådet. Aarvik rekna med å få søknaden avgjort den kommande veka. Bøe håpte saka kunne fremjast i statsråd allereie fredag den veka. Flyktninggruppene Bøe beskrev som tenkte til å få til Noreg, varierte. Dei inkluderte blant anna ei lita gruppe polske forskrarar som danskane ikkje hadde klart å få plassert ved sine universitet. Den første gruppa Flyktningerådet ville prøve å få inn var 50 handikappa frå flyktningeleirar i Austerrike og Italia. Formålet med dette var å redde dei som hadde eit fysisk handikapp, men som samtidig kunne gjere nytte for seg i norsk arbeidsliv. Flyktningerådet skulle også trekke inn cirka 100 arbeidsføre polske jødar og ein del tsjekkiske politiske flyktningar uttala Bøe.<sup>343</sup>

Bøe uttala at han på ingen måtte rekna med ein straum av polske flyktningar den nærmaste tida. Det verka for Bøe som om flyktningane ikkje var så interesserte i å komme til Noreg. Dei polske flyktningane ville ifølgje Bøe gjerne til Sverige som ikkje låg så langt vekke frå Polen og var kjent for god økonomi. I tillegg hadde ein den enorme tilstrøyminga til Danmark der ein hadde eit langt større jødisk samfunn Bøe meinte utvilsamt støtta opp om flyktningane. Noreg spelte ifølgje Bøe den same rolla som landet hadde gjort dei føregåande 15 åra og tok opp dei som hadde stranda heilt. I Morgenbladets artikkel fekk Bøes beskriving av Noregs attraktivitet støtte frå sjefen for Statens Utlendingskontor Arnulf Jøraandstad. Jøraandstad beskrev tilstrøyminga av polske jødar til Noreg som svært beskjeden. Noreg var ifølgje Jøraandstad ved første augnekast ikkje så attraktivt for dei urbant innstilte menneska. Storbyar som Stockholm og København måtte i utlendingars auge openbart ha noko meir europeisk over seg, kanskje eit kontinentalt preg etter Jøraandstads oppfatning. Det var vel

---

<sup>342</sup> RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002 Notat signert av Olav Bucher-Johannessen for UD. 5. politiske kontor, 29.12.1969.

<sup>343</sup> Morgenbladet 26.01.1970, 1 og 12.

derfor flyktingstraumen var så mykje større til Sverige og Danmark antok Jøraandstad. Jøraandstad fastslo at eventuelle søknadar frå polske jødar ville behandlast raskt med ei svært liberal ånd frå utlendingskontoret si side.<sup>344</sup>

Dagen etter hadde Bøe nedjustert totalsummen jødiske flyktningar i eit intervju med Aftenposten. Han uttala at Flyktningerådet jobba med å få 160 flyktningar med familiar, først og framst jødar frå Polen, til Noreg fortast mogleg. Denne nedjusteringa skyldast truleg at han gjennomgjekk dei konkrete tala (ergo reknestykket) frå kvar gruppe og ikkje gjorde noko anslag på følgjande familiemedlemer, heller enn ei endring. Han gjentok omtalen av 100 arbeidsføre og 50 handikappa med familiar, og talfesta dei polskjødiske forskarane som skulle komme frå Danmark til ti. Dei 50 handikappa familiane skulle først og fremst vere polske jødar, mogleg også ein del tsjekkoslovakar. 30 av dei handikappa var venta i starten av mars, mens resten skulle komme seinare.<sup>345</sup>

Bøe meinte ein del av det dei polske jødane Flyktningerådet først og fremst tok sikte på var stranda i Austerrike og Italia. Dette fordi dei ikkje hadde klart å komme seg til USA og Australia der dei helst ville.<sup>346</sup> På spørsmål om dei arbeidsføre flyktningane var ivrige etter å komme til Noreg, svara Bøe avventande; «ivrige og ivrige», og poengterte at dette var menneske som ikkje hadde lykkast å komme seg til oversjøiske land. Før flyktningane blei spurde om dei var interesserte i å komme til Noreg, fekk dei eit innblikk i lønns- og skattenivået, levekostnadane med meir, slik at dei visste kva dei eventuelt gjekk til. Bøe trudde Flyktningerådet i startfasen neppe ville få fylt kvoten på 100. Men dersom dei første som kom til Noreg var heldige og trivst i Noreg, ville det kjapt ryktas i leirane. Då ville Flyktningerådet ganske kjapt få fleire. Dersom fleire skulle bli interesserte, trudde Bøe kvoten ville bli utvida. Bøe meinte myndighetene hadde veldig imøtekommande.<sup>347</sup> Bøe såg altså for seg potensiell nettverksmigrasjon om flyktningmottaket blei vellykka.

På Aftenposten sitt spørsmål om kven som skulle velje ut flyktningane, svara Bøe at Flyktningrådet så snart myndighetene gav grønt lys ville underretta Høgkommisaret i Genève og ICEM. Dei ville ta dei første intervjuja og formidla til Flyktningerådet kor mange som var interesserte i å komme til Noreg. Deretter ville Flyktningrådet sende ein delegasjon beståande av ein frå Justisdepartementet, ein for helsemyndighetene, ein for attføringa, ein

---

<sup>344</sup> Morgenbladet 26.01.1970, 12.

<sup>345</sup> Aftenposten 27.01.1970, 34.

<sup>346</sup> Aftenposten 27.01.1970, 34.

<sup>347</sup> Aftenposten 27.01.1970, 34.

for arbeidsdirektoratet og ein sosialarbeidar frå Flyktningerådet sitt kontor nedover. Når talet var så stort som her, burde delegasjonen ifølgje Bøe ha ein mest mogleg allsidige samansetning.<sup>348</sup>

Samtidig som norske myndigheter begynte å planlegge for eit mottak av polskjødiske flyktningar viste dei resignasjon i forsøka på å reagere mot polske myndigheter på den internasjonale arena. Same dag som Flyktningerådet uttala seg i Aftenposten, spurte Morgenbladet UDs ekspedisjonssjef Tim Greve om ikkje dei polske jødeforfølgingane var av ein så alvorleg art at den norske regjeringa hadde tenkt å føreta seg noko, eksempelvis gjennom FNs menneskerettskommisjon. Greve svara at han trudde det spørsmålet ikkje hadde vore vurdert. Greve poengterte at tragedien til då først og fremst hadde påkalla ein humanitær aksjon. Greve meinte det hadde vore eit spørsmål om kva ein kunne gjere for å hjelpe dei polske jødane som ikkje lenger hadde halde ut å leve i heimlandet. Ut over det hadde ikkje spørsmålet om menneskerettsbrot vore reist i denne samanhengen, uttala Greve. Ambassadør Hambro påpeika dei meir prinsipielle sider av raseforfølgingar i sitt innlegg i FNs haustsesjon, der han antyda moglegheita av ein individuell klage.<sup>349</sup>

På Morgenbladet sine spørsmål om nordisk samarbeid i denne spesielle saka, svara Greve at det førebels ikkje hadde vore aktuelt. Noreg hadde dessutan ikkje hatt noka tilstrøyming av polske flyktningar, og det var ifølgje Greve vel også grunnen til at norske myndigheter ikkje hadde sett nokon grunn til å samarbeide. Greve viste ikkje noko til om temaet hadde vore oppe på det nordiske utanriksministermøtet eller i noko anna forum, men meinte det var ei fortvila sak. Greve uttala at norske myndigheter følte avmakt overfor det forferdeleg som skjedde i Polen.<sup>350</sup> Slik stod flyktinghjelp, potensielt i form av eit flyktningmottak, igjen som einaste reelle moglegheit for å hjelpe polske jødar.

5.2.6 Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og planen om eit organisert kvotemottak  
Norske myndigheter tok etter ei stund kontakt med Det Mosaiske Trossamfund i Oslo med tanke på å potensielt ta inn polskjødiske flyktningar til Noreg. Informant 2 hugsa godt tilbake til dette, men ikkje det eksakte tidspunktet.<sup>351</sup> Utfrå kjeldemateriale i UDs arkiv om planlegging av mottak samt Det Norske Flyktningerådet sine medieutsegn er det sannsynlege

---

<sup>348</sup> Aftenposten 27.01.1970, 34.

<sup>349</sup> Morgenbladet 27.01.1970, 1.

<sup>350</sup> Morgenbladet 27.01.1970, 1-2.

<sup>351</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20-

tidspunktet starten av 1970. Det mest trulege tidspunktet er februar grunna at dei siste planleggingsteikna av eit større tal jødar var i slutten av januar.

Ei bok frå meinigheita sitt styre med saks- og vedtaksoversikt frå styremøte viser at polskjødiske flyktningar kom opp i februar. 24. februar 1970 sende Det Norske Flyktningerådet eit skriv til meinigheita. Flyktningerådet førespurde om meinigheita kunne løyve 2000 kroner i busettingsbidrag til ein person frå Polen som skulle gifte seg. Dette skrivet blei diskutert på eit styremøte 10. mars. Styret stemte (fem mot to) for å ikkje innvilge støtte fordi saksbehandlinga låg i Den Jødiske Sosialnemnd (som ikkje hadde hørt frå dei).<sup>352</sup> Det må presiserast at denne aktuelle saka var eit konkret og avgrensa spørsmål om individ, ikkje eit spørsmål frå myndigkeitene om meinigheita si meining om eit meir generelt flyktingmottak. På eit styremøte 23. april blei polskjødiske flyktningar vidare diskutert med referanse til saka 10. mars: Fleirtalet i meinigheitsstyrer meinte å ha løyvd 3000 kroner til Det Norske Flyktningeråd i samband med deira arbeid for polskjødiske flyktningar, men ville utsette disponeringa av beløpet til ein fekk nærmare oversikt over talet på jødiske flyktningar i leirane.<sup>353</sup> Dette tyder på at meinigheitsstyrer innan 23. april var klar over at det ikkje kom så mange, og at førespurnaden hadde blitt behandla innan årets tre første månadar. Endringane på meinigheitsstyrer si tilnærming frå 10. mars til 23. april tyder på at det har skjedd utviklingar som ikkje er omtala i boka. Dei manglande styreprotokollane ville truleg forklart denne utviklinga.

Kor stor kontingenent det var snakk om dersom tal hadde blitt antyda i førespurnaden visste Informant 2 ikkje.<sup>354</sup> Tala frå Det Norske Flyktningeråd sine medieutsegn rundt i januar 1970 låg først på 200 og så 160. Dersom ein ser den førespurnaden i samband med dette, kan ein anta at det potensielt kan ha vore snakk om eit føreslått kvotemottak overfor meinigheitsstyrer låg rundt denne storleiken. Det er etter mine vurderingar basert på medieutsegnene og UDs arkivmateriale usannsynleg at det blei foreslått å ta inn ein kvote tilsvarande dei minst 2600 som kom til Danmark. Det er tvilsamt om det i heile tatt var såpass mange polskjødiske flyktningar som enda ikkje hadde funne seg ein permant destinasjon på dette tidspunktet.

Informant 2 utdjupa si oppleveling av hendingsforløpet: Det kom ein førespurnad til meinigheita frå myndigkeitene, nærmast som eit høyringsutkast «Kva syns Det Mosaiske Trossamfund i Oslo om at Noreg skal ta imot polskjødiske flyktningar?». Informant 2 trudde

<sup>352</sup> DMT. Bok frå styret. 10.03.1970.

<sup>353</sup> DMT. Bok frå styret. 23.04.1970

<sup>354</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

det var ein føresetnad at meinigheita stilte seg positive for at Noreg skulle gå inn for å ta inn ein kontingent. Eit eventuelt mottak av polskjødiske flyktningar kom dermed opp i meinigheitsstyret som stilte seg samstamt negative til dette. Informant 2 beskrev eit opent og nært forhold til leiarskapet i meinigheita. Som leiar av ein profilert jødisk ungdomsklubb jobba Informant 2 frå innsida og prøvde, saman med andre i ungdomsklubben, å få styret til å endre meining. Informant 2 omtala det som å kjempe for å ta inn polskjødiske flyktningar med argument som kor få det norske jødiske miljøet var og erfaringane frå Danmark og Sverige. Erfaringane frå Danmark og Sverige var at desse menneska gav ny energi i fellesskapet. Trass informant 2 si innsats enda det med at meinigheitstyret gav ei negativ innstilling til eit potensielt mottak av polskjødiske flyktningar tilbake til myndighetene.<sup>355</sup>

På spørsmål om kva som var styret sine argumenter fortalte Informant 2 at dei meinte det ville bli for omfattande og krevjande. Det ville kunne utsette medlemer av meinigheita for negative haldningar frå storsamfunnet. Meinigheitsstyret var først og fremst redde for ei oppblomstring i antisemittisme. Det var mange grunnar til at dei var redde for dette. Desse flyktningane ville bli synlege. Dei var «annleis», snakka eit anna språk og mange av dei var sikkert ideologiske kommunistar. Dette var midt under den kalde krigen, så det var ein redsel for ideologisk kommunisme.<sup>356</sup> Denne frykta for oppblomstring av antisemittisme minner om frykta som eksisterte i samband med mottaket av «displaced persons» på slutten av 1940-talet blant både jødar og ikkje-jødar. Som overlevande frå krigen er det naturleg å tru at frykta for antisemittisme var enda større blant personane i meinigheitsstyret enn yngre generasjonar jødar.

Det må understrekast at Informant 2 ikkje sat i meinigheitstyret og ikkje deltok på nokre av dei omtalte styremøta i 1968, 1969 eller 1970 i boka frå styret. Fleire argument kan ha blitt løfta der som ikkje blei formidla til andre i meinigheita. Styret ønskte truleg, som vanleg er blant styret innan dei fleste organisasjonar, å stå samla i møte med andre, uavhengig av indre prosessar. Med Informant 2 sin framskotne posisjon er det likevel god grunn til å tru på essensen, nemleg at det kom ein førespurnad frå myndighetene til meinigheita som fekk negativt svar. Arkivmateriale og mediedekninga viser at det var Det Norske Flyktningerådet som administrerte planane om eit flyktningmottak med eit større tal polskjødiske flyktningar. Det var nær kontakt mellom Flyktningerådet og meinigheita, noko som viser seg i fleire arkiv. Dette tyder på at det er sannsynleg at det var Flyktningrådet, og ikkje eit statleg organ som

<sup>355</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

<sup>356</sup> Intervju med person (Informant 2) frå det jødiske miljøet i Noreg 04.03.20.

eksempelvis Sosialdepartementet, som formidla myndigheitene si førespurnad i saka. At førespurnaden kom så seint at Informant 2 kunne gjere refleksjonar rundt korleis migrasjonen hadde fungert i Danmark og Sverige, tyder på at då var for seint til å få inn eit tilsvarande tal flyktningar til Noreg.

#### 5.2.7 Eit mindre tal polskjødiske flyktningar frå leirar kjem til Noreg

I mai 1970 skulle det komme eit organisert mottak av austeuropeiske flyktningar til Noreg som nokre polske jødar var ein del av. Planlegginga av dette starta som me har sett på slutten av året før. Prosessen nådde Stortinget 20. Mars 1970 der løyving av 2 050 000 kroner flyktninghjelp til nye flyktningar til Noreg og bustadtiltak for flyktningar blei samrøystes vedteke. Det gjaldt polske flyktningar av jødisk slekt og flyktningar frå Tsjekkoslovakia etter Halfdan Hegtuns (V) beskrivingar. Vedtaket bestod av 1 450 000 kroner til overføring av nye flyktningar til Noreg, og 600 000 kroner til bustadtiltak for flyktningar.<sup>357</sup> I Smarte Pengers inflasjonskalkulator blei 2 050 000 kroner i 1970 verdi rekna til 17 824 430 kroner i dagens (15.02.20) verdi.<sup>358</sup> Dette vedtaket blei omtala i ein notis av Arbeiderbladet 21. mars 1970. Det stod at løyvinga var til tiltak for å ta imot 100 nye flyktningar i Noreg. Det var ifølgje Arbeiderbladet teke sikte på flyktningar frå Tsjekkoslovakia og Polen, og det var ein føresetnad at 50 skulle vere funksjonshemma med familiær. I beløpet var det rekna med midlertidig lønn til ti forskrarar i 1970 då det særleg blant polske flyktningar er eit høgt tal forskrarar. Ifølgje Arbeiderbladet var forslaget utarbeidd av Sosialdepartementet i samråd med Det Norske Flyktningeråd.<sup>359</sup>

Då austeuropeiske leirflyktningar begynte å komme i midten av mai 1970, fekk det medieomtale. Denne omtalen spriker både i kor mange flyktningane var og kven dei var. Det som likevel er tydeleg er at berre nokre få av dei var polske jødar, langt færre enn Det Norske Flyktningeråd førespegla i januar. Desse flyktningane kom frå to flyktningleirar, nemleg Latina-leiren utanfor Roma og Traiskirchen-leiren ved Wien. Mediedekninga 11. og 12. mai spriker noko i omtalen av dei austeuropeiske flyktningane som landa på Fornebu Flyplass 11. mai 1970. Dekninga var likevel tydeleg på at det berre var nokre få polske jødar blant dei. Dagbladet sette 11. mai 1970 talet til 39, der av alle frå Latina-leiren. Desse flyktningane kom ifølgje Dagbladet takka vere ICEM og Det Norske Flyktningeråd. Avisa nemnde ungarar, tsjekkoslovakar og jugoslavar, men ikkje polske jødar.<sup>360</sup> Det gjorde derimot i Nationen som

<sup>357</sup> Stortingsforhandlinger 1969-1970, 2234-2235.

<sup>358</sup> Smarte Penger 2020.

<sup>359</sup> Arbeiderbladet 21.03.1970, 4.

<sup>360</sup> Dagbladet 11.05.1970, 1 og 20.

gav att NTBs talfesting på 63 (41 frå Latina-leiren og 22 frå Traiskirchen-leiren) og vidare omtala ei ny gruppe som skulle lande 25. mai. Noreg skulle ifølgje artikkelen i alt ta imot noko over 100 flyktingar. Det var tsjekkoslovakar, ungarar, rumenarar, bulgarar, albanarar, polakkar og jugoslavar. Frå Italia skulle det komme nokre få polske jødar. Ein polskjødisk flyktningsfamilie på åtte personar var venta med den påfølgjande transporten. I den påfølgjande gruppa skulle det ifølgje artikkelen vere mest flyktingar som budde utanfor leirane og hadde arbeid i Italia og Austerrike.<sup>361</sup>

Dagen etter blei flyktingane si landing i Noreg ytterlegare omtala i media. Aftenposten brukte 12. mai 1970 eit biletet frå austeuropeiske flyktingars landing i Noreg på førstesida. Under biletet skreiv avisa om det dei beskreiv som våre 60 nye landsmenn av tsjekkoslovakar, ungarar, jugoslavar, albansk-jugoslavar og ein handfull polske jødar.<sup>362</sup> Mottaket blei ytterlegare omtala av Arbeiderbladet 21. mai i eit intervju av formann i Flyktningrådet Sigurd Halvorsen. I dei nære dagar skulle Noreg ifølgje Halvorsen få 100 nye flyktingar frå leirane i Italia og Austerrike. 37 var allereie komme og resten skulle komme i slutten av mai.<sup>363</sup> Berre ein flyktning som kom til Noreg i 1970 er omtala med namn i UDs arkiv. I eit brev frå ambassaden til UD 29. mai 1970 blei det beskrive at moren til flyktningen informerte ambassaden om at han hadde komme til Noreg via Italia. Opplysninga om at han budde på eit hotell tyder på at han ikkje var ein del av det medieomtala organiserte leiruttaket som landa 11. mai.<sup>364</sup>

Avisene varierte i sine beskrivingar av flyktingane. Dagbladet beskreiv flyktinggruppa som stort sett av «vitale» (truleg arbeidsføre) menneske i sine beste år.<sup>365</sup> Aftenposten omtala at flyktingane av yrke var elektromontørar, låsesmedar, bokhaldarar og skreddarar. Avisa beskreiv at dei fleste flyktingane var i 20-åra. Aftenposten beskreiv at ein del av flyktingane var handikappa, men at dei fysiske skadane var ikkje større enn at dei fleste kunne rehabiliterast.<sup>366</sup> Nationen omtala gruppa som skulle komme 25. mai som «familietransporten».<sup>367</sup> Den einaste polskjødiske flyktningen til Noreg i 1970 som er omtala

---

<sup>361</sup> Nationen 11.05.1970, 12.

<sup>362</sup> Aftenposten 12.05.1970, 1.

<sup>363</sup> Arbeiderbladet 21.05.1970, 9.

<sup>364</sup> RA/S-6794/D/Db/Dbe/L4448/0003 Christian Berg-Nielsen. Brev for ambassaden i Warszawa til UD. 29.05.1970.

<sup>365</sup> Dagbladet 11.05.1970, 20.

<sup>366</sup> Aftenposten 12.05.1970, 1.

<sup>367</sup> Nationen 11.05.1970, 12.

med namn i UDs arkiv, var ingeniør.<sup>368</sup> Det Norske Flyktningeråd hadde ansvar for flyktningane og skulle prøve å skaffe dei hyblar og småleilegheiter.<sup>369</sup>

### 5.3 Oppsummering

Oppsummert kan dei norske reaksjonane på den antisemittiske kampanjen i Polen og følgjande jødiske emigrasjonen frå 1968 delast i tre fasar. Den første fasen var våren 1968. I denne fasen balanserte norske myndigheiter med utanriksminister John Lyng i spissen fordømming av antisemittisme med diplomati overfor Polen. I denne tidlege fasen var det truleg håp om å få polske myndigheiter til å snu. Harry Koritzinsky refererte til at pogromane 50 år tidlegare hadde opphørt etter internasjonalt press, og det var ein slik effekt han håpa på med førespurnaden til Lyng. Etter kvart blei det tydeleg at dette ikkje var realistisk.

Frå hausten 1968 og utover 1969 kom derfor ein andre fase der norske aktørar i og utanfor statsapparatet vende fokuset mot å hjelpe dei utsette jødane. Etter Dag Halvorsen sitt brev 6. oktober sokte den norske utanrikstenesta eit skandinavisk samarbeid. Dei skandinaviske byråkratane kommuniserte tett, men det materialiserte seg aldri i ein samla reaksjonen eller organiserte flyktningmottak. Sivilsamfunnet engasjerte seg også. Den polskjødiske migrasjonen til dei andre skandinaviske land blei lagt merke til. Stemmer som Johan Vogt løfta ideen om at også Noreg derfor burde ta imot fleire. Det Norske Flyktningeråd kom på banen, og 20. mai 1969 inviterte dei relevante personar på eit informasjonsmøte med Ted Feder. I den tredje fasen frå slutten av 1969 begynte ideane om å ta inn polskjødiske flyktningar å bli meir konkrete. Dei flyktningane som det nå var aktuelt å ta inn, var i flyktningeleirar i Italia og Austerrike. I januar 1970 begynte Flyktningerådet å utale i media at dei hadde planar om å få inn opp mot 200 polskjødiske flyktningar. Stortinget løyvde 2 millionar kroner til Flyktningerådet sitt arbeid, men når det blei gjort eit flyktningmottak frå leirar, var det berre nokre få polske jødar blant austeuropearane.

## Kapittel 6: Avslutning

I denne avslutninga vil eg oppsummere dei norske reaksjonane på den antisemittiske forfølginga i Polen og den følgjande jødiske emigrasjonen 1968-1970. Vidare vil eg oppsummere kva som var dei viktigaste forklaringane på at så få polskjødiske flyktningar kom til Noreg samanlikna med Danmark.

---

<sup>368</sup> RA/S-6794/D/Db/Dbe/L4448/0003 Christian Berg-Nielsen. Brev for ambassaden i Warszawa til UD.

29.05.1970.

<sup>369</sup> Aftenposten 12.05.1970, 2.

## 6.1 Norske reaksjonar på den antisemittiske forfølginga i Polen og følgjande jødiske emigrasjonen 1968-1970

Korleis reagerte Noreg på den antisemittiske forfølginga i Polen og den følgjande polskjødiske emigrasjonen i åra 1968-1970? Dei første offentlege reaksjonane på den antisemittiske kampanjen i Polen frå norske politikarar kom i mai 1968, to månadar etter at studentprotestar utløyste ei antisemittisk massemobilisering. Balansegangen mellom diplomati og fordømming av antisemittisme var vanskeleg for norske myndigheiter. Noregs forhold til Polen, som med sine initiativ til avspenning var ein viktig austblokkpartnar, var ein viktig del av norsk utanrikspolitikk under den kalde krigen. Derfor førte omsyn til forholdet til Polen til at Noregs reaksjonar på den antisemittiske forfølginga i Polen og den følgjande jødiske emigrasjon i åra 1968-1970 blei mindre konfronterande.

Ein annan grunn til at Noreg valde ei mindre konfronterande linje var at landet aleine ikkje hadde påverknadskraft til å få polske myndigheiter til å stoppe kampanjen. Derfor søkte norske myndigheiter samarbeid med Danmark og Sverige om fellesskandinaviske reaksjonar slik UDs arkiv viser. Dette diskuterte samarbeidet handla først og fremst om potensielle flyktningmottak av polske jødar. Forsøka resulterte ikkje i ei slik samla linje, noko dei heller ikkje hadde i sin offentlege kommunikasjon om kampanjen. Danmark valde den sterkeste ikkje-konfrontasjonslinja. Danmarks utanriksminister Poul Hartling veik unna å kommentere hendingane i Polen under statsminister Józef Cyrankiewicz' besøk i juni 1968. Noreg avgrensa konfontrasjonen trass at antisemittisme blei fordømt. Sverige, derimot, mista eit statsministerbesøk grunna utanriksministeren Torsten Nilssons kritikk av Polen. Sjølv om dei skandinaviske landa hadde stått samla, er det avgrensa kor mykje dei kunne ha påverka polske myndigheiter. Dei hadde neppe vore i stand til å stoppe kampanjen. Som Morgenbladet uttrykte det i ei overskrift 27. januar 1970: «Norden er maktsløse ovenfor den polske antisemittismen». <sup>370</sup>

Verda var i 1968 midt under den kalde krigen beståande av to supermakter; USA og Sovjetunionen. Polens militære samarbeid med Sovjetunionen i Warszawapakta gjorde at det var avgrensa kor mykje USA kunne gjere for å stoppe kampanjen utan å skape spenningar med Sovjetunionen. Sovjetunionen stod dermed igjen som det einaste landet med ein reell moglegheit å til påverke Polen til å stanse kampanjen. Polske myndigheiter var så pro-Sovjetunionen at dei i starten av 1968 forbydde eit 1800-tals teaterstykke dei oppfatta som antirussisk. Sovjetunionen viste i august i 1968 i Tsjekkoslovakia at dei på denne tida var

---

<sup>370</sup> Morgenbladet 27.01.1970, 1.

villige til å slå ned utviklingar i austblokkland som dei mislikte. Dei mobiliserte også Warszawapakta til dette. Dette trøng polske myndigheiter aldri å bekymre seg for at dei ville gjere i samband med den antisemittiske kampanjen. Sovjetunionen gjennomførte sjølv fleire antisemittiske kampanjar og leia austblokklanda i sin aukande anti-israelske politikk som eskalerte etter seksdagarskrigen i 1967.

Grunna desse realitetane blei norske myndigheiter sine reaksjonar raskt retta mot å hjelpe jødane i den situasjonen kampanjen sette dei i. Etter Dag Halvorsen sitt brev i oktober 1968 til nøkkelpersonar i dei skandinaviske landa, begynte dei å diskutere felles tiltak for jødane som ønskete å emigrere. Desse diskusjonane blei gitt stor viktigkeit av den norske ambassaden og utanrikstenesta. I startfasen av 1969 avventa dei svar frå København og Stockholm før dei tok nye steg i tilnærminga til potensielle flyktningmottak. Sjølv om det ikkje blei gjort noko skandinavisk koordinerte flyktningmottak av polskjødiske flyktningar, fortsette den tette kontakten utover. Dette bidrog til at debatten i utanrikstenesta rundt korleis Noreg skulle reagere på det polske varselet om utreisestans for jødar 1. september 1969, kom opp etter den danske og svenske praksisendringa. Grunna få søknadar frå polske jødar valde Noreg å ikkje gjere det same.

Utover dei internt- og mellomstatlege kanalane reagerte norske myndigheiter på kampanjen og den følgjande polskjødiske emigrasjonen med å kontakta nøkkelaktørar med tanke på å ta inn polskjødiske flyktningar. Desse aktørane var Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og Det Norske Flyktningeråd. Det Norske Flyktningeråd fekk oppgåve med å velje ut og organisere eit større mottak av austeuropeiske flyktningar i 1970, der av polske jødar berre blei ein liten del. Stortinget vedtok to millionar kroner til dette arbeidet. Det Mosaiske Trossamfund sa nei til myndigheitene sin førespurnad som truleg blei formidla av Flyktningerådet. Samtidig som desse planane blei lagt, utrykte Noregs representantar i FN resignasjon over moglegheitene til å få polske myndigheiter til å lytte til reaksjonane på antisemittismen.

## 6.2 Forklaringar på kvifor det kom relativt få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark

Fleire av faktorane som førte til at Noreg til slutt gjorde eit større mottak av ungarske flyktningar i 1956, var også til stades i situasjonen til polskjødiske flyktningar etter 1968. Flyktningstraumen var blitt så stor at Austerrike, og i det polskjødiske tilfellet også Italia, umogleg kunne handtere flyktningane aleine. Flyktningane ønskete å komme til land lenger vekk, der av ingen uttrykte eit spesifikt ønske om å komme til Noreg. Både Danmark og Sverige hadde vedteke mottak av flyktningar. Det var også eit visst press frå heimleg presse

og eit visst press i Stortinget, eksemplifisert med løyvinga til flyktningmottak, om å gjere meir enn berre innsatsen i nærområda, men ikkje i same grad som i det ungarske tilfellet. Likevel førte ikkje desse faktorane for eit større mottak av polskjødiske flyktningar til noko slikt som i det ungarske tilfellet då 1500 flyktningar kom til Noreg. Dette bringer oss til underproblemstillinga: Kva kan forklare at det kom relativt få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark?

Svaret er komplekst og samansett. Når det gjeld generelle faktorar som kan forklare at Noreg var lite prominent som innvandringsland, kan det nemnast at Noreg nettopp (1967) hadde blitt eit land med høgare immigrasjon til landet enn emigrasjon frå. Noreg var dermed eit veldig homogent land med ein overveldande majoritet av kvite, norskalande protestantiske kristne tilknytte ei statskyrkje. Landet var bygd rundt denne majoriteten. Dette gjorde at immigrantar måtte lære seg norsk raskt, og akseptere at kristen kultur var ein integrert del av sjølv statlege institusjonar som skular, for å kunne delta i storsamfunnet. Noregs manglande attraktivitet for flyktningar kan illustrerast med at det dei føregåande 15 åra berre hadde vore dei flyktningane som stranda heilt som enda i Noreg. Derfor var det kanskje ikkje så rart at ein stor del av dei som blei planlagt henta ut av flyktningleirar, var funksjonshemma. At dei ikkje-funksjonshemma flyktningane som var med i planane, vart omtala som «arbeidsføre» både internt og i media illustrerer kor viktig arbeid var i den norske tankegangen i etterkrigsåra. Omtalar som «arbeidsflyktningar» av dei som kunne jobba, og «minusflyktningar» om dei som ikkje kunne det, viser at flyktninghjelp i tillegg til det humanitære også handla om kva flyktningar kunne bidra med i Noreg.

Under andre verdskrig blei majoriteten av dei norske jødane deportert og drepne av nazistane, mens dei som overlevde flykta, hovudsakleg til Sverige. Følgeleg var det ikkje ein einaste jøde i Noreg ved frigjerdingsdagen 8. mai 1945. Dei jødane som returnerte til Noreg, fekk lite frå etterkrigsoppgjeret, og Det Mosaiske Trossamfund i Oslo sleit følgeleg med dårleg økonomi. Noreg gjorde på slutten av 1940-talet eit mottak av nokre hundre jødiske «displaced-persons» frå flyktningleirar i Tyskland og Polen, der av mange reiste vidare. Trass den dårlege økonomien i meinigheita kravde norske myndigheter at trussamfunnet garanterte økonomisk for desse. Myndigkeitene sine politiske val om å plassere dei jødiske flyktningane rundt om i Noreg fungerte dårleg både for flyktningane som ønskte eit jødisk fellesskap og den Oslo-baserte meinigheita som prøvde å skape det for dei. Etter dette kom det eit mindre tal jødar frå Aust-Europa, deriblant Ungarn, til Noreg dei følgjande tiåra. Desse erfaringane kom i hovudsak i ei tid med AP-regjeringar, for det meste leia av Einar Gerhardsen. Rolla til

Per Borten-regjeringa som tok over i 1965 for at meinigheitsstyret svara nei på staten sin førespurnad i 1970 var derfor avgrensa.

Som følgje av dette var det få jødar i Noreg i 1968. Det var i sterk kontrast til Danmark som greidde å berge majoriteten av jødane under krigen. Det var dermed langt fleire jødar i Danmark enn Noreg i 1968, og følgeleg truleg fleire kontaktnettverk med dei polske jødane. Viktigheita av kontaktnettverk kan illustrerast ved at fleire av dei få polske jødane som søkte om visum til Noreg i 1968 og 1969, søkte seg til landet grunna kontaktar. Desse faktorane gjorde Danmark til ein meir attraktiv destinasjon for dei polskjødiske flyktningane. Dette var ein av forklaringane på kva som kan ha bidratt til at det kom relativt få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark.

Tid, i formene tidspunkt og tidsbruk, var viktige faktorar for hendingsforløpet som enda med at det kom mange polskjødiske flyktningar til Danmark og få til Noreg. Behandlinga av Dag Halvorsen sitt brev i oktober 1968 gjekk langt kjappare blant danske myndigheter enn norske. Norske myndigheter hadde ei avventande tilnærming der dei sonderte potensielt skandinavisk samarbeid og dreiv omfattande kartlegging av situasjonen gjennom blant anna å kalla inn Halvorsen til eit møte. Frå den danske ambassaden i Warszawa sende John Knox ei tilråding til København om å ta inn polskjødiske flyktningar til Danmark hausten 1968. 25. februar 1969 blei det på eit møte endeleg bestemt å ta inn polskjødiske flyktningar til Danmark, i første omgang nokre hundre. Då varselet om utreisestans frå Polen 1. september 1969 kom i juni, innførte danske myndigheter same månad automatisk visum til polskjødiske søkerar.

I den norske utanrikstenesta blei det vurdert at ei slik liberalisering av praksisen ikkje blei nødvendig før det eventuelt begynte å komme mange søknadar. Utanrikstenesta verka å heller ville reagere på eventuelle søkjavarar enn å agere slik at Noreg blei eit attraktivt innvandringsland. Det blei likevel bestemt at alle søknadar skulle behandlast før fristen, noko dei ikkje klarte grunna tidsbruken med eit ektepar sine søknadar. Då det begynte å bli lagt planar for å gjennomføre eit mottak av polskjødiske til Noreg på slutten av 1969 og starten av 1970 var allereie emigrasjonsbølgja frå Polen sitt toppnivå blitt passert. Eksempelvis var den polskjødiske migrasjonen til Danmark på sitt mest hektiske hausten 1969 då Dansk Flyktninghjelp måtte leige inn St. Lawrence. Det Mosaiske Trossamfund i Oslo gav ei negativ innstilling til ein førespurnad frå myndighetene om mottak av polskjødiske flyktningar, truleg i februar 1970. På dette tidspunktet var utsiktene for å potensielt kunne ta inn eit tal på storleik med det som kom til Danmark, truleg forbi. Flyktningerådet si skissering av opp mot

200 var truleg nær eit maksimum sjølv om potensiell kjedemigrasjon kunne auka talet ytterlegare. Meinigheita sitt nei bidrog til at færre polskjødiske kom til Noreg, men var neppe den mest avgjerande faktoren i ei samanlikning med Danmark. Den låg truleg tidlegare i prosessen då inntrykket av «opne grenser» til Danmark (og Sverige) spreidde seg blant polske jødar, noko det ikkje gjorde om Noreg.

Når det gjeld aktørane, spelte dei byråkratiske apparata ei viktig rolle i landa sine tilnærmingar til dei polske jødane. Norske byråkratar var venleg innstilte til polske jødar som ønskte å komme til Noreg, slik dei også var med blant anna avhopparar i den same perioden. Alle polske jødar som kom til den norske ambassaden i 1968 og 1969 for å søke innreiseløyve til Noreg fekk innvilga søknadane sine. Likevel er det tiltak som det eit danske byråkratiet gjorde som det norske ikkje gjorde, som utgjorde ein viktig forskjell. Det gjaldt den nemnde innføringa av automatisk visum, samt reisefinansiering for dei mest vanskelegstilte. Den norske ambassaden i Warszawa fekk, som me har sett, ikkje den same fullmakta. Reaksjonane på det polske utreisevarselet var ein av dei viktigaste forklaringane på kva som kan ha bidratt til at det kom relativt få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark.

Dei jødiske miljøa i dei to landa, meir spesifikt København og Oslo, var viktige aktørar for landa sine tilnærmingar til mottak av polskjødiske flyktningar. Den jødiske meinigheita i København, Det Mosaiske Troessamfund, leia av overrabbinar Bent Melchior, bidrog sterkt for flyktningane den første tida etter dei kom til Danmark. Det Mosaiske Trossamfund i Oslos meinigheitsstyre vedtok å gi pengar til Det Norske Flyktningeråd sitt arbeid for polskjødiske flyktningar, men svara, som me har sett, nei til kvotemottak. Meinigkeitstyret sin negative tilbakemelding fekk ein viss betyding for at staten ikkje gjennomførte eit større mottak. Personane i meinigkeitstyret som hadde opplevd krigens herjingar frykta ei oppblomstring av antisemittisme om det kom mange polske jødar, og hadde dei tidlegare nemnde negative erfaringane frå samarbeid med myndighetene. Slik var dei jødiske miljøa sine tilnærmingar blant forklaringane på kva som kan ha bidratt til at det kom få polskjødiske flyktningar til Noreg samanlikna med Danmark.

Media spelte i 1968 ei viktig rolle som informasjonsformidlar om hendingane i Polen inn mot befolkningane og politikarar i begge landa. Aust-Europa-korrespondent i Arbeiderbladet Dag Halvorsen tok det eit steg vidare med ei brevoppfordring til nøkkelpersonar i alle dei skandinaviske landa den hausten. Frå 1969 fekk danske media også ei rolle som samarbeidspartnar for myndighetene for gjennomføring, av flyktningmottaket. Dei unngjekk å nemne den polskjødiske migrasjonen til Danmark trass i at dei var klar over den. Dermed

blei denne migrasjonen tidlegare omtala i norsk media som fortsette si rolle som informasjonsformidlar om det som skjedde i Polen. Slik bidrog dansk media til at det polskjødiske flyktningmottaket i Danmark blei vellykka, og mange kom, mens norsk media fortsette sin normale funksjon.

Frivillige hjelpeorganisasjonar var svært viktige aktørar for Noreg og Danmarks handtering av den jødiske emigrasjonen frå Polen. Det Norske Flyktningeråd og Dansk Flyktninghjelp var dei fremste hjelpeorganisjonane i desse landa si tilnærming til denne emigrasjonen. Det Norske Flyktningeråd samarbeidde med både staten, Det Mosaiske Trossamfund i Oslo og andre organisasjonar for å hjelpe dei polskjødiske flyktningane. Dette gjaldt både dei få som kom til Noreg, og andre flyktningar, eksemplifisert med innsamlinga til JDC sitt arbeid for desse. Det Norske Flyktningeråd spreidde innformasjon om flyktningane sin situasjon til myndigheiter, meinigheita og personar som engasjerte seg. Organisasjonen prøvde å påverke myndighetene til å ta inn polskjødiske flyktningar, både gjennom intern kommunikasjon og media. Mottaket av polskjødiske flyktningar blei langt mindre enn Det Norske Flyktningeråd skisserte i januar 1970. Det blei heller ikkje noko av organisasjonen si oppfordring om at ta inn ein del eldre polske jødar som hadde mista plassen på JDC-finansierte gamleheimar. Med midlar frå staten organiserte dei uttaket av austeuropæiske flyktningar frå flyktningeleirar, der nokre få var polske jødar i mai 1970. Trass at Det Norske Flyktningeråd var treige i starten og ikkje hadde full oversikt over situasjonen i mars og april 1969, gjorde organisasjonen ein betydeleg innsats for polskjødiske flyktningar. Denne innsatsen kunne ført til at fleire polskjødiske flyktningar kom til Noreg.

Der Det Norske Flyktningeråd la ned ein betydeleg innsats for dei polskjødiske flyktningane, gjekk Dansk Flyktninghjelp enda eit steg vidare. Dei var sterkt involverte gjennom heile prosessen med det store danske flyktningmottaket frå planleggingsfasen til integrering av flyktningane. Då den store pågangen av polskjødiske flyktningar hausten 1969 skapte logistikkproblem leigde dei det norske hotellskipet St. Lawrence til å innkvartere dei i København. Dansk Flyktninghjelps formann Isi Foighel, som sjølv hadde bakgrunn som jødisk flyktning, var den fremste pådrivaren for at Danmark skulle ta imot polskjødiske flyktningar. Han appellerte til Danmarks humanitære tradisjonar og at dei ikkje skulle gjentaka feila frå den restriktive politikken overfor dei tyske jødane på 1930-talet. Dansk Flyktninghjelp fekk med seg danske myndigheiter på denne tilnærminga. Den ekstraordinære innsatsen til Dansk Flyktninghjelp var ei viktig forklaring på kva som kan ha bidratt til at det kom langt fleire polskjødiske flyktningar til Danmark enn Noreg.

Dei to landa sine regjeringar og regjeringsapparat var naturleg viktige aktørar i spørsmålet om flyktningmottak. Den danske regjeringa bestemte seg som me har sett for å ta imot polskjødiske flyktningar på eit møte 25. februar 1969 og samarbeidde med andre aktørar om gjennomføringa. Den danske ambassaden i Warszawas visumfullmakt var berre mogleg med regjeringa si godkjenning. Det blei ikkje stilt nokre krav, eksempelvis til arbeidseigenskapar, til dei polske jødane for å komme til Danmark. Den danske regjeringa sin innsats i perioden 1968-1970 bidrog til at det kom mange polskjødiske flyktningar til landet.

Rolla til den norske regjeringa i perioden 1968-1970 i at det kom langt færre polskjødiske flyktningar til Noreg er kompleks. Som den danske regjeringa samarbeidde Noregs regjering nært med relevante organisasjonar for å hjelpe polske jødar, og med tanke på å få ein del av dei til landet. Den fremste av desse organisasjonane var Det Norske Flyktningeråd.

Regjeringa fekk med seg eit samråystes Storting på å gi betrakteleg støtte til organisasjonen. Dette var med tanke på inntak av austeuropeiske flyktningar, der av nokre polske jødar, våren 1970. Myndighetene sende den tidlegare omtala førespurnaden til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo. Då svaret blei negativt, blei det unaturleg for myndighetene å gå vidare med eit større organisert kvotemottak. Det lågaste estimatet på kor mange polskjødiske flyktningar som kom til Danmark i den aktuelle perioden, ligg på 2600. Ingen av tala som blei løfta opp verken i media eller UD sine arkiv tyder på at norske myndigheter ikkje nokon gong trudde eller planla at det kunne kome tal på høgde med dette. Det var heller ikkje mange polske jødar som uttrykte eit ønske om å komme til Noreg. Norske myndigheter sin innsats og initiativ kunne ha bidratt til at fleire polskjødiske flyktningar kom til Noreg, men neppe like mange som til Danmark.

### 6.3 Forskinsrefleksjonar

Vegen mot at det kom mange polskjødiske flyktningar til Danmark og få til Noreg var to svært samansette prosessar som tidvis kryssa kvarandre. Forskinslitteratur og kjeldemateriale gav store moglegeite til å forklare desse historiske hendingane. Forskinslitteraturen om hendingane i Polen og danske myndigheter sine reaksjonar gav eit overordna bilet.

Informant 1 sine beskrivingar viste korleis dette blei oppfatta på mikronivå av polske jødar som måtte velje om og kor dei skulle emigrere. Forskinslitteraturen om norsk innvandringshistorie og jødisk historie i Noreg frå 1945 til 1968 viste med kva bakgrunn hovudaktørane møtte den polske situasjonen. Kjeldemateriale viser korleis aktørar innan utanrikstenesta og Det Norske Flyktningeråd vurderte situasjonen fram til dei bestemte seg for å starte ein konkret prosess mot flyktningmottak på slutten av 1969. Informant 2 sine

beskrivingar viste korleis det blei reagert innan Det Mosaiske Trossamfund i Oslo då prosessen nådde dei.

Trass alle desse moglegheitene, er det også nokre grenser til å forklare desse hendingane. Enkelte av UDs arkivsamlingar hadde hol, noko som gjer at det ikkje kan utelukkast at enkelte dokument som kunne gitt enda klarare svar, er gått tapt. Slike hol kan forklara med at materiale kan ha blitt øydelagt, forsvunne, eller i nokre tilfelle aktivt fjerna av diverse grunnar. Intervjuobjekta fortalte om opplevingar over 50 år tilbake i tid, noko som skapar utfordringar rundt minne. Opplevingar er subjektive, og andre involverte kan ha tolka dei same hendingane annleis enn intervjuobjekta. I denne oppgåva har eg vist at kjedemigrasjon spelte ei viktig rolle. Utviding av kjeldemateriale er truleg nødvendig for å gjere ei fullstendig undersøking av denne rolla. Den største avgrensinga for moglegheita til å forklare hendingane i denne oppgåva, er at eg trass eit omfattande kjeldemateriale, saknar ei sentral kjelde, nemleg Det Mosaiske Trossamfund i Oslos styreprotokollar. Framtidige forskrarar som spissar seg inn på å berre undersøke kvifor det ikkje kom fleire polskjødiske flyktningar til Noreg, vil truleg gå i dei same stiane som meg. Dei vil vere avhengige av at styreprotokollane dukkar opp for å kunne gi enda fleire og klarare svar dersom dei berre spissar seg inn på leiruttaket i 1970.

## KJELDER

### UTRYKTE KJELDER

#### Riksarkivet i Oslo

**Mappe: AJDC (American Joint Distribution Committee): Polske jøder. Del av Det Norske Flyktningeråd, saksarkiv. Periode: 1969. RA/PA-1254/D/Db/L0064/0008:**

Bøe, Wilhelm S. Brev på vegne av Det norske Flyktningeråd til Johan Vogt. 10.04.69

Det Norske Flyktningeråd. Innkallingsliste til møte. 1969

Vogt, Johan. Brev til Det Norske Flyktningeråd. 27.03.69

Vogt, Johan. Brev til Sigurd Halvorsen. 09.04.69

**Mappe: ICEM: Innvandring til Norge. Del av Det Norske Flyktningeråd, saksarkiv.**

**Periode: 1966-1977. RA/PA-1254/D/Db/L0061/0006**

Mjeldheim, K. Brev på vegne av Wilhem S. Bøe (Det Norske Flyktningeråd) til Ken Summers (ICEM). 10.07.70

**Mappe: Innvandring av jøder. Del av Utenriksdepartementet, hovedarkiv, saksarkiv.**

**Periode: 1969-1970. RA/S-6794/D/Da/Dad/L3616/0002**

Alvegård, B. M. Skriv for den norske ambassaden i Warszawa. 04.12.69

Alvegård, B. M. Brev for den norske ambassaden i Warszawa til UD. 02.12.69

Berg-Nielsen, Christian. Fortrueleg melding for den norske ambassaden i Warszawa til UD. 08.09.69

Berg-Nielsen, Christian. Skriv for den norske ambassaden i Warszawa. 02.12.69

Bucher-Johannessen, Olav. Notat signert for UD. 5. politiske kontor. 03.09.69

Bucher-Johannessen, Olav. Notat signert for UD. 5. politiske kontor. 18.09.69

Bucher-Johannessen, Olav. Notat signert for UD. 5. politiske kontor. 29.12.69

Stenstad, Thineke. Signert for Det Norske Flyktningeråd. Brev til ambassaden i Warszawa. 04.12.69

UD 1. politiske kontor. Notat 11.04.69, med påskrift av UD 5. politiske kontor 22.04.69

UD 5. politiske kontor. Notat 12.11.69, med påskrift av UD 5. politiske kontor 16.12.69

**Mappe: Innvandring av jøder. Del av Utenriksdepartementet, hovedarkiv, saksarkiv.**

**Periode: 1970-1979. RA/S-6794/D/Db/Dbe/L4448/0003**

Berg-Nielsen, Christian. Brev for den norske ambassaden i Warszawa til UD. 29.05.70

**Mappe: Jødespørsmålet. Del av Utenriksdepartementet, saksarkiv. Periode 1963-1969.**

**RA/S-6794/D/Da/Daa/L0575/0001**

Ambassaden i Warszawa. Fortrueg melding til UD. 05.07.68.

Den norske ambassaden i Warszawa. Brev til UD. 06.07.68.

Halvorsen, Dag. Brev. Send fra Praha. 06.10.68.

Hedemann, Knut for den norske ambassaden i Stockholm. Brev til direktør i UD Ansteensen, Einar. 25.10.68

Ofstad, E.F. Notat signert for UD, Rettsavdelinga. 14.11.68

UD. 5. politiske kontor. 05.12.68. Notat.

**Mappe: Jødespørsmålet. Del av Utenriksdepartementet, hovedsaksarkiv. Periode 1970-1971. RA/S-6794/D/Db/Dbe/L4448/0003**

Berg-Nielsen, C. Brev for den norske ambassaden i Warszawa til UD. 26.02.70

**Saksarkiver Utenriksdepartementets hoveddarkiv. Perm: «Polske flyktninger» for perioden 1960-1970. RA/S-6794/D/Da/Dac/L2009/0007**

Statens Utlendingskontor. Brev datert til 18.02.1969

Statens Utlendingskontor. Brev datert til 25.02.1969

## **Oslo byarkiv**

**L0005 - Det Mosaiske Trossamfund. 1939-1986. OBA/A-11023/F/L0005**

Koritzinsky, Harry. Signert rekneskap for Jødisk Sosialnemnd for 1965. 31.12.65

Namnlause oversikt over garantiar i Den Norske Creditbank i Harry Koritzinskys privatarkiv  
07.10.63

## **Jødisk Museum i Oslo**

### **Det Mossaiske Trosamfund Korrespondansebrev:**

Bøe, Wilhem S. Brev på vegne av Det Norske Flyktningeråd til Harry Koritzinsky. 14.05.69

Koritzinsky, Harry. Brev til utanriksminister John Lyng. 22.05.68

Jødisk Studentklubb i Oslo. Brev. Datert til 1969 grunna arkivplassering

## **JDC arkiv**

Brev fra Theodore D. Feder, JDC i Genève til Samuel L. Harber, JDC i New York. 13.08.70

## **Intervju**

Intervju med polskjødisk flyktning (Informant 1) som kom til Noreg i 1969. 11.12.19

Intervju med person (Informant 2) fra det jødiske miljøet i Noreg. 02.03.20

## TRYKTE KJELDER

### **Stortingsmøte**

Stortingsmøte 21.05.1968. Link: [https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1967-68&paid=7&pgid=c\\_0456&psid=DIVL974&wid=a&vt=c&did=DIVL79](https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1967-68&paid=7&pgid=c_0456&psid=DIVL974&wid=a&vt=c&did=DIVL79) Last opp: 10.02.19

Stortingsmøte 30.05.1968. Link: [https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1967-68&paid=7&wid=a&psid=DIVL974&pgid=c\\_0672&vt=c&did=DIVL107](https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1967-68&paid=7&wid=a&psid=DIVL974&pgid=c_0672&vt=c&did=DIVL107)

Last opp: 09.02.19

Stortingsmøte. 20.03.1970. Link: [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1969-70&paid=7&wid=a&psid=DIVL953&pgid=b\\_0867&vt=b&did=DIVL161](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1969-70&paid=7&wid=a&psid=DIVL953&pgid=b_0867&vt=b&did=DIVL161) Last opp: 28.08.19

## **Norske aviser**

Aftenposten:

09.03.1968 Link:

<https://www.nb.no/items/7a218225921ba1c0456168306cdd078e?page=0&searchText=Lasta> Lasta  
opp: 21.04.20

27.01.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/2c7c2263bb3850d0255ac2b264f2f4e0?page=33&searchText=j%C3%88diske%20flyktninger> Lasta opp: 07.09.19

12.05.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/735ceb07d207610ee713e0dc37a09632?page=1&searchText=flyktninger> Lasta opp: 05.09.19

Arbeiderbladet:

15.06.1965

Link: <https://www.nb.no/items/acd5fbf3aa401c546445372f1ef73f40?page=1> HYPERLINK  
["https://www.nb.no/items/acd5fbf3aa401c546445372f1ef73f40?page=1&searchText=avspennin](https://www.nb.no/items/acd5fbf3aa401c546445372f1ef73f40?page=1&searchText=avspennin) g%20Polen%20Dag%20Halvorsen" & HYPERLINK  
["https://www.nb.no/items/acd5fbf3aa401c546445372f1ef73f40?page=1&searchText=avspennin](https://www.nb.no/items/acd5fbf3aa401c546445372f1ef73f40?page=1&searchText=avspennin) g%20Polen%20Dag%20Halvorsen"searchText=avspenning%20Polen%20Dag%20Halvorsen

Lasta opp: 08.05.20.

08.03.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/5e442fb5eb61e2a69a8e2b6dc4b63183?page=1&searchText=d> Lasta  
opp: 11.05.20

12.03.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/e0464c5c76a14b92418aeb7b779b123f?page=0&searchText=Polen>  
Lasta opp: 21.04.20.

13.03.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/08e8460b8c1118d0a1d5e7cb2d1f2ecf?page=0&searchText=Polen>  
Lasta opp: 21.04.20.

14.03.1968 Link:

<https://www.nb.no/items/d279f62fa4169af007ebe267c56af407?page=3&searchText=j%C3%88der> Lasta opp: 21.04.20.

26.03.1968 Link:

<https://www.nb.no/items/5d12149832a47e94ad0895f0b11b89cb?page=1&searchText=J%C3%88der>

Lasta opp: 18.10.19.

17.10.1968 Link:

<https://www.nb.no/items/e756d67d08533414f74bc50d4c7356b1?page=1&searchText=J%C3%88der>

Lasta opp: 17.10.19.

23.10.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/baa64ff19346b4e4adf364a6c0f3680d?page=23&searchText=Polen>

Lasta opp: 13.10.19.

12.06.1969 Link:

<https://www.nb.no/items/451ed6f025a61462141c7f0ce3322f73?page=23&searchText=j%C3%88der> Lasta opp: 21.04.20.

21.03.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/5d89b76155dc5a17cbf7dfa34e2b2b35?page=3&searchText=j%C3%88diske%20flyktninger> Lasta opp: 07.09.19.

21.05.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/bf470a400fd002c1748a0712a17b4594?page=7&searchText=polsk%20j%C3%88diske%20flyktninger> Lasta opp: 05.09.19.

Dagbladet:

12.03.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/db4f085c9fe49066262e568efe40d055?page=9&searchText=j%C3%88der> Lasta opp: 20.04.20.

31.05.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/fd359a4689997c622074b323f12ce073?page=1&searchText=Polen>

Last opp: 26.03.19.

11.05.1970. Link: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_dagbladet\\_null\\_null\\_19700511\\_102\\_106\\_1?page=21](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_dagbladet_null_null_19700511_102_106_1?page=21)

Last opp: 07.09.19.

Morgenbladet:

26.01.1970. Link: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_morgenbladet\\_null\\_null\\_19700126\\_152\\_21\\_1?page=0](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_morgenbladet_null_null_19700126_152_21_1?page=0)

Last opp: 05.09.19.

27.01.1970 Link: [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_morgenbladet\\_null\\_null\\_19700127\\_152\\_22\\_1](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digavis_morgenbladet_null_null_19700127_152_22_1)

Last opp: 07.09.19.

Nationen:

11.05.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/1211ff3928124f007de1cd0f76401ba3?page=11&searchText=flyktning>

Last opp: 05.09.19.

VG:

09.03.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/ee453c333d0b759e1e34e90017727648?page=3&searchText=>

Last opp: 21.04.20.

31.05.1968. Link:

<https://www.nb.no/items/0c2ee4d93f01b590a3a6f4e26ecf6a55?page=1&searchText=Polen>

Last opp: 26.03.19.

03.03.1969. Link:

<https://www.nb.no/items/467ebcd436cf73f509324f4ee97ca9c?page=0&searchText=j%C3%88der%20polen>

Last opp: 13.04.20.

28.05.1970. Link:

<https://www.nb.no/items/d1942e75f17d9177a9e8b9699a06a90e?page=1&searchText=j%C3%88diske%20flyktninger>

Last opp: 05.09.19.

## **Danske aviser**

Aktuelt

12.03.1968. Link:

[http://www2.statsbiblioteket.dk/mediestream/avis/record/dom\\_aviser\\_page%3Auuid%3Aa88623ff-3b09-4b01-9fdd-7d9013087f0b/query/Polen](http://www2.statsbiblioteket.dk/mediestream/avis/record/dom_aviser_page%3Auuid%3Aa88623ff-3b09-4b01-9fdd-7d9013087f0b/query/Polen) Lasta opp: 22.04.20.

13.03.1968 Link:

[http://www2.statsbiblioteket.dk/mediestream/avis/record/dom\\_aviser\\_page%3Auuid%3A6b576958-ae37-438b-b348-7a07bbf3f0a3](http://www2.statsbiblioteket.dk/mediestream/avis/record/dom_aviser_page%3Auuid%3A6b576958-ae37-438b-b348-7a07bbf3f0a3/query/j%C3%B8der/page/dom_aviser_page%3Auuid%3A6b576958-ae37-438b-b348-7a07bbf3f0a3) Lasta opp: 22.04.20.

## **Nettaviser**

NTB. «*Polens president beklager jødeforfølgelsene i 1968*». Publisert og oppdatert: 08.03.18.

Link: <https://www.rbnnett.no/ntb/utenriks/2018/03/08/Polens-president-beklager-j%C3%B8deforf%C3%B8lgelsene-i-1968-16242089.ece> Lasta opp: 23.03.19.

## LITTERATURLISTE

Biografisk informasjon

Academica. «*Dariusz Stola*». Link: <https://pan-pl.academia.edu/DariuszStola/CurriculumVitae> Lasta opp: 20.11.19.

American Jewish Joint Distribution Committee. «*About us*». Link: <https://www.jdc.org/about/> Lasta opp: 10.01.20.

Bergkvist, Johanne. «*Urmakeren som klarte å flykte*». Link:

<https://www.dagsavisen.no/oslo/urmakeren-som-klarte-a-flykte-1.1654072> Publisert: 29.01.20  
Lasta opp: 31.03.20.

Bivand Erdal, Marta. «*The Lifelong Peace Advocate: A Portrait of Marek Thee (1918–1999) by Marta Bivand Erdal*». Link: <https://blogs.prio.org/2019/06/the-lifelong-peace-advocate-a-portrait-of-marek-thee-1918-1999-by-marta-bivand-erdal/> Publisert: 19.06.19. Lasta opp: 08.02.20

Breivik Pettersen, Øyvind. «*Dagsavisen*». Link: <https://snl.no/Dagsavisen> Sist oppdatert: 30.03.20. Lasta opp: 22.04.20.

Clark, Bill. «*COPD Pioneer and Advocate Passes Away : Vlady Rozenbaum*». Link:  
<https://www.copdfoundation.org/COPD360social/Community/Questions-and-Answers/COPD-Pioneer-and-Advocate-Passes-Away-Vlady-Rozenbaum.aspx> Publisert: 19.10.15. Lasta opp: 27.03.20.

Det Mosaiske Trossamfund i Oslo. «*Det Mosaiske Trossamfund - DMT - blir til i 1892*». Link:

[http://www.dmt.oslo.no/no/joder\\_i\\_norge/historie/frem\\_til\\_1900/Det+Mosaiske+Trossamfund++DMT++blir+til+i+1892.9UFRjK4R.ips](http://www.dmt.oslo.no/no/joder_i_norge/historie/frem_til_1900/Det+Mosaiske+Trossamfund++DMT++blir+til+i+1892.9UFRjK4R.ips) Lasta opp: 09.01.20

Det Jødiske Samfund i Danmark. «*Om oss*». Link: <https://mosaiske.dk/om-djs/> Lasta opp: 30.04.20.

Flyktninghjelsen. «*Om Flyktninghjelsen*». Link: <https://www.flyktninghjelsen.no/om-oss-2/> Lasta opp: 09.01.20.

Forlaget Press. «*Oskar Mendelsohn*». Link: <https://fpress.no/forfattere/oskar-mendelsohn> Lasta opp: 21.11.19.

Hansen, Michael (seinaste forfattar). Originale forfattarar: Nissen, Henrik S. og Brandt, Ulrik. «*Isi Foighel*». Link:

[http://denstoredanske.dk/Danmarks\\_geografi\\_og\\_historie/Danmarks\\_historie/Danmark\\_efter\\_1945/Isi\\_Foighel](http://denstoredanske.dk/Danmarks_geografi_og_historie/Danmarks_historie/Danmark_efter_1945/Isi_Foighel) Sist oppdatert: 11.09.13. Lasta opp: 10.02.20

IOM. «*IOM History*». Link: <https://www.iom.int/iom-history> Lasta opp: 27.02.20

Jødisk Informations Center. «*Jødiske Flyktninge i Danmark*». Link:

<https://joediskinfo.dk/artikler/jodiske-flygtninge-i-danmark> Lasta opp: 20.01.20

Kjølås, Harald. «*John Lyng*». Utdrag frå Harald Kjølås: Norske statsministrar, Det Norske Samlaget 1999. Redigert med digital einerett etter avtale med Det Norske Samlaget 2012. Først publisert: 12.03.12. Sist oppdatert: 11.0.13. Link:

<https://www.allkunne.no/framside/biografiar/l/john-lyng/95/3704/> Lasta opp: 14.02.19

Kjølås, Harald. «*Trygve Bratteli*». Utdrag frå Harald Kjølås: Norske statsministrar, Det Norske Samlaget 1999. Redigert med digital einerett etter avtale med Det Norske Samlaget 2012. Først publisert: 01.03.12. Sist oppdatert: 12.06.13. Link:

<https://www.allkunne.no/framside/biografiar/b/trygve-bratteli//85/3686/> Lasta opp: 14.02.19

Langslet, Lars Roar. «*John Lyng : Samarbeidets arkitekt*». 1989. Cappelen. Oslo.

Lund, Anne K. «*Nekrolog: Christian Berg-Nielsen*». Link:  
<https://www.aftenposten.no/personalia/i/3qed/nekrolog-christian-berg-nielsen> Publisert: 02.03.16 Last opp: 01.04.20.

Lyng, John. «*Mellan øst og vest. Erindinger 1965-1968*». Oslo. 1976.

Melchior, Bent. «*Så vælg da livet*». Palatino, NB PrePress, København. 1997.

NRK. «*Dag Halvorsen er død*». Link: <https://www.nrk.no/norge/dag-halvorsen-er-dod-1.4071598> Publisert: 17.11.07 Last opp: 22.04.20.

Religion.dk. «*Machsike Hadas*». Link: <https://www.religion.dk/leksikon/machsike-hadas> Last opp: 26.04.20.

Tangestuen, Mats. «*Synagogen som levde i 21 år*». Link:  
<https://www.jodiskmuseumoslo.no/bygningens-historie> Last opp: 27.04.20.

Videnskab DK. «*Garbi Schmidt*». Link: <https://videnskab.dk/author/author/299> Last opp: 13.12.19.

Oppslagsverk, omgrepssforklaring og statistikk  
Borgen Gjerde, Åsmund. «*Antisionisme*». Link: <https://snl.no/antisionisme> Sist oppdatert: 08.01.18. Last opp: 23.04.20.

Braut Simonsen, Kjetil. «*Antisemittisme*». Link: <https://snl.no/antisemittisme> Sist oppdatert: 29.03.19. Last opp: 23.04.20.

CIA. «*Organization and Operation of the PZPR (Polish United Workers Party)*». Link:  
<https://www.cia.gov/library/readingroom/document/cia-rdp82-00046r000300330008-4> Publisert: 29.04.54. Last opp: 18.04.20.

Knoema. «*Historical GDP per Capita by Country – Statistics from the World Bank*». Link:  
<https://knoema.com/jesoqmb/historical-gdp-per-capita-by-country-statistics-from-the-world-bank-1960-2018> Last opp: 11.04.20.

Nasjonalbiblioteket. Søk etter «Jødiske flyktninger» i Arbeiderbladet tidsavgrensa til 1968.  
Link:

[https://www.nb.no/search?q=j%C3%BCdiske%20flyktninger&mediatype=aviser&series=%22Arbeiderbladet%20\(Oslo\)%22&fromDate=19680101&toDate=19681231](https://www.nb.no/search?q=j%C3%BCdiske%20flyktninger&mediatype=aviser&series=%22Arbeiderbladet%20(Oslo)%22&fromDate=19680101&toDate=19681231)

Last opp: 16.10.19.

Nasjonalbiblioteket. Søk etter «Jødiske flyktninger» i Dagbladet tidsavgrensa til 1968. Link: <https://www.nb.no/search?q=j%C3%88diske%20flyktninger&mediatype=aviser&series=dagbladet&fromDate=19680101&toDate=19681231> Last opp: 22.10.19.

Nasjonalbiblioteket. Søk etter «Polen» i Arbeiderbladet tidsavgrensa til 1968. Link: [https://www.nb.no/search?q=Polen&mediatype=aviser&series=%22Arbeiderbladet%20\(Oslo\)%22&fromDate=19680101&toDate=19681231](https://www.nb.no/search?q=Polen&mediatype=aviser&series=%22Arbeiderbladet%20(Oslo)%22&fromDate=19680101&toDate=19681231) Last opp: 16.10.19.

NAV. «*Historisk statistikk om arbeidsmarkedet*». Link: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/statistikk/arbeidssokere-og-stillinger-statistikk/historisk-statistikk> Publisert: 01.12.19. Sist endra: 20.02.20 Last opp: 12.04.20.

Pons, Silvio og Service, Robert. «*A Dictionary of 20th-Century Communism*». 2010. Princeton University Press.

Populationpyramid. «*Denmark 1970*». Link: <https://www.populationpyramid.net/denmark/1970/> Last opp: 14.04.20.

Populationpyramid. «*Norway 1970*». Link: <https://www.populationpyramid.net/norway/1970/> Last opp: 14.04.20.

Rusiniak-Karwat, Martyna. «*Fifth column*». For Museum of History og Polish Jews Polin. Link: <https://marzec68.sztetl.org.pl/en/slowo/piata-kolumna/> Last opp: 25.03.20.

Røed, Knut. «*Den selvforsterkende arbeisledigheten - Om hystereseffekter i arbeidsmarkedet*». Rapporter fra Statistisk sentralbyrå 93/19. Statistisk sentralbyrå Oslo-Kongsvinger. 1993 Link: [https://www.ssb.no/a/histstat/rapp/rapp\\_199319.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199319.pdf) Last opp: 12.04.20.

Smarte Penger. «*Inflasjonsberegning*». Link: <https://www.smartepenger.no/kalkulatorer/939-inflasjonskalkulator> Sist oppdatert: 10.02.20 Last opp: 15.02.20.

Statistisk sentralbyrå. «*Utvikling av medlemstall i Den norske kirke. 1970-2012. Absolutte tall og andel*». Link: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norge-ets-sekulaert-samfunn?tabell=164130> Last opp: 11.04.20.

UNESCO. «*LEARNING TO LIVE TOGETHER*». Link: <http://www.unesco.org/new/en/social-and-human-sciences/themes/international-migration/glossary/migrant/> Last opp: 23.01.18.

UNCHR. «*What is a refugee?*». Link: <https://www.unhcr.org/afr/what-is-a-refugee.html> Last opp: 15.04.20.

## FORSKINGSLITTERATUR

### Tidsskrift

Lorenz, Einhart. Historisk tidsskrift, 2006, B. 85, nr 1, pp.133-136. Link: [https://www-idunn-no.pva.uib.no/file/pdf/33218527/ht\\_2006\\_01\\_pdf.pdf](https://www-idunn-no.pva.uib.no/file/pdf/33218527/ht_2006_01_pdf.pdf) Last opp: 21.11.19.

### Bøker og artiklar

Andresen, Astri, Rosland, Sissel, Ryymä, Teemu, Skålevåg, Svein Atle. «*Å gripe fortida – Innføring i historisk forståing og metode*» 2. utgåve. 2015. Det norske samlaget, Oslo.

Blobaum, Robert. «*Antisemitism and its Opponents in Modern Poland*». Dariusz Stola (red.) Ithaca og London. Cornell University Press. 2005. Side 283-299.

Brochmann, Grete, Kjeldstadli, Knut. «*Innvandringen til Norge 900-2010*» (Oslo: Pax 2014) - ISBN: 9788253035932.

Castles, Stephen, Haas, Hein De. & Miller, Mark J. «*The Age of Migration: International Population Movements in the Modern World*.» 5. utgåve. Hounds mills: Palgrave Macmillan. 2014.

Corell, Synne. 2000. «*Vårt lille plaster på krigens sår. Norges mottak av jødiske «displaced persons» og arbeidere mellom 1946 og 1950*». Hovedoppgave i historie, Universitetet i Oslo våren 2000.

Dahl, Izabela og Lorenz, Einhardt. «*Jødene i Polen*». HL-Senteret. 2009. Link: <https://www.hlsenteret.no/aktuelt/publikasjoner/digitale-hefter/pdf/hl-temahefte-5---dahl-izabela---lorenz-einhart---jodene-i-polten.pdf>

Gorniok, Lukasz. «*Swedish refugee policymaking in transition? Czechoslovaks and Polish Jews in Sweden, 1968-1972*». Doctoral Dissertation Department of Historical, Philosophical and Religious Studies Umeå University Umeå 2016.

Gansinger, Simon. «*Communists Against Jews: the Anti-Zionist Campaign in Poland in 1968*». Link: <http://fathomjournal.org/communists-against-jews-the-anti-zionist-campaign-in-poland-in-1968/> Publisert: Hausten 2016. Last opp: 30.04.19.

Głuchowski, Leszek W. og Polonsky, Antony. «*1968, forty years after*». Jerzy Eisler og Włodzimierz Rozenbaum (red.). Oxford, UK: Littman Library of Jewish Civilization. 2009. Side 37-50, 62-92.

Grimnes, Ole Kristian. «*Flukten til Sverige*». Link: <https://www.norgeshistorie.no/andre-verdenskrig/artikler/1753-flukten-til-sverige.html> Publisert: 25.11.15. Sist oppdatert: 02.12.19. Lasta opp: 05.02.20.

Grønning Lie, Fredrik. ««*En håndsrekning til øst*» - Norske myndigheters holdninger til og reaksjoner på Rapacki- og Gomulka-planen, 1957-1965». Masteroppgave ved Institutt for arkeologi, konservering og historie. Universitetet i Oslo. Våren 2014.

Herf, Jeffrey. «*Anti-Semitism and Anti-Zionism in Historical Perspective: Convergence and Divergence*». Delkapittel av: Jeffery Herf og Shulamit Volkov (red.). Shulamit. Routledge. 2007. Side x, 41.

Hurle, Jakob. «*The Polish-Jewish emigration of 1968 and their view of Poland*». Link: <https://www.marxists.org/subject/jewish/1968-poland.pdf> Lasta opp 14.01.19.

Kjeding Banik, Vibeke. «*Neste år i Jerusalem? Sionisme blant de norske jødene i mellomkrigstiden*». Masteroppgåve. 2007. Det humanistiske fakultet. Universitet i Oslo. Publisert av HL-Senteret.

Kjeding Banik, Vibeke. «*Solidaritet og tilhørighet – Norske jøders forhold til Israel 1945-1975*». Doktoravhandling. 2009. Det humanistiske fakultet. Universitet i Oslo.

Mendelsohn, Oskar. «*Jødenes historie i Norge gjennom 300 år*». 1912-1993. 2. utg. Oslo: Universitetsforlag. 1986.

Pinkus, Benjamin. «*The Jews of the Soviet Union – The History of a National Minority*». New York, New Rochelle, Melbourne, Sydney. Cambridge University Press. 1989.

Rosenfeld, Alvin H. «*Anti-Zionism and Antisemitism – The Dynamics of Delegitimization*». Delkapittel av Simon Gansinger og James Wald (red.). Indiana University Press. 2019. Side 3-4, 341-362.

Rømming, Ellen. «*De norske jødenes skjebne*». Link: <https://www.hlsenteret.no/utstillinger/permanent-utstilling/de-norske-jødenes-skjebne-under-andre-verdenskrig.html> Publisert: 11.12.18. Sist oppdatert: 01.11.19. Lasta opp: 04.02.20.

Schmidt, Garbi. «*Nørrebroers Indvandringshistorie 1885-2010*». Museum Tusculanum Forlag. 2015. Tilgjengeleg elektronisk:

[https://books.google.no/books?id=Q\\_hgCwAAQBAJ&pg=PA226&lpg=PA226&dq=j%C3%98rrebroerne+fra+polen+i+danmark+1968&source=bl&ots=pi5Qoq2cgR&sig=ACfU3U3v3SXX%20g4\\_NxdSvpsmKYcaOZRi0xQ&hl=no&sa=X&ebook=y](https://books.google.no/books?id=Q_hgCwAAQBAJ&pg=PA226&lpg=PA226&dq=j%C3%98rrebroerne+fra+polen+i+danmark+1968&source=bl&ots=pi5Qoq2cgR&sig=ACfU3U3v3SXX%20g4_NxdSvpsmKYcaOZRi0xQ&hl=no&sa=X&ebook=y) Lasta opp: 15.08.19.

Smedegaard Pedersen, Rikke. «*”Jøders flykt fra ufred i Polen til fristed i Danmark” - en undersøgelse af de polsk-jødiske flygtninge 1969-73*». Kandidatspeciale. Avlevert: Desember 2005.

Staar, Richar F. «*Elections in Communist Poland*». Midwest Journal of Political Science. Vol. 2, No. 2. Mai 1958. Publisert av: Midwest Political Science Association. Link: <https://www.jstor.org/stable/2108857> Lasta opp: 17.04.20.

Starnawski, Marcin. «*Historically conscious cosmopolitans: Jewish identity and the ‘68 generation of polish Jews in exile*» East European Jewish Affairs. 32:2, 1-24. 2002. Link: <https://doi.org/10.1080/13501670208577972>

Stola, Dariusz. «*Anti-Zionism as a Multipurpose Policy Instrument: The Anti-Zionist Campaign in Poland, 1967-1968*». The Journal of Israeli History, 25:1, 175-201, DOI: 10.1080/13531040500503021. 2006. Link: <https://doi.org/10.1080/13531040500503021>

Stola, Dariusz. «*Jewish emigration from communist Poland: the decline of Polish Jewry in the aftermath of the Holocaust*». East European Jewish Affairs. 47:2-3, 169-188, DOI: 10.1080/13501674.2017.1398446. 2017. Link: <https://doi.org/10.1080/13501674.2017.1398446>

Tamnes, Knut og Eriksen, Knut Einar. «*Norge og NATO under den kalde krigen*». Henta frå: NATO 50 år. Norsk sikkerhetspolitikk med NATO gjennom 50 år. ISBN 82-90161-61-1. Den Norske Atlanterhavskomit . 1999.

Vekony Olsen, Heidi Cecilie. «*Utforming og gjennomf ring av norsk humanit r hj lp etter oppr ret i Ungarn, 1956-1957*». Masteroppg ave i historie. Universitet i Oslo. Institutt for arkeologi, konservering og historie. Haust 2016.

Ulvund, Frode. «*Nasjonens antiborgere. Forestillinger om religi se minoriteter som samfunnsfiender i Norge, ca 1814-1964*». Oslo. Cappelen Dam Akademisk. 2018.